Utskrift av Blakstadforretningen av 8de juni 1825 vedkommende grændsen mellem Male og Venås forevistes. Ifølge denne går grændsen fra vest mot øst efter den såkaldte Ræveløk. Fra Ræveløken indover myrene til Herskarelven var beskrivelsen ugrei untagen i et punkt,et gammalt + i søndre spids av den såkaldte Malestøl.

De mødende fra Male kunde godkjende en linje,der går fra Ræveløken omtrent i O.S.O. retning over det nævnte + og derfra i samme retning over en rund haug i myren østenfor Lina Venås's indmark og videre i samme retning over Kirkeremmen til Herskarelven. Denne linje kunde ikke helt ud aksepteres av Venåsmændene, idet de påviste en linje der går fra Ræveløken over nævnte + i Malestølen,over nordre ende av foran nævnte haug og videre derfra i samme retning over Kirkeremmen til Herskarelven. Da dife-

Kartverket
Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

rencen var så ubetydelig,anmodet formanden partene om at forlike sig om linjen uden at dette lykkedes. Begge parters påstande blir derfor at avlægge på kartet.

På vestre kant av utskiftningsfeltet går grændsen mot Sunde m.fl.gårde efter en linje som begynder på Lyngholmen og går derfra efter sorenskriver Møllers beskrv. av 25de mai 1824 til midt over Sandstølen og derfra i retning på en stor + hugget sten ved foden av søndre Brauten midt i Herskarelven,til grændsen skjærer Rævløken.

Mod sydøst støder utskiftningsfeltet til Venås og videre mot sydvest til samme grændse.

Mod øst begrændses feltet av Malefetens indmark og den omtvistede grændse mot Hustad og videre mot denne eiendom sydover efter Herskarelven til grændsen skjærer grændsen mot Venås.

Mot nord støder utmarken til de i Blakstadforretningen nævnte torvmoseteiger,mot Haugnesbrugene m.fl. indmarker samt til sjøen og ligeledes til indmarken i Vigene.

Kart optages over såvel utmark som indmark og detaljeres i fornøden utstrækning.

Omkostningerne i anledning dette møte er:

---------- Tilsammen kr. 111,73

som betaltes av:	Markus Johansen	kr.	18,62
	Jørgen Johansen	"	18,62
	Ole Ingebrigtsen	"	18,62
	Peder Emil Male	"	18,62
	Erik Matias Malefeten		18,62
	Bendik Malefeten	"	18,63
	Tilsammen	Kr.	111,73

Da det intet mere var at forhandle før kartlægningen var utført blev forretningen utsat på ubestemt tid. Protokollen oplæstes,der fremkom ingen bemerkning til det protokolerede.

Kartverket Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

O.J.Hunnæs Andr. B.Stavik Jonny J.Gule

År 1935 den 25de april blev utskiftningsrett satt i Vikan bedehus under ledelse av utskiftningsformann I.Aarseth og forøvrig bestående av utskiftningsmændene De herrer gårdbrukerne Andreas B.Stavik og Ole P.Haukås,begge av Fræna. ---------- Begge utskiftningsmænd hadde tidligere deltatt i offentlig utskiftning og således enten avlagt den lovbefalte ed eller forsikring, og såvel disse som formanden erklærte at de var i saken uinteresserte og med dens parter uforbundne. - Utskiftningslandmåler Skare var på innkaldelse tilstede.

Dette møte var i henhold til gitt tillatelse fra Landbruksdepartementet av 22de dec. 1934 kunngjort på den for innkaldelse til storskifter pg.107 i lov om utskiftning m.v. av 13de mars 1882 foreskrevne måte.

I anledning herav fremlagdes:

1. Skrivelse fra Det kgl. Landbruksdepartement av 22de dec. 1934 hvori er gitt tillatelse til å la utskiftningen over utmarken til gårdene Malefeten og Male gr.no 20 og 21 i Hustad herred Møre Fylke kunngjøre på den for innkaldelse til storskifter i pg. 107 i lov om utskiftning m.v. av 13de mars 1882 foreskrevne måte og med den der bestemte varselsfrist.
2. Et exempl. av Norsk Kunngjørelsestidende nr. 23 for mandag 28de jan. dette år,hvori innkaldelsen til dette møte er inntatt.
3. ----------
4. ----------
5. ----------
6. Skrivelse fra P.A.Brennholm av 4de febr. 1935 hvori meddeles at innkaldelse til dette møte er oppslått på følgende steder:

a. På Hustad i Markus Farstads butikk.

b. På Askevåg i Markus Bendiksens butikk.

Kartverket
Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

c. På Vikan i M.Brændholms butikk.

d. På Ersholmen (Berset) i P.L.Bersets butikk.

Hvor da foretokes:

Den fra 15de mai 1923 utsatte utskiftningsforretning over utmark til gårdene Malefeten og Male gr.no 20 og 21 i Hustad herred.

Følgende eiere møtte: ----------

Av tilstøtende møtte: ----------

På tilspørsel hadde ingen av de møtende noget å bemerke til det formelle ved dette møtes innvarsling.

Administrator fremla de i 1923 optagne karter over Male og Malefetens utmarker samt et kopikart over det samme felt.

Nogen bemerkning til kartene fremkom ikke.

Med hensyn til innkaldelse for de efterfølgende sesioner i denne forretning blev det bestemt, at der av formannen skulle utferdiges opslag som blir å anbringe på følgende steder. Et i M.Brændholms butikk i Vikan, et på posthuset samme steds og et på Askevåg i Markus Bendiksens butikk. Oppslagene blir å besørge opslått av en av rekvirentene og så betimelig at den lovlige varselsfrist blir iakttatt. (6 dage)

Retten i forening med de møtende parter fra Sunde og Male med flere gårde begav sig derefter på befaring av grenselinjen mot Sunde. Efter endel overlegning blev parterne herunder enige om at linjen mellem Sunde på den ene side og Male m.fl.gårde på den anden skulle gå fra en gammel nedsatt bytesten stående i et skar op for Soløyvågen og i rett linje til nedsatt sten på Sandstølen. Den rette linje mellem disse to faste punkter blir å forlenge til sjøen i Soløyvågen.

Retten avsa derefter enstemmig sådan

Kjendelse:

Den foran beskrevne og omforenede linje på den anførte strekning bestemtes til grenselinje mellem Sunde på den vestlige

Kartverket Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

side og Male m.fl. gårde på den østlige.

Eierne på Sunde forbeholdt sig de i Blakstadforretningen av 1825 anførte eventuelle slåtterettigheter som skulle ligge innen Male m.fl. gårdes utmark og som tidligere har tilhørt Sunde. Grensen for disse slåtteretter blir senere å påvise av parterne, og forbeholder retten sig da å bestemme om nevnte retts avløsningsmåte og værdi.

I.Aarseth Andr. B.Stavik Ole P.Haukås

Den 26. april fortsattes forretningen med samme personale. Tvisten om grenselinjen mot Hustad tokes op til behandling. I den anledning var det bestemt møte ved Knipaløken med eierne fra Hustad og Male m.fl. gårde, og avgav følgende møte: ---

---

I henhold til beslutning i første sesjon vedkommende denne forretning var begge parters påstande om grenselinjen mellem de her nevnte gårde avlagt på kartet og blev nu igjen forevist parterne i marken.

Retten avsa derefter enstemmig sådan

Kjendelse:

I.Aarseth Andr.B.Stavik Ole P.Haukås

Den 27. april fortsatte utskiftningsforretningen med samme retspersonale. Møtet var henlagt til Venås og holdtes i Lina Venås's hus og var følgende tilstede: ---

Der forhandledes om en tvist angående grensen mellem Venås på den ene side og Male m.fl. gårde på den anden.

Efter en del forhandling blev parterne enige om at grensen mellem de her nevnte gårde skulle trekkes i rett linje fra

Kartverket
Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

Reveløken over en uomtvistet + i berg ved veien til Skarset til et punkt som lå 30 m nord for det av Male under kartoptakelsen påståede (beliggende på en liten haug vest for Kirkeremmen), og videre i samme retning til Herskarelven.

Linjen blir senere å avmerke i marken på reglementert måte.

I.Aarseth Andr.B.Stavik Ole P.Haukås

Mandag den 29de april fortsattes forretningen med samme personale.

Følgende interesserte møtte: ----------

Man påbegyndte arbeidet med opgåelsen av de i Blakstadforretningen under 9de juni 1825 beskrevne grenser såvel mellem hospitalbrukene innbyrdes,som grensen mellem disse og selveierne.

Efter at de foskjellige punkter i beskrivelsen var iakttatt og diskutert på de foskjellige steder i marken, og de tilstøtende linjers parter hadde uttalt sig,blev samtlige linjer av utskiftningsretten derefter avlagt på det tilstedeværende oversiktskart (kopikart).

Da dette var gjort, blev de interesserte parter igjen kaldt sammen til et møte i Fredrik Males hus, og møtte følgende: Markus I.Male, Markus J.M., Fredrik Male, Jørgen J.M., Steffen B.M., Steffen A.Male for sin svigerdatter, Peder Emil Male, Ole Hansen, Martin Skutholm, Oskar A.Haugnes og Johan O.Haugnes for sin far Ole Johan T.Haugnes, og P.A.Brennholm.

Kartet hvorpå de av utskiftningsretten avlagte grenser var påført,blev forevist og forklaret.

Efter endel forhandling og overveielser enedes samtlige møtende parter om å godta som forlikslinjer de foran av utskiftningsretten påførte grenser hver for sine teige.

Retten derefter enstemmig avsa sådan

Kartverket Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

Kjendelse:

De av partene vedtagne forlikslinjer såvel mellem de i Blakstadforretningen betegnede hospitalbruk,som mellem disse og selveierne beskrevne linjer skal gå således som nu avlagt på kartet.

I tilfelle påanke fra nogen part må dette ske innen 3 - tre måneder fra kjendelsens forkyndelse.

I.Aarseth Andr.B.Stavik Ole P.Haukås

Den 30.april fortsatte forretningen med samme rettspersonale. ---------- Derefter holdtes møte med eierne fra Male og Hustad i Ingebrikt Malefetens hus,og var følgende tilstede: ----------

Det protokollerte oplestes,og på tilspørgsel hadde ingen noget å bemerke til det forhandlede eller protokollerte.

Samtlige møtende ærklærte at de anså de oplest'e kjendelser som sig lovlig forkyndt ved oplesningen nu idag den 30te april 1935.

De møtende fra Hustad oplyste at følgende eiere fra denne gård ikke avgav møte: ----------

I.Aarseth Andr.B.Stavik Ole P.Haukås

Den lste mai fortsatte forretningen med samme personale. Møte med opsitterne i Vikan holdtes i bedehuset dersteds, og følgende interesserte møtte: ----------

Det protokollerte oplestes,og på tilspørgsel hadde ingen noget å bemerke til det forhandlede eller protokollerte.

Samtlige møtende erklærte at de anså de opleste kjendelser som sig lovlig forkyndt nu idag den lste mai 1935.

Om eftermiddagen holdtes møte på Male i Fredrik Torstensens hus. Da intet mere nu kunde foretakes førend fristene for

Kartverket
Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

de avsagte kjendelser var utløpet, blev forretningen utsatt på ubestemt tid og til foretakelse som bestemt under første møte i denne session.

Omkostningsberegning over de ved dette møte påløbne omkostninger blev opsatt.Disse er:

Møtets kostende tilsammen		kr. 223,91
Beløpet betaltes foreløbig således:		
Jørgen J.Male	kr.	18,75
Markus J.Male	"	18,75
Markus I.Male	"	18,75
Ingebrigt Malefeten	"	25,00
Erik Matias Malefeten	"	25,00
Fredrik T.Male	"	25,00
Ingvald I.Male	"	12,50
Steffen B.Male	"	15,00
Hilmar B.Male	"	10,00
Ole Hansen	"	25,00
Birger Gule	"	11,41
Tilsammen		kr. 223,91

Følgende interesserte fra Male møtte: ----------

Protokollen oplestes,og på forespørgsel hadde ingen noget å bemerke til det protokollerte eller forhandlede.

I.Aarseth Andr.B.Stavik Ole P.Haukås

År 1950,den 4. august, vart Romsdal utskiftingsrett sett i Vikan bedehus på garden Male, gnr. 21 i Hustad herad. Retten vart styrt av utskiftingsformannen i Romsdal, Peder Vik, og var elåes ihopsett av utskiftingsmennene, bøndene Hans Fr.Farstad og feltstyrar Randulf Gjelsvik, begge frå Hustad.

Mennene hadde gjort teneste som utskiftingsmenn,og sa ifrå

Kartverket Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

at dei var uskylde og ubundne til partane.

Feltstyrar Gjelsvik er 1.varamann,og møter istaden for utskiftingsmann Iver O.Kjørsvik, som etter det opplyste står i så nær verskyldskap til parten Ole Løkø at ugildskap er tilstades.

Landmålar Ingvald Harvold var møteskrivar og teknisk hjelpar.

Vart førehatt sak nr. 31a/1921, framhald med utskiftinga i utmarka til gardane Malefeten og Male, gnr. 20-21 i Hustad, den tenesta som vart utsett 1. mai 1935.

Desse møtte: ----------

Utskiftingsformannen la fram

tidsetting 20.juni 1950 med påskrift den 24.s.m.frå heradsdomaren i Romsdal, og han nemner opp nye utskiftingsmenn etter serføresegnene om storskifte;

utskrift frå rettsboka til Romsdal heradsrett:Dom 7.juli 1938 i sak Johan Skarseth o.fl.mot Markus Male o.fl. i grensetvist mellom Hustad og Malegardane;

utskrift frå Frostating Lagmannsrett med avvisingsdom 14. mars 1949 i same saka;

innkalling til utskiftingsmøte er teken inn i Romsdals Budstikke for 21.juni 1950 og vart elles etter avtale på møtet 25.april 1935 slegen opp på butikkane til Markus Farstad,Hustad, Markus Bendiksen, Askevåg, N.Brennholm, Vikan og Vikan posthus. Elles var det oppslag i huset til P.L.Bergset, Ersholmen.

Formannen spurde om nokon meinte at formannen eller utskiftingsmennene stod i noko ugildskapshøve til saka eller partane. Ingen gjorde nokor motsegn imot korleis retten var ihopsett.

Utskiftingskarta vart synte fram. Det er nå meir enn 25 år sia kartet vart teki så det skal til eit større arbeid med å få det a jour, og nya oppatt merkinga som vart gjort i marka. Formannen meldte frå at dette tekniske arbeid lyt bli unnagjort før

Kartverket
Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

bonitering og verdsetjing i torvland og fastmark tek til. ----
---

Etter middag hadde retten saman med menn frå Male o.fl. gardar markfaring.

Utskiftingsrettæn heldt fram med tenesta og då i huset til Edvard Heimen på Male. Utskiftingstenesta har vorte meiningslaust seinka,og det har i denne 25 års bolken blitt tekne åtgjerder og kome opp tvistemål eller flokar som det nye rettspersonale vil få store vanskar med å løyse.

Formannen la fram desse skriv:

Melding i brev 13. juli frå sorenskrivaren i Romsdal at Finansdepatementet med brev frå 11.juli 1950 har annulera ei skyldskifting frå 8. mai 1948 for bnr. 65 på Male, og at skylda, mark 0,25, er ført attende til bnr. 1.

Brev 16/7 og 4/8 d.å. frå Sigurd Lindset,og han protesterar mot avgjersla i departementet og krev at bruket vert tilbytt rettar etter dokumenta.

Brev 20.juli 1950 frå P.A.Brennholm om same saka og skyldhøvet for parsellen Nordheim,bnr. 41 på Male.

Skriv 4. juli 1950 frå O.r.sakførar H.Chr.Parelius for eigaren til bruket Male,bnr. 3, Steffen B.Male, om skiftingsgrunnlaget.

Skriv 4. august 1950 frå Johan,Sivert og Anna Gammelsæter, og dei seier at Gammelsæteren har tangstrand i utskiftingsfeltet. Dei krev at retten med tørkeplassar og åtkomstvegar vert haldne oppe.

Etter der som til nå er kome fram finn ikkje retten å kunne ta stode til desse påstander. Det nye rettspersonale har til no ikkje høyrt utsegner frå fleire av dei partane som sakene gjeld, og kjenner elles lite til dei faktiske omstende.

Hans Myren gav inn til utskiftingsretten søknad 3. august om å få kjøpe eit stykke jord i tillegg til eigedomen sin, Myren søndre.

Kartverket Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

Om kvelden var det møte i Male bedehus, og desse partane var tilstades: ----------

Desse skriva vart opplesne:

Melding i brev 13.juli frå sorenskrivaren i Romsdal om annulering av skyldskifte.

Brev 16/7 og 4/8 d.å. frå Sigurd Lindset der han protesterar mot annuleringa.

Brev 20.juli 1950 frå P.A.Brennholm.

Skriv 4.juli 1950 frå H.Chr.Parelius.

Fru Magda brennholm flidde utskiftingsretten brev,dagsett 3.august 1950,frå o.r.sakførar Odd Lassen om skiftingsgrunnlaget for gnr. 21 bnr. 41,Nordheim. Jfr. brev 20.juli 1950 frå P.A.Brennholm. Skrivet frå o.r.sakføraren vart opplese.

Utgiftene med dette møte o.a:

---------- Tilsaman kr. 75,00

som vart betalt såleis:

Bendik Malefeten bet.	kr.	7,50
Erik M.E.Malefeten	"	7,50
Edvard Heimen	"	7,50
Steffen B.Male	"	7,50
Steinar A.Male	"	7,50
Anders O.Male	"	7,50
Paul Ingebrigtsen	"	7,50
Jørgen O.J.Male	"	7,50
Olette og Trygve Male	"	7,50
Markus J.Male	"	7,50
Tilsaman	kr.	75,00

alt mot attbetalingar etter byting seinare.

Utskiftinga utsett fredag den 4.august 1950.

Protokollen opplesen. Korkje utskiftingsmennene eller partane gjorde nokon merknad til sakstyring eller protokollførsle.

Kartverket
Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

Rettsmøtet slutt.

Peder Vik H.Fr.Farstad Randulf Gjelsvik

År 1951, 11.juni, vart Romsdal utskiftingsrett atter sett i bedehuset på garden Male, gnr. 21 i Hustad herad.

Retten vart styrd av utskiftingsformannen i Romsdal, Peder Vik, og elles ihopsett av utskiftingsmennene, bøndene Hans Fr. Farstad og feltstyrar Randulf Gjelsvik, begge frå Hustad. Mennene sa ifrå at dei framleies var uskylde og ubundne til partane.

Landmålar Harvold var møteskrivar og teknisk hjelpar.

Vart halde fram med sak 31a/1921, utskifting på utmarka til gardane Malefeten og Male, gnr. 20-21 i Hustad, den tenesta som vart utsett 4. august 1950.

Frå gardane Male og Malefeten møtte: ----------

Sidan augustmøtet i året som gjekk har landmålar Harvold saman med menn på Male nya oppatt merkinga ute i marka, og han har kompletera utskiftingskartet.

Retten sa ifrå at viktugaste tenesteærendet nå blir å bonitere og verdsette marka som skal bli skifta. Før på dagen har retten hatt åstadfaringar ute i lendet. Formannen gjorde greie for verdsettingsmåten,og partane hadde ordet.

Opplese og godkjent. Møtet slutt.

Peder Vik Randulf Gjelsvik H.Fr. Farstad

Dagane 12-16.juni heldt utskiftinga på Malefeten og Male fram med same rettspersonale som dagen før. Retten greidde med bonitering og verdsetjing ute i marka, så langt det gjeld sjølve grunnen, og gjorde unna det meste av boniteringsarbeidet og synfaringane. Det vert teke unna å prøve nærare verdsetjingsgrunnlaget, gjere omboniteringar og elles ha føre emne som heng saman med dette tenesteærend. - Tenester ein ikkje kunne koma ifrå fører til at utskiftinga må bli utsett. ----------

Kartverket Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

Utgiftene som har kome på:

---------- Tilsaman kr. 261,00

Laurdag 16. juni hadde retten møte med partane i Male bedehus. Då møtte: ----------

Formannen gav melding om det som til nå er gjort ute på arbeidsmarka.

Utgiftene vart bytte såleis:

Markus Male	bet. kr.	24,-
Steffen "	" "	24,-
Jørgen "	" "	24,-
Peder "	" "	24,-
Trygve "	" "	24,-
Edvard Heimen	" "	24,-
Anders O.Male	" "	24,-
Bendik Malefeten	" "	24,-
Matias -"-	" "	24,-
Steinar Male	" "	21,-
Ingvald "	" "	12,-
Birger Gule	" "	12,-

Partane betalte kvar for seg.

Utskiftinga utsett den 16/6 1951. Protokollen opplesen. Korkje menn eller partar gjorde nokon merknad til saksstyringa eller bokførsle. Rettsmøtet slutt.

Peder Vik H.Fr.Farstad Randulf Gjelsvik

År 1953,den 1.juni, vart Romsdal jordskifterett sett i bedehuset på Male. Jordskiftedomar Asbjørn Sæbø var formann i retten, og Hans Fr.Farstad og feltstyrar Randulf Gjelsvik var jordskiftemenn. Jordskiftelanmålar Ingvald Harvold var tilstades.

Alle i retten var uskylde med partane og fullt handleføre i det sakemnet som då låg føre:

Kartverket
Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

Framhald av jordskiftet i utmarka på Malefeten, Male og fleire gardar, gnr. 20,21,26 og 27 i Hustad herad. Sak nr. 31ª/1921.

Desse møtte frå gnr. 20: ----------

Frå gnr. 21 møtte: ----------

Frå gnr. 26 møtte: ----------

Frå gnr. 27 møtte desse: ----------

Frå gnr. 28,bnr. 9 ----------

Formannen sa ifrå om at jordskifteretten i tida føre den 12. juni vil bonitere det som enno er ubonitert i skiftefeltet, og han gjorde kjent at det skal vere nytt møte mellom retten og partane på same staden den 12. juni,kl.16.

Deretter gav han ordet fritt.

Hans Myren heldt då fram at hans bruk må få utmarkseiga si lagt attåt innmarka så godt som det let seg gjere, og at det same laut gjelde for Jørgen Myrbø og Oskar Johansen sine bruk,som han møtte for etter fullmakt.

Ingen andre bad om ordet, og partane fekk gå ifrå møtet.

Deretter la formannen fram og las opp skriv til jordskifteretten frå overrettssakførar Jørgen Olafsen-Holm. Skrivet er ei utforming av dei påstandene som oppsitjarane av gnr. 26, Brennholmen med Vikane, og gnr. 27, Skutholmen, gjer om rettane sine i jordskiftet på Male m.fl.gardar.

Av omsyn til at jordskiftemann Randulf Gjelsvik i dagane 2-4. juni må vere tilstades under direktør J.Heggelund-Smith sin inspeksjon på bureisingsfelt i Hustad og Frøna, og elles for at ein kan få høve til å ta utdrag av ymse heimelspapir som eigarane leverte i retten i dag, vart jordskiftet utsett til fredag den 5. d.m. kl. 9.

Møtet kostar:

---------- I alt kr. 60,00

Kartverket Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

som vert å leggje til kostnaden for neste møte.

Møtet slutt den 1. juni 1953.

Asbjørn Sæbø H.Fr.Farstad Randulf Gjelsvik

Den 8.juni 1953,kl.9, vart Romsdal jordskifterett sett på Male. Asbjørn Sæbø var formann i retten. Hans Fr.Farstad og Randulf Gjelsvik var jordskiftemenn. Alle var habile i det som då låg føre til handsaming: Framhald av jordskiftet i utmarka på Malefeten, Male, Brennholmen og Skutholmen, gnr. 20,21,26 og 27 i Hustad herad.

Etter rettsboka for møtet den 1. juni 1953 skulle retten setjast den 5. juni, men attpå fleire dagar med regn og kuling var veret enno så gale om kvelden den 4.juni, at formannen fann det rettast å setje ut saka til den 8. juni.

Skyldsetting og skylddeling.

Sigurd Lindset skreiv den 16. juni 1951 til utskiftingsformann Peder Vik og bad om å få skyldsett ca. 100 dekar jord som han hadde kjøpt av svigerfar sin, Fredrik T.Male, enno medan han åtte Male, gnr. 21,bnr. 1.

Skyldsetting.

Edvard Heimen,som eig gnr. 21,bnr. 1, Male i Hustad, har ved kontrakt av 4. juni 1953 selt ei byggetomt til Johan Asbø. Seljar og kjøpar har bedt om å få tomta skyldsett av jordskifteretten. ----------

Band på bruksrett.

Frå i dag og så lenge jordskiftet varer, har ingen rett til å ta mold innanfor grensene til det nye bruket Tunheim.

Alle som har rett til å ta mold på bnr. 1, og som vil bruke retten sin i den nemnde tida, skal ta molda austanfor austgrensa for bruket Tunheim.

Deretter tok jordskifteretten til med bonitering, og det

Kartverket
Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

arbeidet heldt ein på med til fredag den 12. juni, kl. 13.

Partane var kalla inn til jordskiftemøte i Male bedehus den 12.juni 1953, kl. 16. Desse møtte:----------

---

Formannen gjorde partane kjende med at ein no er mest ferdig med boniteringsarbeidet i jordskiftefeltet. Det står berre att å bonitere noko brenntorv i Vikane, men det vil retten gjere den 13. juni, og kostnaden med det restarbeidet vert derfor rekna inn i rekneskapen i dag.

Deretter vart ordet gjeve fritt.

Overrettssakførar H.Chr.Parelius møtte for bnr. 63 Soltun, eigar Sigfred Nerland. Han bar fram eit lengre innlegg om rettane ät bnr. 63, og leverte 8 sider med utførlege påstander.

Martin Myren bad om at jordskifteretten skulle leggje ut dyrkingsjord til Myren nordre.

Kostnader:

Skyldsetting av Tunheim:----------

Skyldsetting av Bergheim: ----------

Jordskiftearbeidet: ---------- I alt kr. 490,00

Etter pålegg vart dette betalt mot utlikning seinare av:

Markus J.Male	kr.	40,-
Steffen Male	"	30,-
Paul B.Male	"	20,-
Jørgen Male	"	50,-
Peder Male	"	50,-
Trygve Male	"	50,-
Edvard Heimen	"	50,-
Anders O.Male	"	50,-
Bendik Malefeten	"	50,-
Matias Malefeten	"	50,- og
Steinar Male	"	50,-

Kartverket Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

Ingen gjorde nokon merknad til rettsboka som vart opplesa av formannen.

Rettsmøtet med partane slutt den 12. juni 1953.

Asbjørn Sæbø. Hans Fr.Farstad. Randulf Gjelsvik.

Jordskiftet på Malefeten og Male m.fl. gardar heldt fram den 13. juni, kl. 8.

Jordskifteretten boniterte resten av jordskiftefeltet, og deretter vart jordskiftet utsett på uviss tid den 13. juni 1953.

Asbjørn Sæbø Hans Fr.Farstad Randulf Gjelsvik

Den 4.november 1953, kl. 9, vart Romsdal jordskifterett sett i bedehuset på Male. Jordskiftedomar Asbjørn Sæbø var formann i retten. Hans Fr.Farstad, Julshamn, og feltstyrar Randulf Gjelsvik, Hustad, var jordskiftemenn. - Jordskiftelandmålar Ingvald Harvold var tilstades.

Alle i retten var habile til å gjere tenest i det som då låg føre: Framhald av sak nr. 31ª/1921, jordskifte i utmarka på Malefeten, Male, Brebbholmen og Skutholmen, gnr. 20,21,26 og 27 i Hustad herad.

Møtet var gjort kjent gjennom oppslag i samsvar med vedtaket den 25. april 1935, og på oppslaga stod det at alle som rekna med at dei har eigedom eller rett til nokoslag bruk i jordskiftefeltet, vart kalla inn for at dei skulle setje fram og grunngi krava sine.

Desse møtte: ----------

Desse var ikkje tilstades: ----------

Bendik I.Malefeten sa ifrå om at det no er han som eig gnr. 20,bnr. 5. Anders Nygård fortalde at det no er Jørgen A.Nygård som eig Stemsros,gnr. 21,bnr.29. Elles vart det opplyst at Sverre Indergård eig gnr. 21,bnr. 25.

Kartverket
Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

Ein gjekk deretter over til å tale med partane om kva slag rettar, eigedoms- eller bruksrettar, dei einskilde gardane og bruka har i skiftefeltet.

Formannen las opp av ei utskrift frå Blakstad-utskiftinga om eit vedtak i møte på Gammelsæter den 3. juni 1825. Plassemennene i Vikane, og mellom dei eit par mann som åtte plassane sine, fekk då rett til beite for eit visst kutal, og rett til å spa torv til husbruk, alt for ei viss årleg betaling.

På spørsmål frå formannen sanna Ole Løkø at gardane Brennholmen og Skutholmen ikkje har krav på meir enn det som Blakstad-utskiftinga nemner.

Ein må seinare prøve å finne ut kva bnr. dei gamle plassane i Vikane har no, og om så er, kva bruk som seinare er skilt ut ifrå dei same plassane. Først når det er gjort, kan retten ta stode til kor mykje beite og brenntorv det vil falle på kvart bruk no.

Deretter gjekk ein gjennom rettane åt kvart einskilt bruk på Malefeten og Male etter ei liste som formannen hadde gjort notater i frå heimelspapira åt bruka, og elles vart dei som skal ha beite etter fødnad spurt om kor mange dyr dei har no av kvart slag.

Dette møtet kostar:

---------- I alt kr. 90,70

Desse eigarane betalte dette mot rett utlikning seinare:

Sverre Male	betalte kr.		10,00
Trygve Male	-"-	"	10,70
Peder P.Male	-"-	"	10,00
Ingvald Male	-"-	"	10,00
Fru Anna Heimen	-"-	"	10,00
Steinar Male	-"-	"	10,00
	Før over	kr.	60,70

Kartverket Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

	Overført	kr. 60,70
Anders O.Male	betalte	" 10,00
Erik M.Malefeten	-"-	" 10,00
Bendik I.Malefeten	-"-	" 10,00
		kr. 90,70

Formannen las opp rettsboka. Ingen gjorde nokon merknad.

Jordskiftet vart deretter utsett på uviss tid den 4. november 1953.

Asbjørn Sæbø Randulf Gjelsvik Hans Fr.Farstad

Den 14. juni 1954 tok Romsdal jordskifterett sæte i huset hans Fredrik O.Myren i Vikan i Romsdal for å halde turvande skjønn i høve av at Hustad kommune, etter kongeleg ~~resolusjon~~ resolusjon av 20. november 1953, har fått løyve til å oreigne bykselbruket hans Fredrik O.Myren frå gnr. 21 i Hustad herad til bate for Fredrik O.Myren.

Jordskiftedomar Asbjørn Sæbø styrde skjønnet, og jordskiftemennene i jordskiftet på Malefeten, Male og fleire gardar i Hustad, sak nr. 31a/1921, Hans Fr.Farstad og Randulf Gjelsvik, var skjønnsmenn.

Skjønnstenesta var gjort kjend gjennom oppslag i Vikane og i Askevåg på same måte som det er gjort vedtak om for tillysing av jordskiftemøte elles.

Desse møtte: Ordføraren i Hustad, Harald Håland, og desse eigarane frå gnr. 21, Male: Edvard Heimen for bnr. 1, Steffen B.Male for bnr. 3, Markus Male for bnr. 34, Trygve Male for bnr. 21, og Peder P.Male for bnr. 10.

Jordskiftedomaren la fram:

1. Gjenpart av kongeleg resolusjon av 20.november 1953, og han las opp den.
2. Krav av 29.desember 1953 frå Hustad kommune ved ordføraren

Kartverket
Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

om at saka skal verte fremja.

3.Kart av jordskiftefeltet på Malefeten,Male og fleire gardar.

Ordførar Håland bad om at det bruket som vert oreigna skal få den innmarka som bykselbruket har hatt, og elles beiterett i utmarka, brenntorv og nausttuft.

Med omsyn til beitet heldt Markus Male fram at det nye bruket bør få eit avgrensa stykke til det. Han ottast for at bruket kunne kome til å få formykje beitemark dersom det skulle få etter skyld.

I den kongelege resolusjonen frå 20.november 1953 er det sagt at bykselbruket hans Fredrik O.Myren skal oreignast ifrå garden Male, men det er ikkje sagt noko om kva for eine bruksnummer det er som skal gi ifrå seg bykselbruket. Jordskifteretten finn at ein i denne oreigninga bør fylgje den same regelen som er fylgt i oreigningskjønnet på Male (Vikane) den 15.-17. juni 1942, slik at bykselbruket vert å ta ifrå ~~x~~ bnr. 1,3,6,7,8,9,10,21,34,35 og 36 på Male.

For stengde dører heldt jordskifteretten deretter slikt

Skjøn.

Omframt innmarka på bykselbruket Myren finn retten at dei bruka som er nemnde ovanfor,skal gi ifrå seg til Hustad kommune: Beiterett i utmarka i samsvar med den skylda som bykselbruket kjem til å få, brenntorvmyr og nausttuft.

Innmarka er med på jordskiftekartet, og ho er der merkt med bon.nr. 1016-1020 og 1189-1190. Grensemerka for innmarka skal verte sette når dei nye grensene elles vert sette i jordskiftefeltet.

I jordskiftet skal bruket også få merkt ~~mk~~ eit høveleg stykke med brenntorv. For brenntorven skal Hustad kommune betale etter takst og skjønn seinare i jordskiftet. I mellomtida skal det nye bruket ha rett til å spa torv mot vanleg betaling til eigarane.

Kartverket Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

Nausttomta skal liggje omkring Fredrik O.Myren sitt naust på kartfigur nr. 1108. I nord rekk ho til ei line som tek til i sjøen og går parallell med enden på naustet og 3 m frå naustveggen. På austsida av naustet rekk tomta til ei line som er parallell med veggen der, og som ligg 5 m frå veggen. Denne lina ender i sør i den nøre lina for nausttomta åt bnr. 49. Denne nye nausttomta skal merkjast i jordskiftet.

For det nye bruket skal Hustad kommune betale kr. 1500,- femten hundre kroner,- og elles for brenntorven omframt.

Betalinga for dette bruket skal delast mellom eigarane - eller panthavarane - av dei nemnde bruka på Male i samsvar med den matrikkelskylda som bruka deira har i dag.

Skjønnet kostar:

---kr. 85,80

Skjønnet vart deretter gjort kjent ved at formannen las opp rettsboka. Ordførar Håland var tilstades. Han gjorde ingen merkndad.

Kostnaden vart betalt av ordførar Håland.

Skjønnet slutta den 14.juni 1954.

Asbjørn Sæbø H.Fr.Farstad Randulf Gjelsvik

Jordskiftet på Malefeten,Male,Brennholmen og Skutholmen heldt fram i bedehuset på Male den 15. juni 1954. Jordskiftedomar Asbjørn Sæbø var formann i jordskifteretten, og Hans Fr.Farstad, Julshamn, og Randulf Gjelsvik, Hustad, var jordskiftemenn. Alle i retten var habile.

Jordskiftemøtet var gjort kjent gjennom oppslag på Male, i Askevåg og i Vikane. Desse lotteigarane møtte: ----------

---

Formannen las opp rettsboka frå møte i denne saka den 28. april 1935. Boka syner at grunneigarane då var samde om

Kartverket
Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

at dei bytelinene som prokurator Blakstad sette i 1825 skulle gjelde som eigedomsgrenser for dei såkalla hospitalbruka i dette jordskiftet. Retten og partane gjekk den same dagen opp linene i marka, linene vart teikna inn på ein kopi av kartet, og retten gav deretter orskurd for at linene skal gå slik som dei er innteikna.

No er tilhøvet at det var selt mykje jord i Vikane føre året 1935, og seinare er det oreigna mange bruk der, men endå den jorda som gjennom tidene har vorte selt, ligg i dei teigane som bnr. 3 og bnr. 8 fekk i jordskiftet i 1825, har både dei gamle sjølveigarbruka på Male og hospitalbruka der selt ilag og delt pengane nett liksom det heile var full sameige. Desse jordsala har så ført til at ein i dei oreigningane som er gjort etter 1935 også har teke jorda frå alle dei gamle bruka på garden, og delt pengane mellom dei, utan omsyn til den semja som eigarane gjorde det året.

Retten idag er merksam på at dei mange jordsala i Vikane vil leggje store vanskar i vegen for eit rett skiftegrunnlag, og det vart halde fram for partane, at dei bør gå med på å skifte etter gammal skyld slik at ein kan sjå bort ifrå dei mange mellomrekneskapane som ein elles må bruke, og som det elles på ingen måte går an å få rett.

Det vart gitt dei som var tilstades forslag til slik semje om skiftegrunnlaget: Av den sameiga som sjølveigarbruka på Malefeten og Male har i jordskiftefeltet,skal Malefeten ha lut etter gammal skyld, Resten av denne sameiga vert deretter å slå ihop med den marka som hospitalbruka eig, til eit fullt sameige, som deretter - og etter at den jorda som er selt i Vikane er rekna ifrå - vert å dele etter gammal skyld mellom sjølveigarane og hospitalbruka på Male.

Edvard Heimen,Markus Male,Peder P.Male,Sverre Male, Ole I. Male for Trygve Male,Steffen B.Male,Ludvik Skutholm og Erik Ma-

Kartverket Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

tias Malefeten sa seg viljuge til å skrive under ei slik semje.

Steinar Male ville skrive under dersom han kunne få lovnad om å få igjen 300 da av gamleteigen sin,men det kunne retten ikkje love han.

Anders O.Male ville ikkje skrive under. Han ville i alle fall først sjå kor mykje bruket hans kjem til å få etter ei slik semje.

Deretter sette Steffen B.Male fram krav om at dersom det ikkje vert skift etter skyld,vil han ha vederlag i jord hos dei andre/gamle grunneigarane på Male for deira lut av av det som er selt i teigen åt bnr. 3 i Vikane. Han heldt elles fram at den dyrka jorda som er seld må setjast opp i boniteringsverdi i høve til den udyrka jorda i skiftefeltet. Han hadde skrive om dette til jordskifteretten den ~~x~~ 21.oktober 1953, og formannen la fram og las opp det brevet, og la det attåt dei andre dokumenta i saka.

Samrøystes vedtak.

Dersom skiftegrunnlaget vert noko anna enn gammal skyld dei gamle bruka imellom, skal eigarane av dei teigane frå Blakstad-jordskiftet som det er gjort sams jordsal ifrå, ha vederlag i jord hos dei andre seljarbruka, og då til ein verdi som kan verte opp til 3 gonger så stor som den boniteringa som ligg føre idag, gir uttrykk for.

Dette møtet kostar.

---------- Kr. 63,00

Kostnaden vart betalt førebels av:

Anders O.Male	kr.	10,00
Steffen B.Male	"	10,00
Sverre Male	"	10,00
Peder P.Male	"	10,00
Før over	kr.	40,00

Kartverket
Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

Overført kr. 40,00

Steinar Male ..... " 10,00

Trygve F.Male ..... " 10,00

Erik Matias Malefeten ..... " 3,00

Kr. 63,00

Formannen las opp rettsboka.Tilstades då var dei partane som er nemnde ovanfor sånær som Ludvik Skutholm.Ingen gjorde nokon merknad til rettsboka.

Møtet slutta den 15.juni 1954.

Asbjørn Sæbø H.Fr.Farstad Randulf Gjelsvik

Ar 1955,den 1.mars,vart Romsdal jordskifterett sett på Romsdal jordskiftekontor i Molde.

Formann i retten:Jordskiftedomar Asbjørn Sæbø.

Jordskiftemenn: 1.Feltstyrar Randulf Gjelsvik,Hustad.

2.Gardbrukar Lars Hol,Aureosen.

Gardbrukar Lars Hol møtte som varamann for Hans Fr.Farstad, som er død sidan det var møte sist i den saka som ein heldt fram med på dette møtet:

Sak nr. 31ª/1921,jordskifte på Malefeten,Male og fleire gardar i Hustad.

Jordskiftemennene sa ifrå om at dei ikkje stod i slike høve til saka eller partane som dei som er nemnde i §§ 106 og 107 i lova om domstolane.

Lars Hol hadde ikkje vore jordskiftemann før,og han skreiv derfor under

Lovnad.

Eg lovar at eg,både i denne saka og i alle sakene i framtida, vil gjere arbeidet mitt som jordskiftemann årleg og med truskap.

Lars Hol.

Etter at retten hadde dryft kor mykje boniteringsverdi ein skal

Kartverket Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

rekne med for kvart av dei kubeita som eigarane i Vikane fekk bruksrett til i jordskiftet i 1825,vart det gjort slikt

vedtak:

Under arbeidet med skifteplanen vert det førebels å rekne med at det i medeltal vert gitt 50 ar boniteringsverdi for kvart av dei kubeita som er nemnde ovanfor,men dette vedtaket skal ikkje binde retten dersom ein finn grunn til å endre talet.

Dette møtet kostar.

---------- kr. 115,40

Heile kostnaden er førebels betalt av jordskiftedomaren.

Retten vart deretter oppløyst den 1.mars 1955.

Asbjørn Sæbø Randulf Gjelsvik Lars Hol

År 1955,den 1.juni,tok Romsdal jordskifterett sæte i bedehuset på Male og heldt fram med sak nr. 31ª/1921,jordskifte i utmarka på Malefeten og Male,gnr. 20 og gnr. 21 i Hustad herad.

Formann i Retten:Jordskiftedomar Asbjørn Sæbø.

Jordskiftemenn:Gardbrukarane Lars Hol,Aureosen,og Harald J.Stavik,Tornes.

Lars Hol var varamann for jordskiftemann Hans Fr.Farstad, som er død no,og Harald J.Stavik var oppnemnd for dette møtet, i samsvar med § 9 i jordskiftelova, istaden for jordskiftemann Randulf Gjelsvik,som har vore ute for ei ulukke. Sjå brevkort frå Gjelsvik om det,datert den 19.i månaden som gjekk.

Lars Hol gav lovnad i samsvar med § 11 i jordskiftelova den 1.mars 1955,og Harald J.Stavik skreiv idag under slik

Lovnad.

Eg lovar at eg,både i denne saka og i dei jordskiftesakene som eg kjem til å gjere tenest i seinare,vil gjere arbeidet mitt ærleg og med truskap.

Harald J.Stavik

Jordskiftemennene sa ifrå om at dei ikkje stod i slike

Kartverket
Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

høve til saka eller til partane i skiftefeltet,som dei som er nemnde i §§ 106 - 108 i lova om domstolane,men Harald J.Stavik nemnde at kona hans er farsøster til Henning Stavik,som nyleg har fått heimel på eit bruk på grannegarden Hustad. Grensa mot Hustad er grei etter dom i Romsdal heradsrett den 7.juli 1938, og denne skyldskapen hindrer såleis ikkje Harald J.Stavik ifrå å vere jordskiftemann på Male og Malefeten. I skifteplanen er det rekna med ei grenseregulering mot Hustad,og dersom ein finn at grensa bør endrast,og at det må skje imot partane sitt ynskje, må Harald J.Stavik vikje sæte for ein annan jordskiftemann.

Formannen sa deretter ifrå om at det var sett lovleg jordskifterett.

Jordskifteassistent Hans P.Vikhagen var tilstades.

Sidan begge jordskiftemennene var ukjende med dette jordskiftet,tala formannen om korleis saka har vorte handsama frå inkaminasjonen til idag. Deretter la han fram ~~kartet~~ jordskiftekartet med innteikna forslag til skifteplan,og assistent Vikhagen peika på kvar dei ymse bruka ville få jordeiga si etter forslaget.

Jordskifteretten og assistent Vikhagen for deretter på synfaring i skiftefeltet,og ein granska forslaget til skifteplan langsmed vegen til brua på Venås,langsmed vegen til Vikane,i området mellom Vikane og Sandstølane,og i den nøre luten av skiftefeltet,mellom bnr. 64 og elva Rugga.

Deretter sette ein ut saka til den 2.juni,kl. 9.

Jordskiftet på Male og Malefeten heldt fram i bedehuset på Male den 2.juni 1955.Retten var ihopsett av dei mennene som gjorde tenest dagen i førevegen.

Møtet var gjort kjent gjennom oppslag i samsvar med vedtak om det den 25.april 1935.

Desse møtte frå gnr. 20,Malefeten:

Bendik I.Malefeten for bnr. 1 og bnr. 5,Erik Matias Malefe-

Kartverket Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

ten for bnr. 3 og bnr. 4,og Ludvik Johs.Skutholm for bnr. 2.

Frå gnr.21,Male,møtte:

Edvard Heimen for bnr.1,Anders A.Hagen for bnr. 2,Steffen B.Male for bnr. 3, Johan O.Haugnes for bnr. 4,5 og 35, Steinar A.Male for bnr. 6, Anders O.Male for bnr. 7, Paul Ingvald Male for bnr. 8, Sverre Male for bnr. 9, Peder Sigv.Male for bnr.10, Anders O.Remmen for bnr. 14, Anders O.Hagen for bnr. 17, Øyvind Brennholm for bnr.18, Anders Nygård for Johannes Nygård som eig bnr. 19, Jørgen Myrvang for Alma T.Male som eig bnr. 20, Trygve Male for bnr. 21, Hans Knutsen Male for bnr. 22, Hans H. Lysaker for bnr. 23, Bernhard Åsbø for bnr. 28, Oskar A.Haugnes for bnr. 31 og bnr. 32, Markus J.Male for bnr. 34, Paul E.B.Male for bnr. 36, Sigurd Lindset for bnr. 41 og bnr. 71, Lauritz L.Hagen for bnr. 44, Martin Myren for bnr. 49, Oskar J.Stranden for bnr. 53, Trygve P.Vikene for bnr. 59, og Sigfred Nerland for bnr. 63. Leander Johansen møtte for det bruket som er oreigna for Fredrik Myren.

Desse møtte frå gnr. 26,Brennholmen:

Øyvind Brennholm for bnr. 1, Olav Nygård for bnr. 6, Peder Johnsen Lervik for bnr. 8, Trygve P.Vikene for bnr. 12, og Nils Solheim for bnr. 16.

Frå grannegarden Hustad møtte J.O.Skarset,Markus O.Hustad og Harald Lindset.

Frå grannegarden Gammelsæter møtte Johan Gammelsæter.

Eigarane av desse gardane og bruka var ikkje tilstades:

Male,gnr. 21, bnr. 11-13,15,16,24-29,33-39,42,45,48,50-52, 54-58,60,62,64 og 68.

Brennholmen,gnr. 26,bnr. 2-5,7,9,11 og 12.

Skutholmen,gnr. 27,bnr. 1-5.

Sundet,gnr. 28,bnr. 1 i Bud herad.

Formannen peika på at gardbrukar Lars Hol var 2.varamann i denne saka,og at han no møtte som jordskiftemann istaden for

Kartverket
Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

Hans Fr.Farstad,som er død. Elles sa han ifrå om at 1.varamann, Randulf Gjelsvik,som har møtt som jordskiftemann før,har vore ute for ei ulukke,og at gardbrukar Harald J.Stavik derfor var kalla til jordskiftemann for dette møtet i samsvar med § 9 i jordskiftelova.

Formannen bad partane om å seie ifrå dersom dei meinte at jordskiftemennene var ugilde etter §§ 106-108 i lova om domstolane. Ingen svara på det.Det var sett lovleg jordskifterett.

Deretter spurde formannen om dei som møtte frå Hustad var viljuge til å gå med på ei grenseregulering mellom den garden og skiftefeltet i samsvar med ei line som var teikna inn på kartet. Dei svara at dei kunne ikkje gå med på ei slik regulering av omsyn til den brenntorven som dei då ville misse,og med det fekk dei gå ifrå møtet.

Formannen orienterte deretter dei som var tilstades om skiftegrunnlaget. Han la fram jordskiftekartet med innteikna forslag til skifteplan,og assistent Vikhagen rettleidde partane om kvar ein hadde tenkt at jordeiga deira skulle få plass.

Eigaren av bnr. 63,Sigfred Nerland,protesterte mot skifteplanen for det bruket.Han heldt fram at den teigen som bnr. 63 ville få etter forslaget var forliten til vederlag for beiterett, moldrett og brenntorv,og at teigen kom til å liggje forlangt ifrå innmarka på bruket. Han sette fram krav om å få teigen i samband med innmarka på bruket,og han leverte eit brev frå overretssakførar H.Chr.Parelius til jordskifteretten om det same. I brevet krev sakføraren at bnr. 63 og bnr. 14 må få vederlag for beiteretten sin av den jorda som Sigurd Lindset har kjøpt av bnr. 1 og dyrka til innmark på bnr. 71,og han bed om at jordskifteretten si avgjerd i dette spørsmålet må verte sett til påanke straks. Brevet vart lagt attåt dei andre dokumenta for jordskiftet.

Om ettermiddagen var retten og assistent Vikhagen i Vikane og rettleidde partane der om kvar dei nye grensene ville kome

Kartverket Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

til å gå i terrenget. Omframt dei partane som var tilstades frå Vikane på møtet føre middag,var Hans Myren og Oskar Johansen Stranden tilstades då. Då ein var ferdig med synfaringa der, vart saka utsett til den 3.juni,kl. 8^{30}.

Jordskiftet på Malefeten og Male heldt fram den 3.juni. Jordskifteretten og assistent Vikhagen gjekk då over resten av skiftefeltet ilag med partane og peika,så godt som det var råd, ut kvar grensene for dei ymse teigane ville gå i terrenget etter planforslaget.

Då ein var ferdig med synfaringa og hadde høyrt innvendingane frå partane,vart saka utsett til den 4.juni, kl.9.

Den 4.juni 1955 heldt jordskiftet fram med dei same mennene i retten. Ein brukte dagen til å gå igjennom dei innvendingane som var reiste imot planen,og til å drøfte kva endringar ein kunne gjere.

Deretter vart saka utsett til den 6.juni 1955,kl.9. Under synfaringane vart det gitt partane melding om at dei skal møte i bedehuset på Male då.Elles vart det sett opp oppslag om det på butikken i Vikane den 2.juni.

Asbjørn Sæbø Harald J.Stavik Lars Hol

Den 6.juni 1955 heldt jordskiftet på Malefeten og Male i Hustad fram i bedehuset på Male.Jordskifteretten var ihopsett av dei mennene som gjorde tenest i saka frå 1.til 4. den same månaden.

Desse lotteigarane var tilstades: Lauritz Hagen, Sverre Male, Johan Haugnes, Paul I.Male, Sigfred Nerland, Hans K. Male, Anders O.Remmen, Hans Myren, Leander Johansen, Peder S.Male, Peder Emil Male, Lars Myrstad, Trygve Male, Paul B. Male, Markus J.Male, Steinar Male, Anders A.Hagen, Fredrik T.

Kartverket
Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

Male, Hans S.Male, Ludvik Skutholm, Steffen B.Male, Edvard Heimen, Sigurd Lindset, Erik Matias Malefeten, Bendik Malefeten, Øyvind Brennholm, Anders O.Male, Jørgen Myrvang, Konrad Vikene, Anton Skutholm, og Tomas Remmen.

Formannen sa ifrå om at den som ynskte det,kunne få vite kor mykje boniteringsverdi det etter planen ville gå ifrå eigarane på Male til beite og tilleggsjord åt bruka i Vikane,men ingen bad om å få greie på det.

Elles gjorde formannen dei som var tilstades merksame på at nokre av hovudbruka på Male har igjen så lite jord at det er uforsvarleg å oreigne meir ifrå dei. Fylgjen av det vert då at ein må ta tilleggsjorda åt dei bruka som skal ha slik jord, berre frå nokre av dei hovudbruka som har vore med i jordsala i Vikane. Det vart gjort greie for kva for eine bruk det er som vert fritekne for å yte tilleggsjord. Ingen gjorde nokon merknad.

Formannen refererte deretter dei innvendingane som ymse partar gjorde imot skifteplanen under synfaringane den 2.og den 3. juni. Dei var:

1.Laurits Hagen,bnr. 44,bad om å få att den trekanten som etter forslaget er skoren av den gamle teigen hans i den austre enden,sjå på kartfig.nr. 936-939. Han heldt fram at dette stykket er det einaste som ligg så høgt på den gamle teigen, at han greier å veite ut vatnet slik at stykket kan dyrkast.

2.Leander Johansen,som møtte for det bruket som er oreigna til bate for Fredrik O.Myren, fann at den tilleggsjorda som er tenkt åt det bruket på og søranfor Svartholen,er uhøveleg til tilleggsjord avdi det ikkje kan verte tale om å kultivere noko nemnande på det arealet.

3.Hans Myren,bnr. 48, peika på at det på det stykket som er planlagt til tilleggsjord åt bruket hans,berre er små areal som kan dyrkast,og han bad om at bnr. 48 må få eit stykke som høver betre til tilleggsjord.

Kartverket Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

4. Trygve P.Vikan for bnr. 59, bad om at den søre grensa for beitemarka åt det bruket må verte flytta litt lengre mot sør,slik at ho kjem på sørsida av den smale myrstrimla som ho er planlagt på no.

5. Tomas O.Remmen,bnr. 57, sa at den beitemarka som bruket hans skal få nordanfor innmarka er mest berre berg. Han bad om å få attåt noko mark på sørsida av bygdevegen.

6. Markus J.Male for bnr. 34,syntest at han etter planforslaget ville få sers lite jord i skiftefeltet,og han peika på at det ville verte sers tungvint å nå i brenntorv i den teigen som han skal få søranfor Revremma.

7. Johan Haugnes,bnr. 35, heldt fram at marka åt det bruket kjem for langt unna dersom hovudtyngda av marka skal liggje på sørsida av Rugga,og han meinte at bnr. 35 har krav på å få ein teig nærare tunet på garden.

Johan Haugnes klaga elles over at den beiteteigen som er tenkt åt bnr. 4,er sers ring.

8. Anders O.Hagen,bnr. 17, klaga over at den marka som det bruket skal få til vederlag for beiterett,er alt for ring,og at stykket heller ikkje ligg i den luten som det høyrer heime i i skiftefeltet. Han heldt fram at sidan innmarka på bnr. 17 er ring,må han få eit stykke som kan dyrkast i utmarka i området omkring Tipphaugen.

9. Oskar A.Haugnes peika på at dei to bruka hans,bnr. 31 og bnr. 32,skal bnr. 31 ha beite etter skyld medan bnr. 32 skal ha beite etter fødnad. Han meinte at rettane åt dei to bruka har vorte ombytte i rekneskapen og planforslaget.

10. Anders O.Male,bnr. 7,klaga over at han kjem til å få alt forliten teig i skiftefeltet,og over at den teigen som er tenkt åt bruket hans,ligg forlangt unna tunet.

11. Steinar A.Male,bnr. 6,fann også at han kjem til å få igjen forlite av skiftefeltet og av den gamle teigen sin.

Kartverket
Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

12. Sjå det som er innskrive om protest frå Sigfred Nerland på møtet den 2.juni.

Formannen las opp brev av 1.juni 1955 frå o.r.sakførar Parelius til jordskifteretten om utlegg av beiteteig til bnr. 63.

Deretter gjorde jordskifteretten samrøystes

Vedtak om skifteplanen:

1. Planen skal endrast slik at Laurits Hagen,bnr. 44,får att den trekanten som ein etter forslaget har rekna ifrå det gamle jordstykket hans,men det tillegget som dette bruket skulle ha på sørsida av det gamle stykket skal då minke tilsvarande i boniteringsverdi.
2. Dei stykka med tilleggsjord som er rekna åt bnr. 49-54 skal gjerast så mykje smalare at Fredrik O.Myren sitt bruk kan få eit stykke tilleggsjord på nordsida av Svartholen. - Beitemarka åt det bruket skal liggje på austsida av den planlagde vegen mellom Vikane og Venås,og på kartfig.nr. 929,930 o.fl.
3. Den tilleggsjorda som er rekna åt Hans Myren,bnr. 48,skal gå over til Paul I.Male,bnr. 8,og bnr. 48 skal få vederlag på sørsida av bygdevegen mellom Male og Vikane og på austsida av beitestykket åt bruket hans Fredrik O.Myren.
4. Beitestykket åt bnr. 59,Trygve P.Vikan,skal endrast slik at det får med heile fig.nr. 1135.
5. Beitestykket åt bnr. 57,Tomas O.Remmen,skal endrast slik at det kjem til å femne om fig. 1525 og 1526.
9. Oskar A.Haugnes skal ha 1 kubeite i tillegg til det som det var rekna med i forslaget for bnr. 32. Teigane åt bnr. 31 og bnr. 32 skal reknast om slik at dei kjem attåt innmarka på bnr. 32. Dette fører med seg at teigen åt bnr. 22 også må reknast om. Den teigen skal liggje på kartfig.nr.849 og 852. Gjennom desse endringane kjem gnr. 20,bnr. 2 til å minke i dette området,men det bruket skal få vederlag i sør for

Kartverket Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

Revremma.

I planforslaget var det rekna med grenseregulering mellom skiftefeltet og garden Venås Hustad,men retten har seinare kome til at den grensa som vart sett fast ved dom den 7.juli 1938,skal gjelde framleies. Dette fører då med seg at dei teigane i skiftefeltet,som støyter imot det grensestykket som det kunne verte aktuelt å regulere,må reknast om slik at dei får den verdien som dei skal ha etter rekneskapen.

Retten legg på jordskifteassistent Hans Vikhagen å gjere dei endringane og omrekningane som er nemnde ovanfor,og han eller andre tenestmenn i jordskifteverket skal deretter merkje dei nye grensene i terrenget.

Skifte av brenntorven vil verte gjort seinare.

I skifteplanen er det rekna med 4 nye vegar:

1.Veg frå Vikane til brua på Venås.

2.Veg frå Vikane over Sandstølane.

3.Veg frå bygdevegen på Male til Langli-vegen.

4.Vegstubb mot sørvest i den nøre luten av skiftefeltet frå bnr. 15.

Torvteigen åt bnr. 14,Remmen.

Anders O.Remmen for bnr. 14,og Sigfred Nerland for bnr. 63, har sett fram påstand om at dei eig grunnen i den torvteigen som er nemnd i skyldsettingspapiret frå 30.juni 1899,då bnr. 14,Remmen,vart skilt ifrå gnr. 21,bnr. 1.

I skyldsettingspapiret står det: "Derefter blev et stykke torvemark utlagt til kjøberen af sælgerens torveteig på østre side af Heilhaugen" ----------

Den 15.desember 1947 vart bnr. 63 skilt ifrå bnr. 14,og i skyldsettingspapiret for det nye bruket står det om den same torvteigen: "En selvstendig torvteig som er utlagt i skyldde-lingsforretning den 30/6 1899 skal brukes i fellesskap inntil

Kartverket Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

videre."

Bnr. 14 fekk i 1899 45 øre i skyld. I skylddelingspapiret står det: "Efter således at have befaret og besigtiget jordstykket,fandt skjønsmændene at parsellen udgjør 1/6 del af sælgerens jordbrug i Male" ----------

Her talar dei såleis berre om innmarka.

Partane har levert inn skøytet på bnr. 14,tinglyst 5.og 6. juli 1899,men i det er torvteigen ikkje nemnd i det heile.

Eigaren av bnr, 1, Edvard Heimen,påstår at bnr. 14,no bnr. 14 og bnr. 63, eig berre brenntorven i teigen,og at grunnen høyrer til det gamle bnr. 1.

Retten prøvde å mekle til semje mellom partane Sigfred Nerland. og Anders O.Remmen på den eine sida mot Edvard Heimen på hi sida,men det førde ikkje fram.

Retten sin merknad: Det er vanleg syn på denne kanten av landet at den som har eigedomsretten til ein torvteig eig berre torvmassen i teigen,og at det bruket som har selt teigen rår over grunnen når torven er teken bort.

Det gjld å få løyst tvisten før ein merkjer ut dei teigane som bnr. 14 og bnr. 63 skal ha i skiftefeltet,og jordskifteretten slik sa/ samrøystes

Orskurd

for stengde dører:

Eigarane av bnr. 14,Remmen, og bnr. 63,Soltun, eig berre torven i den torvteigen som er nemnd i skyldsettingspapiret åt bnr. 14 frå 1899. Grunnen i teigen høyrer til det gamle bnr. 1.

Tvisteemnet er ikkje verdt så mykje som kr. 500,-.

Det kan ikkje ankast over denne orskurden før jordskiftet er slutt.

Jordskiftekostnader:

Dette møtet kostar:---------- kr. 84,00

Møtet den 1.mars 1955 ---------- " 115,40

Kartverket Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

Møtet den 1.til 4.juni 1955 ..... kr. 361,40

kr. 560,80

Denne kostnaden vart betalt førebels av:

Edvard Heimen for	bnr.	1	med	kr.	60,80
Steffen B.Male	"	3	"	"	30,00
Steinar A.Male	"	6	"	"	60,00
Anders O.Male	"	7	"	"	60,00
Paul I.Male	"	8	"	"	30,00
Sverre Male	"	9	"	"	35,00
Peder S.Male	"	10	"	"	35,00
Trygve Male	"	21	"	"	35,00
Markus J.Male	"	34	"	"	35,00
Johan Haugnes	"	35	"	"	30,00
Paul B.Male	"	36	"	"	30,00
Erik M.Malefeten,gnr.		20,bnr.	3 og 4	"	60,00
Bendik Malefeten,	"	20, "	1 og 5	"	60,00

Kr. 560,80

Jordskiftemennene fekk det som dei hadde tilgode.

Formannen las opp rettsboka i bedehuset på Male kl. 1930 den 6.juni 1955. Han las både det som vart innskrive den 1. mars 1955,og det som vart skrive frå 1.til 4.juni,og idag.

Dette møtet vart gjort kjent på møtet føre middag. Desse partane var tilstades: Edvard Heimen, Peder S.Male, Trygve Male, Oskar A.Haugnes, Markus J.Male, Anders O.Male, Johan Haugnes, Sverre Male, Paul I.Male, Bendik Malefeten, Paul B. Male, Ludvik Skutholm, Hans K.Male, Sigfred Nerland, Steffen B.Male, Erik Matias Malefeten, Anders O.Remmen, Steinar Male, Hans S.Male.

På spørsmål frå formannen om nokon hadde nokon merknad å gjere til rettsboka eller til handsaminga av saka,svara ingen.

Saka vart deretter utsett på uviss tid den 6.juni 1955.

Asbjørn Sæbø, Lars Hol, Harald J.Stavik.

År 1955,den 18.oktober,vart Romsdal jordskifterett sett på Male,gnr. 21 i Hustad herad.

Formann i retten: Jordskiftedomar Asbjørn Sæbø.

Jordskiftemenn: 1. Feltstyrar Randulf Gjelsvik frå Hustad.

Kartverket Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

2.Gardbrukar Lars Hol frå Frøna. Han møtte istadenfor Hans Fr.Farstad som er død no.

Teknisk hjelpar: Jordskifteassistent Hans Vikhagen.

Retten heldt fram med sak nr. 31a/1921, jordskifte i utmarka på Malefeten,Male og fleire gardar i Hustad.

Alle i jordskifteretten var ubundne av dei tilhøva som er nemnde i §§ 106-108 i lova om domstolane.

Ein såg først på ymse tilhøve ute i skiftefeltet,og seinare på dagen,og likeeins den 19.oktober,dryfte retten dei prisane som eigarane av dei oreigna bruka i Vikane bør betale for den tilleggsjorda og den brenntorven som dei kjem til å få i dette skiftet.

Elles tok retten ei førebels stode til vegarbeidet i skiftefeltet.

Jordskiftet heldt fram den 20.oktober. Gjennom oppslag på dei vanlege plassane var lotteigarane kalla inn til møte med jordskifteretten kl. 9 i bedehuset på Male.

Frå gnr. 20,Malefeten møtte: For bnr. 1 og bnr. 5 Bendik Malefeten, for bnr. 2 Ludvik Skutholm, og for bnr. 3 og bnr. 4, Erik Matias Malefeten.

Frå gnr. 21,Male møtte: Edvard Heimen for bnr. 1, Anders A. Hagen for bnr. 2, Steffen Male for bnr. 3, Johan Haugnes for bnr. 4,5 og 35, Steinar Male for bnr. 6, Anders O.Male for bnr. 7, Paul I.Male for bnr.8, Peder Sigvart Male for bnr.10, Anders O. Remmen for bnr. 14, Steffen Male for bnr. 15,16 og 39, Anders O. Hagen for bnr. 17, Øyvind Brennholm for bnr. 18, Trygve Male for bnr. 21, Hans K.Male for bnr. 22, Bernhard Åsbø ~~xxxxxxx~~ utan fullmakt for bnr. 28, Olav A.Nygård for bnr. 29, Oskar O.Haugnes for bnr. 31 og bnr. 32, Markus J.Male for bnr. 34, Paul E.B.Male for bnr. 36, Ivar Bjørsnøs for bnr. 38, Sigurd Lindset for bnr. 41 og 71, Hans H.Myren for bnr. 48, Martin Ansgar Myren for bnr.

Kartverket Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

49, Sigfred Nerland for bnr. 63, og Lender Johansen.

Eigarane av dese bruka på Male møtte ikkje: 9,11-13,19-20, 23-27,33,37,42-45,50-60,62 og 64.

Frå gnr. 26,Brennholmen,møtte: Øyvind Brennholm for bnr. 1, Bjarne Hemgård i/ for bnr. 5, Bjarne Nerland for bnr. 7, Johan T.J.Vikene for bnr. 11, Johan Nilsen Solheim for bnr. 16,og Olav Nygård for bnr. 6.

Eigarane av desse bruka på Brennholmen møtte ikkje: 2-4, 8,9, og 12-15.

Frå gnr. 27,Skutholmen,møtte Johan T.J.Vikene for bnr. 3.

Eigarane av bnr. 1,2,4 og 5 på Skutholmen var ikkje tilstades.

Formannen las opp dei prisane som retten hadde funne høvelege på den tilleggsjorda og den brenntorven som dei oreigna bruka i Vikane skal få i skiftefeltet,og han gav deretter ordet fritt åt partane.

Ingen kritiserte ~~prisane~~ jordprisane,men Leander Johansen fann det urett at dei som eig dei oreigna bruka,skal betale serskilt for brenntorven i tilleggsjorda si.

Dei prisane som retten har kome fram til vil verte førde inn i rettsboka seinare.

Deretter orienterte formannen partane om vegplanene inne på skiftefeltet,og han gav dei full kjennskap til visse høvestal som retten hadde sett opp mellom alle bruka i skiftefeltet med omsyn til arbeidsplikt og utlegg på vegane.

Ordet vart gitt fritt,men ingen kritiserte det forslaget som var lagt fram om vegane og arbeidsplikta i/ på dei.

Etter middag dryfte retten og partane spørsmålet om gjerdehald i skiftefeltet.

Martin Ansgar Myren heldt då fram at det bør setjast opp eit sams gjerde mellom innmarkene og utmarka i Vikane,men han

Kartverket Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

var merksam på at eit slikt gjerde ville skape vanskar for dei bruka som ligg på Stranda.

Formannen peika på at så lenge det ikkje er gjort noko større kultiveringsarbeid i utmarka,vil det vere økonomisk uforsvarleg å leggje på vanleg gjerdehald i skiftegrensene i dette store skiftefeltet. Han meinte at partane ville vere best tent med at kvar einskild førebels fekk gjerde inn så mykje som han ynskte, og at dei så skulle halvere gjerdehaldet mellom to og to bruk så langt som gjerdet var til bate for begge. Denne synsmåten fekk full stønad frå partane. Gjerdehaldet vil elles verte handsama seinare.

På dette møtet vart det elles tala om sams grustak,standskog, tangrettar o.a.

Det er tanken å leggje ut eit sams grustak for vegane i skiftefeltet sør for Tipphaugen. Det er dei såkalla sjølveigarane som eig det området no,og på spørsmål frå formannen om kor mykkje dei andre lotteigarane bør betale for å verte medeigarar, nemnde Markus J.Male kr.300,- pr. da. Ingen peika på nokon annan pris,og ingen tok til motmæle mot den prisen som var nemnd.

Jordskiftet vart deretter utsett til den 21.oktober,kl.9.

Asbjørn Sæbø Lars Hol Randulf Gjelsvik

Jordskiftet heldt fram den 21.oktober med dei same mennene i retten. Ein dryfte då vidare ymse spørsmål som gjeld jordskiftet, og tok endelege avgjerder. Dei er førebels skrivne på kladd.

Alle nye skiftegrenser i feltet er no merkte i marka,og formannen kan føre dei inn i rettsboka utan at den samla jordskifteretten er tilstades. Innan det vert nytt møte i saka,kan formannen likeeins skrive ~~ut~~ lottinga inn i rettsboka,og elles andre vedtak som retten har gjort i tida frå 18.oktober til idag.

Dette jordskiftemøtet kostar: ---------- kr. 332,40

Kartverket Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

Av dette betalte desse lotteigarane imot rett utlikning seinare:

Johan Haugnes	kr.	182,40
Ludvik Skutholm	"	50,00
Paul B.Male	"	50,00
Paul I.Male	"	50,00
	Kr.	332,40

---------- Jordskiftet vart deretter utsett på uviss tid for at formannen kan skrive inn det som må skrivast, og retten vart oppløyst den 21.oktober 1955.

Asbjørn Sæbø Randulf Gjelsvik Lars Hol

Grensene for skiftefeltet

er slik:

1. Mot nordvest og nord støyter skiftefeltet til sjøen mellom grensa mot garden Sundet i Bud og innmarka på Male.
2. Elles støyter feltet i nord mot innmarka på Male. Sjå det som vart skrive om denne grensebolken då det var jordskifte på innmarka på Male,det jordskiftet som slutta den 6.november 1929.
3. I aust støyter feltet først til ein gammal torvgard i vestgrensa for innmarka på Malefeten. Garden tek til i grensa for innmarka på Male, og derifrå går han først mot søraust ca. 132 m, og så med hovudlei mot sør til aust ca. 370 m. Derifrå går garden mot aust til nord ca. 21 m til grensestein,merke nr. 1, i eit grensepunkt mellom skiftefeltet,innmarka på Malefeten og garden Hustad.

   Sidan Malefeten kjem til å få utmark i samband med innmarka, fann ein det uturvande å setje grensemerke i denne torvgarden.

   Deretter støyter skiftefeltet mot garden Hustad med heile austsida.

   Mellom det punktet som merke nr. 1 står i, og Knipaløken har grensa før falle ihop med ein gammal torvgard, men garden har nokre små krokar, og med samtykke frå bnr. 1 på Hustad er

Kartverket
Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

derfor dette grensestykket no regulert slik:

Frå merke nr. 1 går grensa siktebein mot sør til aust til Knipaløken,først 87 m til gst.,merke nr. 2,så 67 m til gst., merke nr. 3,og deretter 5,4 m til eit brytingspunkt i løken.

Om grensestykket mellom Knipaløken og Herskarelva fall det slik dom i Romsdal heradsrett den 7.juli 1938:

"Utskiftningsrettens kjennelse forandres derhen at den omtvistede grenselinje trekkes fra det punkt hvor den under saken omhandlede "Knipaløken" skjærer Hustadgårdenes innmarks-grense,og til det på utskiftningskartet avsatte punkt,nr.38. Derfra går linjen til utskiftningskartets merke I,det punkt som av utskiftningsretten og de innstevnte er anset for å være "den østligste sten på Reverem men" og videre som i den påankede kjennelse bestemt,til triangelpunkt IV og Herskarelven eller Søre Hustadelv."

Sidan domen ovanfor berre delvis endra den kjennelsen som Romsdal utskiftingsrett hadde gitt om det same grensestykket den 26.april 1935, tek ein også inn kjennelsen her:

"Grensen mellem Hustad gr.nr. 18 på den ene side og gårdene Malefeten og Male gr.no. 20 og 21 på den anden i Hustad herred begynner i Hustads bøgar i Knipaløken og går vestover 54 m,hvor byttet bøier og går sydover til den ostligste sten på Reverem men (kartmerke 1) hvor linjen igjen bøier og går rett til triangelpunkt IIII på Sagberget og videre til Herskarelven eller søndre Hustadelv. Alt således som avlagt på kartet og gjelder linjen allslags eiendom og bruk."

Dette grensestykket er i marka merkt slik i samsvar med dom og kjennelse:

Frå brytingspunktet i Knipaløken går grensa siktebein mot sørvest til kartmerke nr. 38. Mellom brytingspunktet og gst., merke nr. 4,er det 11,9 m, deretter er det (29) m til gst., merke nr. 5,så 59,2 m til gst.,merke nr. 6,deretter 96,3 m til

Kartverket Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

gst, merke nr. 7,så er det 107,4 m til gst,merke nr. 8,vidare 86,0 m til gst,merke nr. 9,og deretter 0,6 m til brytingspunktet,det såkalla kartmerke nr. 38.

Derifrå går grensa siktebein mot søraust til sør til den "østligste sten på Reverømmen" gjennom desse merka: Det er 7,9 m frå brytingspunktet til gst,merke nr. 10,deretter 115,3 m til gst,merke nr. 11,så 111,2 m til gst,merke nr. 12,så er det (36) m til gst,merke nr. 12^{b},og til slutt 84,6 m til kross i stor,jordfast stein,merke nr. 13,på Revremma.

Frå merke nr. 13 går grensa siktebein mot sør til aust gjennom triangelpunkt nr. IV på Sagberget til Herskarelva. Mellom merke nr. 13 og Herskarelva er avstandene frå merke til merke slik: 102,7 m til gst,merke nr. 14, 102,3 m til gst,merke nr. 15, 123,7 m til gst,merke nr. 16, 96,8 m til gst,merke nr.17, 125,2 m til gst,merke nr. 18, 95,1 m til gst,merke nr. 19, 104,6 m til gst,merke nr. 20, 71,6 m til kross i berg,merke nr. 21, 27,5 m til triangelpunkt nr. IV, 70,0 m til gst,merke nr. 22, 70,2 m til gst,merke nr. 23,ved sørsida av fylkesvegen, og så 10 m til den nøre kanten av Herskarelva. Grensa held fram i same lei til djupålen i elva.

Deretter går grensa mellom skiftefeltet og garden Hustad etter djupålen i Herskarelva med hovudlei mot søraust til sør til ho når grensa mot garden Venås. Målt på kartet er det (1506) m etter ei sikteline mellom merke nr. 23 og det søre endepunktet av grensa mellom skiftefeltet og garden Hustad, det punktet som garden Venås støyter inn til i djupålen i elva.

4. I sør støyter skiftefeltet mot garden Venås i ei grense som går siktebein mot vest ½ nord frå djupålen i Herskarelva slik: Den austre grensesteinen,merke nr. 24, står tett attmed elva på vest-eller sørsida. Derifrå er det slike avstander frå merke til merke i grensa: (89)m til gst,merke nr. 25, 108 m til gst, merke nr. 26, 149 m til gst,merke nr. 27, 200 m til gst,merke

Kartverket
Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

nr. 28, 211 m til gst,merke nr. 29, 143 m til gst,merke nr. 30, 250 m til gst,merke nr. 31, 200 m til gst,merke nr. 32, (150)m til gst,merke nr.33, 20 m til kross i berg på nordsida av vegen til Skarset,merke nr. 34, (209)m til gst,merke nr. 35,oppe på Revløkholen, 114 m til gst,merke nr. 36, 120 m til gst,merke nr. 37, 77 m til gst,merke nr. 38, og 87,6 m til vinkelstein, merke nr. 39,attmed Revløken.

Derifrå heldt grensa før fram mot vest sørvest etter Revløken, men sidan han har mange små krokar,og sidan han heller ikkje er så synberr på alle plassar,har ein regulert grensa slik:

Frå merke nr. 39 går ho siktebein mot vest sørvest til gst, merke nr. 42,som er ein vinkelstein. Det er 93,6 m frå merke nr. 39 til gst, merke nr. 40,deretter 86,4 m til gst,merke nr. 41,og så 97,5 m til vinkelstein,merke nr. 42. Derifrå held grensa fram siktebein mot sørvest til vest til vinkelstein,merke nr. 46. Det er 103,7 m frå merke nr. 42 til gst,merke nr. 43, deretter 102,8 m til gst,merke nr. 44, så 86,7 m til gst,merke nr. 45, og 63,9 m til merke nr. 46.

5. I sørvest støyter skiftefeltet først til garden Venås,mellom merke nr. 46 og merke nr. 55, og elles støyter feltet til garden Sundet i Bud på den kanten.

Grensa mot Venås der går siktebein mot vest nordvest ½ nord frå merke nr. 46,og ho er merkt slik rekna frå det merket: 20,1 m til kross i berg,merke nr. 47, 22 m til gst,merke nr. 48, 178,9 m til gst,merke nr. 49, 114 m til gst,merke nr. 50, (80)m til gst,merke nr. 51, 54,7 m til gst,merke nr. 52, (40)m til gst,merke nr. 53, (21)m til gst,merke nr. 54, og 121,7 m til gammal grensestein på Sandstølane,merke nr. 55. I denne grensa er det elles sett ein ny stein som står 119 m frå merke nr. 54, og 2,7 m frå merke nr. 55. Han er utan nummer.

Grensa mellom skiftefeltet og Sundet i Bud går siktebein mot nordvest til vest frå merke nr. 55 på Sandstølane til sjøen i

Kartverket Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

Soløyvågen. Rekna frå merke nr. 55 er avstandene og merka ~~xkkk~~ slik i dette grensestykket: 122,8 m til kross i berg,merke nr. 56, 133,2 m til kross i berg,merke nr. 57, 72,6 m til gst,merke nr. 58, (74)m til gst,merke nr. 59, (229)m til gst, merke nr. 60, (210)m til kross i berg,merke nr. 61, (122)m til gst,merke nr. 62, 67,2 m til gst,merke nr. 63, 131,2 m til gst,merke nr. 64, 53 m til kross i berg,merke nr. 65, (112)m til gst,merke nr. 66, 169,8 m til gst,merke nr. 67, 37,7 m til gst,merke nr. 68, 29,7 m til gst,merke nr. 69, som står 4,2 m søranfor vegen mellom Vikan og Bud, 160 m til gst,merke nr. 70, (117)m til gst.merke nr. 71, (47)m til gst, merke nr. 72, (76)m til kross i jordfast stein,merke nr. 73,og deretter er det 8 m til flomålet.

Inne på jordskiftefeltet har ein merkt desse

Skiftegrensene:

Grense nr. 1 tek til i den søre kanten på bygdevegen mellom Malefeten og Vikane,og ho går med hovudlei mot sør og etter den austre kanten av vegen til grustaket søranfor Tipphaugen, til ho når eit punkt som ligg 2,5 m nordanfor gst,merke nr. 74. Målt etter vegkanten på kartet er dette grensestykket (460)m.

Frå det søre endepunktet på denne første grensebolken held grensa fram mot sør til vest og siktebein til merke nr. 84 slik: Det er først 2,5 m til merke nr. 74,og sidan er avstandene og merka desse: (52) til gst,merke nr. 75, (58)m til gst,merke nr 76, (94)m til gst,merke nr. 77, (24)m til gst, merke nr. 78, (48,5)m til gst,merke nr. 78^b, (43,5)m til gst, merke nr. 79, (117) m til kross i jordfast stein,merke nr. 80, (41)m til gst,merke nr. 80^b, (124)m til gst,merke nr.81, (88)m til gst,merke nr. 82, (65)m til kross i jordfast stein, merke nr. 83, (77)m til kross i jordfast stein,merke nr.84.

Kartverket
Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

Derifrå går grensa i ein bøyg mot aust: (32)m til kross i jordfast stein,merke nr. 85, (33)m til kross i jordfast stein, merke nr. 86,og (23)m til gst,merke nr. 87.

Frå merke nr. 87 går grensa siktebein mot sør ½ aust til merke nr. 90 og 9,6 m forbi det merket. Det er (39)m frå merke nr. 87 til gst,merke nr. 88,så er det (114)m til gst,merke nr. 89, og derifrå er avstanden (57) m til gst,merke nr. 90. Grensa held fram etter same siktelina 9,6 m.

Grense nr. 2 tek til grense nr. 1 og går siktebein mot aust nordaust først 9,2 m til gst,merke nr. 91,deretter 38,2 m til gst, merke nr. 92,og så 49,8 m til vinkelstein,merke nr. 93. Derifrå går grensa mot sør søraust og siktebein først 75,8 m til gst, merke nr. 94,og så 57,6 m til vinkelstein,merke nr. 95. Der svingar grensa pånytt og går siktebein mot vest sørvest,først 57,2 m til gst,merke nr. 96,deretter 39,8 m til gst,merke nr. 97,og så 6 m til grense nr. 1.

Grense nr. 3 tek til i merke nr. 95 i grense nr. 2,og derifrå går ho siktebein mot sør til vest først 0,6 m til gst,merke nr. 98,så 56,4 m til gst,merke nr. 99, 53,7 m til gst,merke nr. 100, 51,8 m til gst,merke nr.101,og 50,5 m til vinkelstein,merke nr. 102. Derifrå går grensa siktebein mot sørvest til vest til grense nr. 1 slik: Det er først (54,5)m til gst,merke nr. 103,så er det 56,5 m til gst,merke nr. 104,og deretter er det 4,1 m til grense nr. 1 og eit punkt som ligg 2,6 m nordanfor merke nr. 76.

Grense nr. 4 går siktebein mot aust til nord frå grense nr. 3 til grensa mot garden Hustad nordanfor Knipaløken. Frå grense nr. 3 er det 0,4 m til gst,merke nr.105,og deretter er det:67,1 m til gst,merke nr. 106, 118,6 m til gst,merke nr. 107, 84,8 m til gst,merke nr. 108, og ca. 11 m til endepunktet.

Grense nr. 5 går siktebein mot nord nordvest frå grense nr. 4 til grensa mot innmarka på Male. Lina tek til 0,4 m austanfor merke nr. 107,og derifrå er det 1,3 m til gst,merke nr. 109.

Kartverket Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

Så er det59,7 m til gst,merke nr. 110, 93,5 m til gst,merke nr. 111, 100 m til gst,merke nr. 112, 106,8 m til gst,merke nr. 113, 117,7 m til gst,merke nr. 114,og så ca. 3 m til grensa mot innmarka.

Grense nr. 6 går siktebein mot aust nordaust frå grense nr. 5 til grensa mellom bnr. 4 og bnr. 5 på innmarka på Malefeten. Utgangspunktet ligg 3,7 m nordanfor merke nr. 112,og derifrå er det 4,7 m til gst,merke nr.115.Deretter er det 101,8 m til gst,merke nr. 116, så 40,7 m til gst,merke nr. 117,og til slutt 2,8 m til grensa mellom bnr. 4 og bnr. 5.

Grense nr. 7 går siktebein mot aust frå grense nr. 3 til eit punkt som ligg i grensa mot Hustad søranfor Knipaløken. Utgangspunktet ligg 0,2 m søranfor merke nr. 101,og derifrå er det 1,9 m til gst,merke nr. 118. Deretter er det 101,8 m til gst,merke nr. 119,så 88,4 m til gst,merke nr 120, så 79,5 m til gst,merke nr. 121,og 1 m til endepunktet som ligg 0,9 m nordanfor merke nr. 5.

Grense nr. 8 går siktebein mot aust til sør frå grense nr. 1 til grensa mot Hustad. Utgangspunktet ligg 0,3 m nordanfor merke nr. 78,og derifrå er det 0,7 m til gst,merke nr. 122. Deretter er det 88,8 m til gst,merke nr. 123, så 104 m til gst,merke nr. 124,og elles 9,3 m til endepunktet.

Grense nr. 9 går siktebein mot aust til sør frå grense nr. 1 til grensa mot Hustad og brytingspunktet attmed merke nr. 9. Frå grense nr. 1 er det 5,6 m til gst,merke nr. 125.Deretter er det 79,3 m til gst,merke nr. 126, så 85,5 m til gst,merke nr. 127, og 7,7 m til endepunktet.

Grense nr. 10 går siktebein mot aust ½ sør frå grense nr. 1 til grensa mot Hustad. Det er 2,3 m frå utgangspunktet til gst, merke nr. 128.Deretter er det 73,6 m til gst,merke nr. 129, så 86 m til gst,merke nr. 130, så 120,2 m til gst,merke nr. 131, så 95,7 m til gst,merke nr. 132, og så 7 m til grensa mot Hustad.

Kartverket
Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

Grense nr.11 går siktebein mot aust ½ sør frå grense nr. 1 til merke nr. 13 i grensa mot Hustad. Frå utgangspunktet er det 21,1 m til gst,merke nr. 133. Deretter er det 95,6 m til gst,merke nr. 134, så 103,9 m til gst,merke nr. 135, så 100,6 m til gst,merke nr. 136, så 135,9 m til endepunktet i merke nr. 13 på Revremma.

Grense nr.12 går siktebein mot aust frå grense nr. 1 til grensa mot Hustad.Utgangspunktet ligg 0,5 m nordanfor merke nr. 82,og derifrå er det 11,4 m til gst,merke nr. 137. Deretter er avstandene: 129,4 m til gst,merke nr. 138, 108,5 m til gst,merke nr. 139, 148,5 m til gst,merke nr. 140, 107,2 m til gst,merke nr. 141,og 3,2 m til endepunktet. Det ligg 4,5 m nordanfor merke nr. 14.

Grense nr. 13 går siktebein mot aust frå grense nr. 1 til grensa mot Hustad.Utgangspunktet ligg ca. 6 m søranfor merke nr.85, og derifrå er det 14,3 m til gst,merke nr. 142. Deretter er avstandene: 105 m til gst,merke nr. 143, 105,4 m til gst,merke nr. 144, 111,6 m til gst,merke nr. 145, 122,5 m til gst,merke nr. 146, 121 m til gst,merke nr. 147, og (18) m til endepunktet i den nøre tjønna.

Grense nr. 14 går siktebein mot aust ½ nord frå grense nr. 1 til grensa mot Hustad. Frå utgngspunktet er det 2 m til gst,merke nr. 148, og deretter er avstandene frå merke til merke: 96,0 m til gst,merke nr. 149, 120 m til gst,merke nr. 150, 136,9 m til gst, merke nr. 151, 129,4 m til gst,merke nr. 152, 114 m til gst,merke nr. 153,og 0,5 m til endepunktet,som ligg 5,5 m søranfor merke nr. 16.

Grense nr. 15 går siktebein mot aust ½ nord frå grense nr. 1 til grensa mot Hustad.Utgangspunktet ligg 0,5 m nordanfor merke nr. 89,og derifrå er det 5,2 m til kross i berg,merke nr. 154.Deretter er det slike avstander frå merke til merke:71,1 m til gst, merke nr. 155, 116,7 m til kross i berg,merke nr. 156, 95,2 m til gst,merke nr. 157,180,3 m til gst,merke nr. 158,121,4 m til

Kartverket Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

gst,merke nr. 159,og 14,7 m til endepunktet.Det ligg 4 m nordanfor merke nr. 17.

Grense nr. 16. Denne grensa går siktebein mot aust ½ nord frå det søre endepunktet på grense nr. 1 til grensa mot Hustad. Frå utgangspunktet er det 15,4 m til gst,merke nr. 160,og deretter er det slike avstander frå merke til merke: 147,1 m til gst,merke nr. 161, 121,5 m til gst,merke nr. 162,119,2 m til gst,merke nr. 163, 195,3 m til gst,merke nr. 164,og 9,4 m til endepunktet i ei tjønn i grensa mot Hustad.

Grense nr. 17 går siktebein mo t/ aust frå elva Rugga til merke nr. 21 i grensa mot Hustad.Frå den austre elvekanten er det 3 m til gst,merke nr. 165,og deretter er avstandene: 97,5 m til kross i jordfast stein,merke nr. 166, 142 m til kross i jordfast stein,merke nr. 167, 119,1 m til kross i jordfast stein,merke nr. 168, 198,9 m til kross i jordfast stein,merke nr. 169,og 111 m til endepunktet.

Grense nr. 18 går siktebein mot aust ½ nord frå elva Rugga til ho når vestsida for den grunnen som i dette skiftet vert halden unna for Synnvadvegen,veg nr. 7. Frå den austre elvekanten er det 1,5 m til gst,merke nr. 170,og deretter er det 146,8 m til kross i berg,merke nr. 171,og så 81 m til endepunktet. -

Merknad: Grense nr. 15 og grense nr. 18 fell inn i den same siktelina.

Grense nr. 19 går siktebein mot aust ½ sør frå elva Rugga til ho når vestsida for grunnen åt veg nr. 7 i dette skiftet. Frå den austre elvekanten er det 5,7 m til gst,merke nr. 172,og derifrå er det 106,3 m til gst,merke nr. 173. Så er det 68,4 m til gst,merke nr. 174,og 4 m til endepunktet. Lengjer ein ut denne siktelina til ho når grense nr. 1,treffer ho den grensa 11,4 m søranfor merke nr. 85.

Grense nr. 20 går siktebein mot sør til vest frå gst,merke nr.

Kartverket
Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

175 i grensa mot innmarka - og i grensa mellom bnr. 9 og bnr. 21 på innmarka - til den nøre kanten av vegen mellom Malefeten og Vikan,og ho held fram i den same siktelina på den søre kanten av vegen til vinkelstein,merke nr. 179. Derifrå går grensa siktebein mot aust til sør til den vestre kanten av grunnen åt Synnvadvegen,veg nr. 7 i dette skiftet.

Rekna frå merke nr. 175 er det slike avstander og merke i grensa: 96,5 m til gst,merke nr. 176, 82,4 m til gst,merke nr. 177, 91,9m til gst,merke nr. 178, 96,9 m til vikelstein,merke nr. 179,tett søranfor vegen. Deretter er det: 113,8 m til gst, merke nr. 180, 86,9 m til gst,merke nr. 181, 70,1 m til gst, merke nr. 182, 17,8 m til gst,merke nr. 183, 108,9 m til gst, merke nr. 184,og ~~xx~~ 4,4 m til veg nr. 7.

Grense nr. 21 går siktebein mot sør frå gst,merke nr. 185 i grensa mot innmarka på Male - og i grensa mellom bnr. 8 og bnr. 9 på innmarka - til den nøre kanten av vegen mellom Malefeten og Vikan,veg nr. 1, og ho held fram i den same siktelina frå den søre kanten av vegen til grense nr. 20. Rekna frå utgangspunktet er det slike avstander og merke i grensa: 79 m til gst, merke nr. 186, 77,1 m til gst,merke nr. 187, 92 m til gst,merke nr. 188. søranfor vegen, 86.4m til gst. merke nr. 189, 66.4 m til gst. merke nr. 190,og 1,2 m til endepunktet i grense nr. 20.Det ligg 1,3 m ~~xxxx~~ vestanfor merke nr. 180.

Grense nr. 22 går siktebein mot sør til aust frå gst,merke nr. 191,i grensa mot innmarka på Male - og i grensa mellom bnr. 8 og bnr. 23 på innmarka - til den nøre kanten av vegen mellom Malefeten og Vikan, og ho held fram i dane same siktelina på sørsida av vegen til grense nr. 20.

Rekna frå utgangspunktet er det slike avstander og merke i grensa: 16,5 m til gst,merke nr. 192, 82,9 m til gst,merke nr. 193,søranfor vegen, 87,2 m til gst,merke nr. 194, 127,8 m til gst,merke nr. 195,på ein liten haug, 100,6 m til gst,merke nr. 196, og 0,4 m til endepunktet. Det ligg 1,8 m vestanfor merke ~~xxxx~~

Kartverket Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

182.

Grense nr.23 går siktebein mot aust til sør frå grense nr. 22 til vestkanten av grunnen for Synnvadvegen,veg nr. 7 i dette skiftet. Utgangspunktet ligg 5 m sør for merke nr. 195,og derifrå er det 0,6 m til gst,merke nr. 197,og så 91,5 m til gst,merke nr. 198.Deretter er det 83,9 m til gst,merke nr. 199,og så 10,5 m til endepunktet.

Grense nr. 24 går først siktebein mot sør ti 1/ vest frå grense nr. 20 til vinkelstein,merke nr. 202,og derifrå går ho siktebein mot aust til sør til den vestre kanten av grunnen åt Synnvadvegen.Utgangspunktet ligg 1,5 m austanfor merke nr. 183,og derifrå er det 1 m til gst,merke nr. 200, og så er det 38 m til gst,merke nr. 201. Deretter er det 48 m til merke nr. 202. Frå det merket er det først 65,2 m til gst,merke nr.203,så 38,4 m til gst,merke nr. 204,og deretter (4) m til endepunktet.

Grense nr. 25 tek til på sørsida av vegen mellom Malefeten og Vikan,og ho går siktebein mot sør til elva Rugga. Frå den søre vegkanten er det 9,3 m til gst,merke nr. 205,og derifrå er det slike avstander frå merke til merke,som alle er grenssteinar: 105,2 m til merke nr. 206, 118,7 m til merke nr, 207, 125,7 m til merke nr. 208, 113,4 m til merke nr. 209, 36 m til merke nr. 210, 59,8 m til merke nr. 211. 72,5 m til merke nr. 212, og 6,2 m til den nøre kanten på elva.

Grense nr. 26 går siktebein mot aust til sør frå grense nr. 25 til den vestre kanten for grunnen åt Synnvadvegen. Utganspunktet ligg 0,3 m søranfor merke nr. 210,og derifrå er det 2,1 m til gst,merke nr. 213,og så 86,4 m til gst,merke nr. 214. Deretter er det 131,2 m til gst,merke nr. 215,så 93,5 m til gst,merke nr. 216,og 3,6 m til endepunktet.

Grense nr. 27 går siktebein mot sør frå vegen mellom Malefeten og Vikan til elva Rugga. Det er 12,6 m frå vegen til gst,merke

Kartverket
Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

nr. 217,og deretter er det slike avstander frå merke til merke, som alle er grensesteinar: 100,8 m til merke nr. 218, 83,2 m til merke nr. 219, 115,2 m til merke nr. 220, 130,0 m til merke nr. 221, 94,8 m til merke nr. 222, og 40,8 m til den nøre elvekanten.

Grense nr. 28 går siktebein mot sør til aust frå vegen Malefeten - Vikan til elva Rugga. Frå den søre vegkanten er det 2,6 m til gst,merke nr. 223,og rekna derifrå er det slike avstander frå gst. til gst: 96,5 m til merke nr. 224, 90,3 m til merke nr.225, 55,9 m til merke nr. 226, 54,5 m til merke nr. 227,og 7,5 m til den nøre elvekanten.

Grense nr. 29 går siktebein mot ~~sør~~ søraust til sør frå vegen Malefeten - Vikan til elva Rugga. Frå den søre vegkanten er det 3,7 m til gst,merke nr. 228,og derifrå er det 86,8 m til gst, merke nr. 229, ~~så~~ og så 97,1 m til kross i berg,merke nr. 230. Deretter er det 32,7 m til gst,merke nr. 231,og så 4 m til den nøre elvekanten.

Grense nr. 30 går siktebein mot sør til vest frå vinkelstein, merke nr. 232, i grensa mot innmarka på Male ~~,~~ og i grensa mellom bnr. 1 og bnr. 21 på innmarka - til vegen Malefeten -Vikan, veg nr. 1 i dette skiftet. Frå merke nr. 232 er det slike avstander frå gst. til gst: 90,2 m til merke nr. 233, 111,4 m til merke nr. 234, 92,4 m til merke nr. 235, 57,2 m til merke nr. 236, (93) m til merke nr. 237,og 17,7 m til den nøre kanten på vegen.

Grense nr. 31 går siktebein mot sør til vest frå grensa mot innmarka på Male til vegen Malefeten - Vikan. Utgangspunktet ligg 4 m vestanfor gammal kross i berg mellom innmark og utmark på Nonshaugen,og derifrå er det 1 m til kross i berg,merke nr.238. Derifrå er det slike avstander frå gst. til gst. i denne grensa: 108,3 m til merke nr. 239, 78,9 m til merke nr. 240, 122,7 m til merke nr. 241, 55,3 m til merke nr. 242, 72,9 m til merke nr.

Kartverket Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

243, 83,5 m til merke nr. 244, 71,6 m til merke nr. 245,og 4,3 m til den nøre kanten på vegen.

Grense nr. 32 går siktebein mot sør til vest frå gammal grensestein i grensa mot innmarka til vinkelstein,merke nr. 250. Derifrå går grensa siktebein mot sør ½ vest til vegen Malefeten - Vikan,veg nr. 1. Frå utgangspunktet er det 0,8 m til gst, merke nr. 246, og rekna derifrå er det slike avstander frå gst. til gst. i grensa: 83,9 m til merke nr. 247, 77,4 m til merke nr. 248, 116,7 m til merke nr. 249, og 85,3 m til vinkelsteinen,merke nr. 250. Denne avstanden gjeld til brytingspunktet mellom steinane i vinkelen. Den eine av dei steinane står 4,2 m nordanfor brytingspunktet,og den andre står 4 m søranfor brytingspunktet. Rekna frå brytingspunktet er det deretter: 62,9 m til merke nr. 251, 122,9 m til merke nr. 252, 27,9 m til merke nr. 253, 85,4 m til merke nr. 254, og 15 m til den nøre kanten på vegen.

Grense nr. 33 går siktebein mot aust søraust frå merke nr. 250, brytingspunktet, i grense nr. 32 til grense nr. 31. Frå merke nr. 250 er det 4,3 m til gst,merke nr. 255,og så er det 49,6 m til gst,merke nr. 256, deretter 62,6 m til merke nr. 257, og så er det 0,7 m til endepunktet. Det ligg 0,5 m søranfor merke nr. 242 i grense nr. 31.

Grense nr. 34 går siktebein mot sør til vest frå grensa mot innmarka på Male til grense nr. 33. Utgangspunktet ligg 0,3 m austanfor ein ny gst. som ein sette i grensa mot innmarka,og frå det punktet er det 1,4 m til gst,merke nr. 258. Derfrå er avstandene frå gst, til gst. slik: 108,4 m til merke nr. 259, 110,4 m til merke nr. 260, 77,0 m til merke nr. 261, 67,4 m til merke nr. 262, og 0,4 m til endepunktet. Det ligg 0,9 m vestanfor merke nr. 256.

Grense nr. 35 tek til i vinkelstein,merke nr. 263, i grensa mot innmarka på Male og det sørvestre hjørnet for bnr. 63.

Kartverket Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

Denne vinkelsteinen er sett i dette jordskiftet.Frå dette merket går grensa 33,9 m mot sør sørvest til vinkelstein,merke nr. 264. Derifrå går grensa siktebein mot sørvest til vest,først 26,8 m til gst,merke nr. 265,og så 23,7 m til vinkelstein, merke nr. 266.Derifrå går grensa siktebein mot sør sørvest med slike avstander frå merke til merke: 76,1 m til kross i berg, merke nr. 267, 79,0 m til same slag merke,nr. 268, 81,2 m til gst,merke nr. 269, 34,7 m til gst,merke nr. 270, 85,4 m til gst, merke nr. 271, 80 m til kross i berg,merke nr. 272, 100,9 m til kross i berg,merke nr. 273, 138,4 m til gst,merke nr. 274,og 39,5 m til kross i berg,merke nr. 275. Derifrå går grensa siktebein mot sør søraust til den nøre kanten av vegen Malefeten - Vikan. I dette siste grensestykket er avstandene og merka slik rekna frå nr. 275: 47,4 m til kross i berg,merke nr. 276, 120,2 m til kross i berg,merke nr. 277, 101,3 m til gst,merke nr.278, 67,4 m til gst,merke nr. 279,og så er det 3 m til endepunktet.

Grense nr. 36 går siktebein mot aust ½ sør frå merke nr. 275 i grense nr. 35 til grense nr. 32. Frå merke nr. 275 er det 182,7 m til kross i berg,merke nr. 280,deretter er det 210 m til gst,merke nr. 281,og så er det 2,8 m til endepunktet.Det ligg 3,6 m søranfor merke nr. 253.

Grense nr. 37 tek til i ein gammal grensestein i grensa mot innmarka og i eit hjørnepunkt mellom bnr. 28,35 og 45 på Male. Derifrå går grensa siktebein mot sør sørvest 44,7 m til kross i berg,merke nr. 282, så 68,2 m til gst,merke nr. 283,deretter 50,7 m til vinkelstein på ein torvgard,merke nr. 284. Derifrå går grensa siktebein mot aust ½ sør 39 m til gst,merke nr. 285, og deretter 45,5 m til vinkelstein,merke nr. 286. Frå dette merket går grensa siktebein mot sørvest til sør,først 115,1 m til gst,merke nr. 287, deretter 82,4 m til gst,merke nr. 288,og så 0,4 m til eit brytingspunkt. Derifrå går grensa siktebein mot

Kartverket
Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

søraust til aust,først 8,4 m til gst,merke nr. 289,deretter 45,7 m til gst,merke nr. 290, så 81,9 m til gst,merke nr. 291, og til slutt 1 m til endepunktet. Det ligg 1 m sør for merke nr. 270 i grense nr. 35.

Grense nr. 38 tek til i grensa mot innmarka på Male og 0,9 m vestanfor kross i berg mellom innmarka på bnr. 35 og det som er innlagt til innmark på bnr. 28. Derifrå går grensa mot vest 17,8 m til bolt i berg,merke nr. 292. Derifrå går grensa mot vest sørvest 16,9 m til bolt i berg,merke nr. 293. Ho held fram i omlag same lei 60,2 m til bolt i berg,merke nr. 294, og framleies i omlag same lei 49,2 m til vinkelstein,merke nr. 295. Derifrå går grensa siktebein mot sør til vest med slike avstander og merke:26,2 m til gst,Merke nr. 296, 124,4 m til gst,merke nr. 297, 110,5 m til vinkelstein,merke nr. 298. Derifrå går grensa litt meir mot aust og siktebein,først 35,8 m til gst,merke nr. 299,deretter 36,0 m til gst,merke nr. 300, og så 7,8 m til eit brytingspunkt i Askevåggrova. Derifrå går grensa litt meir mot vest og siktebein 10,3 m til gst,merke nr. 301, og vidare 17,4 m til vinkelstein,merke nr. 302. Frå dette merket går grensa siktebein mot sørvest ½ sør til elva Rugga med slike avstander frå merke til merke: 81,0 m til gst,merke nr. 303, 65,3 m til gst,merke nr. 304, 44,3 m til gst,merke nr. 305, 70,5 m til gst,merke nr. 306, 61,6 m til gst,merke nr. 307, 39,6 m til gst,merke nr. 308, 118,7 m til kross i berg, merke nr. 309, 41,5 m til gst,merke nr. 310, 67,9 m til gst, merke nr. 311, 96,6 m til gst,merke nr. 312, og så 6,4 m til den nøre kanten på Rugga.

Grense nr. 39 går siktebein mot aust ½ nord frå grense nr. 38 til grense nr. 37.Utgangspunktet ligg 1,5 m søranfor vinkelstein nr. 298.Derifrå er det 2,4 m til gst, merke nr. 313, så 43,5 m til gst,merke nr. 314,deretter 66,7 m til gst,merke nr. 315,

Kartverket
Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

og så er det 5,0 m til vinkelstein,merke nr. 284 i grense nr.37.
Grense nr. 40 går siktebein mot søraust til aust frå Ruggbog-vegen, veg nr. 10, til merke nr. 272 i grense nr. 35. Frå den austre kanten på vegen er det 6,1 m til kross i berg,merke nr. 316, og rekna derifrå er det slike avstander og merke i grensa: 32,7 m til kross i berg,merke nr. 317, 119,2 m til gst,merke nr. 318, 103,5 m til kross i berg,merke nr. 319, og så er det 28,5 m til kross i berg,merke nr. 272 i grense nr. 35.
Grense nr. 41 går siktebein mot sør søraust frå den austre kanten på Ruggbogvegen til grense nr. 35. Det er 8 m frå vegkanten til kross i berg,merke nr. 320, og rekna derifrå er avstandene og merka desse:74,4 m til kross i berg,merke nr. 321, 118,9 m til kross i berg,merke nr. 322, 85,9 m til kross i berg,merke nr. 323, 92,5 m til gst,merke nr. 324, og 1,1 m til endepunktet. Det ligg 1,5 m sør for merke nr. 274.
Grense nr. 42 går siktebein mot sør søraust frå Ruggbogvegen til vegen Malefeten - Vikan. Frå den austre kanten av Ruggbogvegen er det 5 m til grensestein,merke nr. 325,og derifrå er det slike avstander og merke i denne grensa: 132,5 m til gst,merke nr.326, 116,7 m til kross i berg,merke nr. 327, 118,3 m til grensestein, merke nr. 328, 94,2 m til kross i berg,merke nr. 329, 148,4 m til kross i berg, merke nr. 330, 112,2 m til gst,merke nr. 331, og 2,5 m til den nøre kanten på veg nr. 1.
Grense nr. 43 går siktebein mot sør søraust frå Ruggbogvegen til vegen Malefeten - Vikan. Det er 3 m frå den austre kanten på Ruggbogvegen til gst,merke nr. 332,og rekna derifrå er avstande-ne og merka slik: 64,3 m til gst,merke nr. 333, 123,9 m til kross i berg,merke nr. 334, 144,4 m til kross i berg,merke nr. 335, 95,3 m til kross i berg,merke nr. 336, 64,1 m til gst,merke nr. 337, 152,8 m til kross i berg,merke nr. 338, og 9,4 m til den nøre kanten på veg nr. 1.

Kartverket Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

Grense nr. 44 går siktebein mot vest ½ nord frå vestsida av Ruggbogvegen til sjøen i Ruggbogen. Utgangspunktet ligg 0,7 m søranfor merke nr. 307 i grense nr. 38, og derifrå er det 0,6 m til grensestein,merke nr. 339. Deretter er det slike avstander frå gst. til gst. i grensa: 70,6 m til merke nr. 340, 90,2 m til merke nr. 341, 83,2 m til merke nr. 342, 72,6 m til merke nr. 343,og deretter 12 m til flomalet.

Grense nr. 45 tek til i eit punkt som ligg 1,1 m nord for merke nr. 305 i grense nr. 38, og derifrå går ho siktebein mot aust ½ nord med desse avstandene og merka: 2,2 m til gst,merke nr. 344, 73,6 m til gst,merke nr. 345, 74,5 m til kross i berg,merke nr. 346, og så 73,1 m til kross i berg,merke nr. 347. Derifrå går grensa siktebein mot vest ½ sør 19,5 m til gst,merke nr. 348, og så 25 m til flomålet.

Grense nr. 46 går siktebein mot nord nordaust frå grense nr.45 til leira i Askevågen. Utgangspunktet ligg 2,2 m vestanfor merke nr. 346, og derifrå er det 2,1 m til gst,merke nr. 349. Rekna frå det merket er det slike avstander og merke i grensa: 36,5m til kross i berg,merke nr. 350, 63,5 m til gst,merke nr. 351, 65,1 m til gst,merke nr. 352, 74,1 m til gst,merke nr. 353, 45,1 m til kross i berg,merke nr. 354,og så ca. 7 m til markekanten ved leira.

Grense nr. 47 går siktebein mot nordvest til vest frå grense nr. 38 til grense nr. 46.Utgangspunktet ligg 1,7 m søranfor merke nr. 304,og derifrå er det 1,7 m til gst,merke nr. 355. Derifrå er det 72,9 m til gst,merke nr. 356, deretter (73,7)m til gst, merke nr. 357,og så er det 1,3 m til endepunktet.Det ligg 1,3 m nordanfor merke nr. 351.

Grense nr. 48 tek til i vinkelstein,merke nr. 358, i det nordaustre hjørnet på gnr. 21,bnr. 64,og derifrå går ho siktebein mot sørvest først (54)m til gst,merke nr. 359, og så (55)m

Kartverket
Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

til vinkelstein,merke nr. 360. Deretter går grensa siktebein mot nordvest først (31)m til gst,merke nr. 361, og så ~~xxx~~ (33)m til kross i berg,merke nr. 362. Frå dette merket går grensa siktebein mot nordaust (72)m til kross i berg,merke nr. 363, og deretter (38)m til vinkelstein,merke nr. 364. Frå dette merket går grensa siktebein mot søraust,først (34)m til gst,merke nr. 365,og så (29)m til utgangspunktet,merke nr.358.

Grense nr.49 går frå leira i Askevågen til sjøen på sørsida av gnr. 21,bnr. 32. Grenseleia i den austre enden er sørvest til vest. Det er hoggen kross i berg,merke nr. 366, 18 m frå flomålet,og frå dette merket er det (65,5)m til gammal gst,merke nr. 367. Derifrå går grensa mot sørvest (52)m til kross i berg, merke nr. 368. Så går ho mot sør sørvest (107)m til kross i berg, merke nr. 369.Deretter går grensa mot vest til sør (44)m til kross i berg,merke nr. 370, og frå det merket er det i same lei 4 m til flomålet.

Grense nr. 50 tek til i sjøen på sørsida av Haugneset og går mot nordaust til nord gjennom kross i berg i flomålet,merke nr. 371, og held fram ~~xxx~~ (89)m til kross i berg,merke nr. 372. Derifrå går grensa litt meir mot nord (41)m til kross i berg, merke nr. 373. Deretter går grensa mot aust (46)m til kross i berg,merke nr. 374. Så svingar ho aldri så lite meir mot sør og går (81,5)m til kross i ein stor stein i flomålet på austsida av Haugneset,merke nr. 375. Derifrå held grensa fram (20)m i same lei,og så går ho mot nordaust ut etter leira slik at ho peikar på den austre enden av Omholmen.

Grense nr. 51 tek til i grense nr. 50 og ca 9 m austanfor merke nr. 375, og derifrå går ho siktebein mot sør til aust (3)m til kross i berg,merke nr. 376, og deretter (108)m til kross i jordfast stein,merke nr. 377. Derifrå går grensa litt meir mot aust (29)m til kross i berg,merke nr. 378, og deretter held ho fram

Kartverket Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

i ein bøyg ut etter leira og sjøen mellom bnr. 31 og bnr. 32 på Male.

Grense nr. 52 tek til i merke nr. 377 i grense nr. 51 og går aust til sør (28)m til kross i berg,merke nr. 379. Derifrå går grensa mot søraust (97)m til kross i berg,merke nr. 380. Så går ho mot aust søraust (32,5)m til kross i berg,merke nr. 381. Deretter går grensa mot aust ½ sør (82,3)m til kross i berg, merke nr. 382,og så mot aust ½ nord (61,5)m til kross i berg, merke nr. 383. Derifrå går grensa siktebein mot nord nordaust (84)m til kross i berg,merke nr. 384, og 10 m til flomålet i Askevågen.

Grense nr. 53 tek til i Askevågen og går siktebein mot nordaust til nord. Grensestein,merke nr. 385,står 2,3 m nordanfor steingarden på austsida av vågen,og derifrå er det 19,9 m til gst, merke nr. 386. Deretter er det 31,7 m til gst,merke nr. 387, så 29 m til gst,merke nr. 388 nordanfor bygdevegen, og så er det 39,2 m til kross i berg,merke nr. 389. Derifrå går grensa siktebein mot nord nordaust 56,5 m til gst,merke nr. 390, og vidare i den same siktelina slik: 54,4 m til gst,merke nr. 391, på ein haug eller ei tuve, (50)m til flomalet, og deretter i sjøen i Hustadvika.

Grense nr. 54 tek til i Askevågen og går siktebein mot nordaust til aust til vinkelstein,merke nr. 393. Mellom steingarden på austsida av Askevågen og bygdevegen går grensa etter den nordvestre kanten av grøfta ved vegen frå Haugneset til gst,merke nr. 392. Den steinen står 2,5 m nordanfor bygdevegen.Frå denne steinen er det 34,8 m til merke nr. 393. Derifrå går grensa siktebein mot nordvest,først 39,7 m til gst, merke nr. 394, og så 47,6 m til kross i berg, merke nr. 395. Deretter går grensa mot Nord ½ aust 29,7 m til kross i ein stor stein,merke nr. 396,og så går ho siktebein aldri så lite

Kartverket
Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

meir mot nord først 82,2 m til kross i berg,merke nr. 397,og så 17,1 m til kross i berg,merke nr, 398. Frå dette merket går grensa mot aust 17,5 m til kross i berg,merke nr. 399, og så går ho mot nord 44,3 m til kross i berg,merke nr. 400, og vida-i same lei til sjøen i Hustadvika.

J^2, gnr. 21,bnr. 33,eigar Else Nyheim Male, fekk ei sjøhustomt på Sjåholmen. Ho ligg inn mot Sundet på den sørvestre enden på holmen. Tomta er merkt med kross i berg,merke nr. 1038 i det nordvestre hjørnet, og med kross i berg,merke nr. 1039,i det nordaustre hjørnet. Dette er gamle merke som står ca. 4 m frå flomålet. Tomta rekk ut i sjøen. Eigaren har rett til å fare til og frå tomta etter gardsvegen til Sjåholmen og elles etter den naustvegen som han har brukt før.

X, gnr. 21,bnr. 19, eigar Nils T.Utheim, fekk ei nausttomt

Kartverket
Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

attmed Ruggebogen. Ho støyter i aust til noko av skiftegrense nr. 134, stykket frå merke nr. 991 og over merke nr. 992 til sjøen. Mot sørvest støyter tomta til ei grense som tek til i merke nr. 991,og som går mot nordvest 6,8 m til kross i berg, Deretter i same sikteline 12,3 m til kross i berg, merke nr. 1041, merke nr. 1040. I nordvest støyter tomta til ei grense som tek til i merke nr. 1041,og som derifrå går mot nordaust 9,9 m til kross i berg,merke nr. 1042. Derifrå peikar grensa litt meir mot nord og går 8 m til kross i berg,merke nr. 1043,og så i same lei til sjøen.

Deretter fekk bnr. 19 ei skjåtomt imellom nausttomta åt bnr. 27 og nausttomta åt bnr. 50 attmed Ruggebogen. Tomta er ringa inne av ei grense som frå sjøen i nord går mot sør til kross i berg,merke nr. 1044, og i same lei 7,8 m til kross i jordfast stein, merke nr. 1045. Derifrå går grensa 15 m mot vest til kross i berg,merke nr. 1046, og så går ho mot nord 7 m til kross i berg, merke nr. 1047,og i same lei til sjøen.

D^2, gnr. 21,bnr. 27, eigar Johannes Nygård, fekk ei nausttomt som ligg imellom nausttomta og skjåtomta åt bnr. 19. I sør støyter tomta til ei bein line mellom merke nr. 1041 og merke nr. 1045. Elles støyter ho til sidetomtene.

Y^2, gnr. 21,bnr. 48, eigar Hans H.Myren, fekk ei nausttomt på neset i nordaust for Sjåholmen. Tomta støyter til sjøen i sør. I aust støyter ho mot ei grense som går mot nord til vest frå sjøen til kross i berg,merke nr. 1048, og i same lei 35,4 m til bolt i berg,merke nr. 1049. I nordvest støyter tomta imot ei grense som går mot sørvest 32,8 m frå dette merket til kross i berg, merke nr. 1050. Derifrå går denne grensa omtrent mot vest 3,4 m til kross i berg, merke nr. 1051,og deretter i same lei til sjøen.

Z^2, gnr. 21,bnr. 49, eigar Martin Ansgar Myren, fekk ei nausttomt som støyter til tomta åt bnr. 48 i søraust. I nordaust og

Kartverket Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

nordvest støyter tomta til ei grense som tek til i merke nr. 1049 og går slik: Først mot nord til vest 7,2 m til kross i berg,merke nr. 1052, så mot vest til sør 19,7 m til kross i berg, merke nr. 1053, deretter 24,6 m til kross i berg, merke nr. 1054, så 2,4 m til kross i berg, merke nr. 1055. Deretter i omtrent same lei 2,6 m til bolt i berg,merke nr. 1056, og så etter dei to siste merka til sjøen.

E[3], gnr. 21, bnr. 56, eigar Johan O.Remmen, fekk ei nausttomt attmed Soløyvågen. Ho støyter i nordvest til sjøen,og elles er ho ringa inne av ei grense som går slik: Frå sjøen mot søraust til kross i berg ved flomålet,merke nr. 1059, og så i same lei 8,4 m til kross i berg,merke nr. 1060. Derifrå mot sørvest 23,1 m til kross i berg,merke nr. 1061, og så mot nordvest 11,7 m til kross i berg ved flomålet, merke nr. 1062, og deretter i same lei til sjøen.

F[3], gnr. 21,bnr. 57, eigar Tomas O.Remmen, fekk ei sjøhustomt attmed Soløyvågen. Ho støyter til sjøen i nordvest;og elles er ho ringa inne av ei grense som går slik: Ho tek til i sjøen og går mot søraust til kross i berg ved flomålet, merke nr. 1063, og i same lei 10,7 m til kross i berg, merke nr. 1064. Derifrå går grensa mot sørvest 33,9 m til kross i berg,merke nr. 1065. Så går ho mot nord nordvest 8,5 m til kross i berg, merke nr. 1066, ved flomålet, og deretter held ho fram etter dei to siste merka til sjøen.

G[3], gnr. 21,bnr. 58,eigar Ole P.Vikene, fekk ei nausttomt attmed Soløyvågen. Tomta støyter til sjøen i nord,og elles er ho ringa inne av denne grense: Grensa går mot søraust frå sjøen til kross i berg ved flomålet,merke nr. 1067, og så i same lei 12,1 m til kross i berg,merke nr. 1068. Derifrå går grensa 26,4 m mot sørvest til kross i berg,merke nr. 1069,og så går ho mot nordvest 4,7 m til kross i berg ved flomålet,merke nr. 1070, og

Kartverket
Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

ho held fram slik til sjøen.

H³, gnr. 21,bnr. 59, eigar Trygve P.Vikene, fekk ei nausttomt attmed Soløyvågen. Ho støyter til sjøen i nord,og til ei bein line frå merke nr. 1061 til merke nr. 1068. Den grensa er 8,4 m lang. Elles støyter tomta til bnr. 56 si tomt i aust,og til bnr. 58 si tomt i vest.

I³, gnr. 21,bnr. 60, eigar Alfred Fr.Vikene,fekk ei nausttomt attmed Soløyvågen. Ho støyter i nord til sjøen,og i sør til ei bein grense frå merke nr. 1069 til merke nr. 1064. Den grensa er 23,1 m lang. Elles støyter tomta til bnr. 58 si tomt i aust, og til bnr. 57 si tomt i vest.

Æ², gnr. 21,bnr. 50, eigar Jørgen Myrbø, fekk ei nausttomt attmed Ruggebogen. Tomta støyter til sjøen i nord, og i aust støyter ho til skjåtomta åt gnr. 21,bnr. 19. I sør og i vest støyter tomta til ei grense som tek til i merke nr. 1046,og som går mot vest 13,8 m til kross i berg,merke nr. 1071. Derifrå går grensa mot nord nordvest 14,5 m til kross i berg,merke nr. 1072, og ho held fram slik til sjøen.

P³, det bruket som Hustad kommune i 1954 oreigna til bate for Fredrik ≠ O.Myren, fekk ei nausttomt på neset i nordaust for Skjåholmen. Tomta støyter til sjøen i vest. I nord og i aust støyter ho til ei grense som tek til i merke nr. 1054,og som derifrå går mot nord til aust 14,4 m til kross i jordfast stein, merke nr. 1057. Derifrå går grensa mot nordvest 8,4 m til kross i berg, merke nr. 1058, ved flomålet, og ho held fram slik til sjøen. Mot sør støyter tomta til tomta åt gnr. 21,bnr. 49,på stykket frå merke nr. 1054 til sjøen.

Alle naust-, skjå- og sjøhustomter er grunneigedom.

Bruksgrenser for brenntorv.

Grense nr. 1. Grensa går siktebein mot nord til aust frå veg nr. 1 slik: 14,3 m til grensestein,så 43,3 m til gst. og så 50,3 m til vinkelstein. Derifrå går grensa bein mot aust til sør 12,7 m til gst.,og deretter 16,4 m til skiftegrense nr. 31 og eit punkt som ligg 12,8 m i nord for merke nr. 244.

Den første steinen i denne torvgrensa er nr. 1, vinkelsteinen er nr. 3,og den siste steinen er nr. 4 på kartet.

Grense nr. 2. Grensa går siktebein mot nord til aust frå veg nr. 1 og parallell med grense nr. 1. Den første gst.,merke nr. 5 står 13,8 m frå vegkanten. Derifrå er det 39,4 m til gst. nr. 6, så 41 m til gst. nr. 7 og deretter 7,1 m til grense nr. 1.

Kartverket
Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

Grense nr. 3 tek til i skiftegrense nr. 55 og i eit punkt som ligg 16 m i aust for merke nr. 415. Derifrå går ho siktebein mot nord nordaust 4,3 m til gst. nr. 8, så 34,2 m til gst. nr. 9,og så 88,8 m til kross i jordfast stein,merke nr. 10. Derifrå går grensa mot vest nordvest 37,4 m til gst. nr. 11, og så 32,6 m til vinkelstein, merke nr. 12. Deretter går grensa mot sørvest til sør 11,6 m til gst.nr. 13,og så i same lei ca. 4 m til den austre kanten på bergfigur nr. 468. Der ender grensa.

Grense nr. 4 går siktebein mot nord nordaust frå merke nr. 1012 i skiftegrense nr. 139,slik: 15 m til gst. nr. 14, så 15 m til gst. nr. 15, så 15 m til gst. nr. 16, så 15 m til gst.nr. 17. Derifrå går grensa siktebein mot vest nordvest 46,3 m til gst.nr. 18, og så 49 m til vinkelstein, merke nr. 19. Så går ho siktebein mot vest sørvest 40,1 m til vinkelstein, merke nr. 20, og så går grensa mot sør sørvest 32,4 m til gst. merke nr. 21, og i same lei 0,2 m til skiftegrense nr. 139 og eit punkt som ligg 71 m i vest for merke nr. 1013 i den skiftegrensa. Merk: Gst. nr. 14, 15 og 16 peikar på tvert av grenseleia mellom dei.

Grense nr. 5 tek til i gst.nr. 22, 10,9 m nordanfor fylkesvegen,veg nr. 2, og derifrå går ho siktebein mot vest nordvest til merke nr. 14 i grense nr. 4.

Grense nr. 6 tek til i gst.nr. 23, 12,6 m nordanfor veg nr. 2, og derifrå går ho siktebein mot vest nordvest til merke nr. 15 i grense nr. 4.

Grense nr. 7 tek til i gst.nr. 24, 13,8 m frå veg nr. 2, og derifrå går ho siktebein mot vest nordvest til merke nr. 16 i grense nr. 4.

Grense nr. 8 tek til i gst. nr. 25, 14,6 m frå veg nr. 2, og derifrå går ho siktebein mot vest nordvest til merke nr. 17 i grense nr. 4.

Kartverket
Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

Merknad: Grensene nr. 5 - 8 er alle 60 m lange mellom endemerka.

Grense nr. 9 tek til i gst.,merke nr. 26,som står (9)m frå nordkanten av veg nr. 2. Derifrå går grensa siktebein mot vest nordvest 70 m til gst.nr. 27, og derifrå går ho mot sør sørvest 15 m til merke nr. 17 i grense nr. 4.

Grense nr. 10 tek til i merke nr. 430 i skiftegrense nr. 55, og derifrå går ho først siktebein mot nordaust til nord 67,4 m til gst. nr. 28, og så 66,3 m til vinkelstein,merke nr. 29. Så går ho siktebein mot vest nordvest 43,1 m til gst.nr. 30, så 38,7 m til gst.nr. 31, og så 4,6 m til eit brytingspunkt. Derifrå går grensa siktebein mot sørvest til vest 4,2 m til gst.nr. 32, deretter 46,6 m til gst.nr. 33, så 71,8 m til gst.nr. 34, og 1,1 m til skiftegrense nr. 55.

Grense nr. 11 tek til i den søre kanten for grunnen åt Svartholvegen og går siktebein mot sørvest til vest,slik: 1,9 m til gst. nr. 35, så 86,8 m til gst. nr. 36, så 58 m til kross i jordfast stein,merke nr. 37, og så 21 m til grensa mot garden Venås og eit punkt som ligg 59 m i vest for merke nr. 36 i den grensa.

Grense nr. 12 tek til i den vestre kanten for grunnen åt Svartholvegen. Ho går først siktebein mot sørvest til vest 6 m til gst. nr. 38, så 96 m til gst.nr. 39, og så 76,5 m til vinkelstein, merke nr. 40. Derifrå går ho siktebein mot nordvest til nord 56,7 m til gst.nr. 41, og så 25,8 m til vinkelstein,merke nr. 42. Deretter går grensa siktebein mot nordaust til aust 88,5 m til gst. nr. 43, så 84,2 m til gst.nr. 44, og så 3,5 m til den vestre kanten for grunnen åt Svartholvegen.

Grense nr. 13 tek til i den vestre kanten for grunnen åt Svartholvegen, og ho går siktebein mot sørvest til vest, slik: 4 m til gst.nr. 45, 82,4 m til gst.nr. 46, 89,8 m til gst.nr. 47, og så 0,3 m til grense nr. 12.

Kartverket Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

Grense nr. 14 går siktebein mot sørvest frå den søre kanten for grunnen åt Svartholvegen, først 3 m til gst.nr. 48, så 29,4 m til gst.nr. 49, så 45 m til gst.nr. 50, og så (2) m til ei lita tjønn nordanfor Svartholen.

Grense nr. 15 tek til skiftegrense nr. 64 og eit punkt som ligg 62 m i vest for merke nr. 531. Derifrå går ho siktebein mot nordvest, først 6,2 m til gst.nr. 51, så 28,7 m til gst. nr. 52, og så (3)m til den same tjønna som grense nr. 14 ender i.

Grense nr. 16 går siktebein mot nordvest frå skiftegrense nr. 62 til skiftegrense nr. 82. Frå utgangspunktet,som ligg 7,1 m i vest for merke nr. 517, er det 0,4 m til gst.nr. 53, så er det 101 m til krods i berg,merke nr. 54, så 152 m til gst. nr. 55,og så er det 12,9 m til endepunktet.

Grense nr. 17 går siktebein mot nordvest frå skiftegrense nr. 62 til skiftegrense nr. 82. Frå utgangspunktet er det 0,4 m til gst.nr. 56, så er det 126,6 m til gst.nr. 57, så 133,8 m til gst.nr. 58, og så 11,7 m til endepunktet.

Grense nr. 18 er å finne ca. 150 m nordanfor Sandstølane. Ho tek til i ein vinkelstein,merke nr. 59. Derifrå går ho mot aust til nord 40 m til gst.nr. 60, og i same lei 27,7 m til vinkelstein,merke nr. 61. Der svingar grensa aldri så lite meir mot vest og går 49,2 m til vinkelstein,merke nr. 62, og så går ho mot nordvest 44,7 m til vinkelstein,merke nr. 63. Så går grensa siktebein mot nordaust, først 32,1 m til gst. nr. 64, og så 31,5 m til vinkelstein,merke nr. 65. Derifrå går ho mot aust til sør 57,5 m til vinkelstein,merke nr. 66, og så går ho mot aust 29,7 m til vinkelstein,merke nr. 67. Så går grensa siktebein mot søraust 41,1 m til gst.nr. 68, og så 34,3 m til vinkelstein,merke nr. 69. Derifrå går ho siktebein mot sørvest,først 39,8 m til gst. nr. 70, og så 36,7 m til utgangspunktet,merke nr. 59.

Kartverket
Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

Grense nr. 19 tek til i merke nr. 61 i grense nr. 18 og går siktebein mot nord til aust, først 0,4 m til gst.nr. 71, så 29 m til gst.nr. 72, så 52 m til gst.nr. 73, og så 0,7 m til merke nr. 66 i grense nr. 18.

Grense nr. 20 tek til i grensa mot garden Venås og 0,4 m i vest for merke nr. 54. Derifrå går ho siktebein mot aust nordaust, først 0,7 m til gst.nr. 74, så 30 m til gst.nr. 75, og så 11,3 m til vinkelstein, merke nr. 76. Derifrå går grensa mot søraust 33,2 m til vinkelstein, merke nr. 77, og så held grensa fram utan merke langsmed den søre kanten av Marihaugen til grense nr. 61. Merknad: Ovanfor er det skrive at denne grensa tek til i grensa mot Venås, men ho tek i røynda til i grense nr. 61 og i den siktelina som har utgangspunktet sitt i grensa mot Venås.

Grense nr. 21 tek til i skiftegrense nr. 61 og går siktebein mot nardaust langsmed den søre kanten på Marihaugen, først (38) m til gst.nr. 78, og så 52,1 m til vinkelstein, merke nr. 79. Derifrå går grensa siktebein mot søraust til sør (38)m til skiftegrense nr. 61, og så held ho fram frå den søre kanten for grunnen åt Sandstølvegen og i den same siktelina: (6)m til gst.nr. 80, så 33,9 m til gst.nr. 81, så 30 m til gst.nr. 82, og så 18,5 m til vinkelstein, merke nr. 83. Merknad: Avstanden mellom merke nr. 79 og merke nr. 80 på dette grensestykket er 44,7 m.

Frå merke nr. 83 går grensa mot vest sørvest (58)m til vinkelstein, merke nr. 84, og derifrå går ho siktebein mot nord nordvest, først 35,7 m til gst.nr. 85, så (40)m til gst.nr. 86, og så (10) m til den søre kanten for grunnen åt Sandstølvegen.

Grense nr. 22 tek til i grensa mot Venås og i eit punkt som ligg 1,1 m austanfor merke nr. 51. Derifrå går ho siktebein mot aust til nord, først 0,8 m til gst.nr. 87, så 42,4 m til gst.nr. 88, så 60 m til gst.nr. 89, og så 0,7 m til grense nr. 21 og eit punkt som ligg 0,7 m søranfor merke nr. 85.

Kartverket Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

Grense nr. 23 tek til i merke nr. 83 i grense nr. 21 og går siktebein mot aust til sør,først 0,6 m til gst.nr. 90, så 103,4 m til gst.nr. 91,og så (72)m til vinkelstein,merke nr. 92. Derifrå går grensa siktebein mot nord nordaust 31,9 m til gst.nr. 93, og vidare 26,9 m til vinkelstein,merke nr. 94. Deretter går grensa siktebein mot vest til sør til grense nr. 21, slik: 37 m til gst. nr. 95, så (84)m til gst.nr. 96, så 80 m til gst.nr. 97,og så 4,2 m til endepunktet. Det ligg 2,8 m i nord for merke nr. 82.

Grense nr. 24 tek til i skiftegrense nr. 61 og 0,5 m i vest for merke nr. 498.Derifrå går ho mot nord til aust 0,5 m til gst.nr. 98,og så 13,2 m til vinkelstein,merke nr. 99. Derifrå går ho siktebein mot vest sørvest,først 30,8 m til gst.merke nr.100,og så 23,1 m til vinkelstein,merke nr. 101. Så går grensa siktebein mot nord til vest,først 13,8 m til gst.nr. 102, så 30 m til gst. nr. 103,og så går ho langsmed den austre kanten av Marihaugen til gst.nr. 104 attmed den nøre spissen på haugen. Frå dette merket går grensa siktebein mot nord,først 17 m til gst.nr. 105, så 18 m til gst.nr. 106,og så 5 m til Marivatnet.

Grense nr. 25 tek til i den austre enden på Marivatnet.Derifrå går ho siktebein mot aust til nord,først (18)m til gst.nr. 107, så 29,6 m til gst.nr. 108,og så (41)m til vinkelstein,merke nr. 109. Derifrå går grensa siktebein mot sør søraust,først 53 m til gst.nr. 110, så 18,9 m til gst.nr. 111,og så 4 m til ein haug.

Grense nr. 26 tek til i grense nr. 25 og 0,6 m i sør for merke nr. 110,og derifrå går ho mot aust til nord 0,9 m til gst.nr. 112,og så 26,3 m til vinkelstein,merke nr. 113.Derifrå går grensa siktebein mot nord til vest,først 27,4 m til gst.nr. 114, og så 24,2 m til vinkelstein,merke nr. 115. Så går ho siktebein mot aust nordaust,først 24,3 m til gst.nr. 116,og så (18)m til vinkelstein nr. 117. Deretter går grensa (33,5)m til vinkelstein, merke nr. 118, og så går ho mot sør søraust (58)m til vinkel-

Kartverket
Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

stein,merke nr. 119,og i same lei (49)m til vinkelstein,merke nr. 120,attmed den søre enden på ei lita tjønn. Frå dette merket går grensa siktebein mot sørvest til vest,først (61,5)m til gst.nr. 121, så 60,6 m til vinkelstein,merke nr. ~~122~~ 122, og derifrå går ho 3 m mot nord nordvest til vinkelstein,merke nr. 504 i enden på skiftegrense nr. 61.

Grense nr. 27 tek til i merke nr. 119 i grense nr. 26,og ho går siktebein mot sørvest til vest,først 0,6 m til gst.nr. 123, så (28)m til gst.nr. 124, så 21 m til gst.nr. ~~125~~ 125,og så 0,6 m til ein haug,kartfig.nr. 1265 og 1308.

Grense nr. 28 går siktebein mot nord til aust frå merke nr. 99 i grense nr. 24,slik: 67,9 m til gst.nr. 126,så 54,7 m til gst. nr. 127, så 43,3 m til gst.nr. 128,og så 4,5 m til sørkanten på Marivatnet.

Grense nr. 29 går siktebein mot nord til aust frå skiftegrense nr. 61. Frå gst.nr. 129 attmed utgangspunktet er det 72 m til gst.nr. 130. Så er det 54 m til gst.nr. 131, så 44 m til gst. nr. 132,og så 2 m til Marivatnet.

Grense nr. 30 går siktebein mot nord til aust frå eit punkt som ligg 0,4 m vestanfor merke nr. 499 i skiftegrense nr. 61. I denne grensa er det først 0,4 m til gst.nr. 133. Så er det 68,5 m til gst.nr. 134, så 49 m til gst.nr. 135,så (56)m til gst.nr. 136,og så er det 2 m til Marivatnet.

Grense nr. 31 går siktebein mot nord til aust frå skiftegrense nr. 61 til grense nr. 25. Frå gst.nr. 137 nær utgangspunktet er det 68 m til gst.nr. 138. Så er det (45)m til gst.nr. 139, så (63)m til gst.nr. 140, og så ca. 1 m til endepunktet.

Grense nr. 32 går siktebein mot nord til aust frå eit punkt som ligg 1,1 m vestanfor merke nr. 500 i skiftegrense nr. 61,og derifrå er det 1,8 m til gst.nr. 141. Deretter er det 65 m til gst. nr. 142, så 40,5 m til gst.nr. 143, så 68,6 m til gst.nr. 144,

Kartverket Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

og så 1,1 m til endepunktet. Det ligg i grense nr. 25 og 0,6 m vestanfor merke nr. 107.

Grense nr. 33 går siktebein mot nord til aust frå eit punkt som ligg 0,7 m vestanfor merke nr. 501 i skiftegrense nr. 61. Derifrå er det 2 m til gst.nr. 145, så er det 54,7 m til gst.nr. 146, så 36,6 m til gst.nr. 147, så 79,8 m til gst.nr. 148, og så 0,9 m til endepunktet. Det ligg 1,7 m vestanfor merke nr. 108 i grense nr. 25.

Grense nr. 34 går siktebein mot nord til aust frå eit punkt som ligg 1 m vestanfor merke nr. 502 i skiftegrense nr. 61. Ho er merkt slik: Det er først 1,4 m til gst.nr. 149, så er det 49,5 m til gst.nr. 150, så 28,8 m til gst.nr. 151, så 90 m til gst.nr. 152, og så 0,5 m til grense nr. 25.

Grense nr. 35 går siktebein mot nord til aust frå eit punkt som ligg 0,7 m vestanfor merke nr. 503 i skiftegrense nr. 61, slik: Det er 1,4 m til gst.nr. 153, så er det 21,2 m til gst.nr. 154, og så 21,4 m til vinkelstein, merke nr. 155.

Grense nr. 36 tek til i nøre kanten på ein haug, kartfig.nr. 1308, og frå gst.nr. 156 attmed haugen går ho siktebein mot nord til aust, først 44,4 m til gst.nr. 157, og 37,8 m til gst. nr. 158. Derifrå 3,6 m til grense nr. 25.

Bruksrettar til brenntorv.

B, gnr. 20, bnr. 2 skal ha rett til å spa brenntorv i 10 år på den teigen som ligg mellom grense nr. 6 og grense nr. 7 på vestsida av fylkesvegen i Langlia. I vest ender torvstykket i grense nr. 4. Det er Ludvik Johs. Skutholm som eig dette bruket no.

F, gnr. 21, bnr. 1, Anna og Edvard Heimen, skal ha rett til å spa brenntorv i 10 år på det stykket som ligg mellom grense nr. 8 og grense nr. 9 på vestsida av fylkesvegen i Langlia.

G, gnr. 21, bnr. 2, eigar Anders A. Hagen, fekk rett til å spa ut

Kartverket
Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

brenntorven i desse 2 stykka:

1. Eit stykke som i sør støyter til Revløkholen, og som elles er avgrensa av den vestre kanten av grunnen åt Svartholvegen i nordaust, av torvgrense nr. 11 i nordvest, og av grensa mot garden Venås i sørvest.
2. Eit stykke som støyter til grunnen åt Svartholvegen i aust, til torvgrense nr. 13 i sør, og til noko av torvgrense nr. 12 i vest og i nord.

I, gnr. 21, bnr. 4, eigar Johan Haugnes, fekk rett til å spa ut brenntorven på eit stykke som ligg i teigen åt bnr. 35. Det støyter i sør til skiftegrense nr. 55, og i aust nord og vest støyter det til heile torvgrense nr. 3 og til den austre kanten på den bergfiguren som har nr. 468 på kartet.

L, gnr. 21, bnr. 7, eigar Anders O. Male, fekk rett til:

1. Å spa brenntorv i 10 år på det stykket som ligg mellom brenntorvgrensene nr. 5 og nr. 6 vestanfor fylkesvegen i Langlia. I vest støyter stykket til noko av brenntorvgrense nr. 4.
2. Å spa brenntorv på kartfigur nr. 458 på austsida av skiftegrense nr. 31. Han kan ikkje spa lengre mot nord enn 55 m målt langsmed den grensa frå den nøre kanten av veg nr. 1, og han kan ikkje spa lengre mot aust enn 30 m rekna ifrå den same skiftegrensa. Retten til å spa brenntorv på dette stykket skal gjelde i 15 år.

V, gnr. 21, bnr. 17, eigar Anders O. Hagen, skal ha rett til å spa ut brenntorven på desse 2 stykka:

1. Eit stykke som støyter til skiftegrense nr. 55 i sør. Stykket er eller ringa inne av brenntorvgrense nr. 10.
2. Eit stykke som støyter til grunnen åt Svartholvegen i nordaust, til noko av brenntorvgrense nr. 12 i sør og i vest, og til heile brenntorvgrense nr. 13 i nord.

Ø, gnr. 21, bnr. 23, Lysaker, eigar Hans H. Male, skal ha rett til

Kartverket Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

å spa brenntorv i den gamle teigen sin i 10 år rekna frå den tid jordskiftet tek til å gjelde. Den teigen ligg no på dei nye lottane åt gnr. 21,bnr. 3, og bnr. 21 på nordsida av veg nr. 1.

H², gnr. 21,bnr. 31, eigar Oskar A.Haugnes, fekk rett til å spa ut brenntorven på eit stykke som i sør støyter til den nøre kanten på veg nr. 1, i vest til heile torvgrense nr. 2, i nord til noko av torvgrense nr. 1,og i aust til noko av skiftegrense nr.31.

K², gnr. 21,bnr. 34, eigar Markus J.Male, fekk rett til å spa brenntorv i 10 år på det stykket som ligg mellom noko av skiftegrense nr. 139 og torvgrense nr. 5 vestanfor fylkesvegen i Langlia. I vest støyter stykket til noko av torgrense nr. 4.

L², gnr. 21,bnr. 35, eigar Johan Haugnes, fekk rett til å spa brenntorv i 10 år på det stykket som ligg mellom torvgrense nr. 7 og nr. 8 vestanfor fylkesvegen i Langlia. I vest støyter stykket til noko av torvgrense nr. 4.

O²,gnr. 21,bnr. 38, eigar Ivar I.Bjørsnøs, fekk rett til å spa ut brenntorven på eit stykke som i sør støyter til noko av skiftegrense nr. 139,og som elles er ringa inne av torvgrense nr. 4.

U²,gnr. 21,bnr. 44, eigar Laurits L.Hagen, fekk rett til å spa ut brenntorven på eit stykke som ligg i søraust for Marihaugen. Det støyter i vest til noko av torvgrense nr. 21, og elles er det ringa inne av brenntorvgrense nr. 23.

Y², gnr. 21,bnr. 45, eigar Kristine E.K.Male, fekk rett til å spa ut brenntorven på eit stykke som i sør støyter til den nøre kanten på veg nr. 1, i vest og nord til noko av torvgrense nr. 1, og som i aust støyter til heile torvgrense nr. 2.

Y², gnr. 21,bnr. 48, eigar Hans H.Myren, fekk rett til å spa ut brenntorven på eit stykke som ligg på nordsida av Svartholen,og som i sør støyter til kanten av den haugen. I vest støyter stykket til torvgrense nr. 15, i nord til torgrense nr. 14, og i aust støyter stykket til grunnen åt Svartholvegen.

Kartverket
Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

I³,gnr.21,bnr. 60, eigar Alfred Fr.Vikene, fekk rett til å spa ut brenntorven på eit stykke som i nordaust støyter til skiftegrense nr. 67. I sør støyter stykket til noko av skiftegrense nr. 62, i sørvest til heile torvgrense nr. 17,og i nord støyter det til noko av skiftegrense nr. 82.

Q³,gnr. 26,bnr. 1, eigar Øyving Brennholm,fekk rett til å spa ut brenntorven på eit stykke som støyter til heile torvgrense nr. 19, i aust, og som elles er ringa inne av noko av torvgrense nr. 18.

R³,gnr. 26,bnr. 2, eigar Konrad Vikene, fekk rett til å spa ut brenntorven på eit stykke som i nord støyter til noko av torvgrense nr. 25. I aust støyter det til noko av torvgrense nr. 25 og til heile torvgrense nr. 36. I sør støyter stykket til den nøre kanten på bergfigur nr. 1308,og i vest til noko av torvgrense nr. 34.

S³,gnr. 26,bnr. 3,eigar Emil E.Vikene, fekk rett til å spa ut brenntorven på eit stykke som støyter til heile torvgrense nr. 19 i vest. Elles er stykket ringa inne av noko av torvgrense nr. 18.

T³,gnr. 26,bnr. 4, eigar Ludvik L. Hagen, fekk rett til å spa ut brenntorven på eit stykke som i nord støyter til noko av skiftegrense nr. 82, i nordaust til heile torvgrense nr. 17, i sør til noko avskiftegrense nr. 62, og i sørvest til heile torvgrense nr. 16.

U³,gnr. 26,bnr. 5,eigar Bjarne Heimgård,fekk rett til å spa ut brenntorven på ein teig som i nord støyter til heile brenntorvgrense nr. 20 og sørkanten på Marihaugen. I nordaust støyter stykket til noko av brenntorvgrense nr. 21, i sør til heile torvgrense nr. 22 og grensa mot garden Venås. Sandstølvegen går gjennom stykket.

V³,gnr. 26,bnr. 6, eigar Olav Nygård, fekk rett til å spa ut

Kartverket Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

brenntorven på eit stykke som i nordvest støyter til den austre kanten på Marihaugen,og som elles på den kanten,og likeeins i nordaust, sør og sørvest, er ringa inne av torvgrense nr. 21. Sandstølvegen går gjennom stykket.

W³,gnr. 26,bnr. 7, eigar Oluffa Nerland,fekk rett til å spa ut brenntorven på eit stykke som støyter til Marivatnet i nord, til heile torvgrense nr. 28 i aust,og som støyter til det meste av torvgrense nr. 24 i sør og i vest.

X³,gnr. 26,bnr. 8, eigar Peder Johnsen Lervik, fekk rett til å spa ut brenntorven på eit stykke som i nord støyter til Marivatnet, i aust til heile torvgrense nr. 29, i sør til noko av skiftegrense nr. 61,og som i vest støyter til litt av torvgrense nr. 24 og til heile torvgrense nr. 28.

Y³,gnr. 26,bnr. 9, eigar Hermann ~~Herskedal~~ P.Grønnevik,fekk rett til å spa ut brenntorven på eit stykke som ligg mellom brenntorvgrensene nr. 30 og nr. 31. I nord støyter stykket til Marivatnet og til litt av torvgrense nr. 25,og i sør støyter det til noko av skiftegrense nr. 61.

Z³,gnr. 26,bnr. 11, eigar Johan T.J.Vikene,fekk rett til å spa ut brenntorven på eit stykke som ligg mellom torvgrensene nr. 32 og nr. 33.I nord støyter stykket til noko av torvgrense nr. 25,og i sør til noko av skiftegrense nr. 61.

Æ³,gnr. 26,bnr. 12, eigar Trygve P.Vikene, fekk rett til å spa ut brenntorven på ~~øiv~~ det stykke t/som ligg mellom torvgrensene nr. 33 og nr. 34. Stykket støyter i nord til noko av torvgrense nr. 25, og i sør til noko av skiftegrense nr. 61.

ø³,gnr. 26,bnr. 13, eigar Lars S.Viken, fekk rett til å spa ut brenntorven på eit stykke som ligg mellom noko av torvgrense nr. 34 og heile torvgrense nr. 35. I nord støyter stykket til den sørvestre enden av bergfigur nr. 1308, og i sør støyter det til noko av skiftegrense nr. 61.

Kartverket
Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

A^4, gnr. 26,bnr. 15, Olav Tomassen Vikan, fekk rett til å spa ut brenntorven på det stykket som ligg mellom torvgrensene nr. 31 og nr. 32. Stykket støyter i nord til noko av trovgrense nr. 25,og i sør til noko av skiftegrense nr. 61.

B^4, gnr. 26,bnr. 16, eigar Johan N.Solheim, fekk rett til å spa ut brenntorven på det stykket som ligg mellom torvgrensene nr. 29 og nr. 30. Stykket støyter i nord til Marivatnet,og i sør til noko av skiftegrense nr. 61.

C^4, gnr. 27,bnr. 1, eigar Anton B. Skutholm, fekk rett til å spa ut brenntorven på eit stykke som i nord støyter til bergfigurane nr. 1265 og 1308 og heile torvgrense nr. 27. I nordaust støyter stykket til noko av torvgrense nr. 26, i sør til noko av torvgrense nr. 26 og noko av skiftegrense nr. 61, og i vest til heile torvgrense nr. 35. Sjå elles D^4.

B^4, gnr. 27,bnr. 2, eigar Anton B.Skutholm, skal ha rett til å spa brenntorv ilag med gnr. 27,bnr. 1 på det stykket som er innskrive bak C^4 ovanfor.

E^4, gnr. 27,bnr. 5, Harald Gammelsæter,fekk rett til å spa ut brenntorven på eit stykke som i sør støyter til heile torvgrense nr. 27 og nordkanten på bergfigurane nr. 1265 og 1308. I vest støyter stykket til noko av torvgrense nr. 25,og elles i vest og i nord og i aust til noko av torvgrense nr. 26.

F^4, gnr. 28,bnr. 9, eigar Ole Tomassen, fekk rett til å spa ut brenntorven på eit stykke som i sør støyter til den nøre kanten på bergfigur nr. 1308, i vest til heile torvgrense nr. 36, og som i nordaust støyter til noko av torvgrense nr. 25. Stykket går i ein spiss i nord.

Merknader om torvrettane.

Alle åremål som er nemnde for brenntorvrettane ovanfor,skal reknast frå den dagen då dette jordskiftet tek til å gjelde. Den brenntorven som er att på bruksstykka når åremålet er ute,

Kartverket Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

skal deretter høyre til det bruket som torvretten har kvilt på.

Alle som ovanfor har fått rett til å spa brenntorv på marka åt andre, skal leggje att på grunnen eit så djupt moldlag som det er sagt i "Lov om vern mot jordøydeleggjing." Den lova er frå 18.mars 1949.

Alle som ikkje kan kome åt bruksstykka sine etter dei vegane som det vert skrive om lengre ute i rettsboka, skal ha rett til å lage seg ein så god veg som dei ynskjer, mellom ein slik veg og torvstykket, på marka åt den som eig grunnen under stykket.

Alle som har fått torvrettar skal ha rett til å ta turvande grøfter på eller frå stykka sine,og dei som har slike rettar utan åremål,skal ha rett til å setje opp torvhus på bruksstykka sine. Brukarane skal flytte slike hus derifrå så snart det ikkje er att meir torv på stykka. Alle som finn røter i torven på bruksstykka sine,skal ha rett til å ta dei.

Ingen har rett til å spa ut brenntorven på grunnen åt vegane i skiftefeltet.

Merknad om brenntorven på littera H sin teig nr. 6 i lottinga: Denne teigen var opphavleg rekna som tilleggsjord åt gnr. 21,bnr. 60, men så synte det seg at det bruket ikkje skulle ha tilleggsjord,og ein laut derfor føre grunnverdien i teigen over til gnr. 21, bnr. 3,medan gnr. 21,bnr. 60,og gnr. 26, bnr. 4, fekk kvar sitt bruksstykke til brenntorv på teigen. All brenntorven i teigen var på førehand frårekna til sal åt slike som hadde fått rett til å kjøpe torv i Vikane,og derfor må no eigaren av gnr. 21,bnr. 3, eller ein mogleg kjøpar,betale for resten av brenntorven i denne teigen i samsvar med vedtak som jordskifteretten har gjort om det. Sjå under bolken om betaling for brenntorv.

Kartverket
Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

Vegane i skiftefeltet.

Offentlege vegar:

1. Bygdevegen mellom innmarka på Malefeten og grensa mot Sundet, gnr. 28 i Bud. Denne vegen har i Vikane ein arm til Soløya.
2. Fylkesvegen eller Langlivegen frå grensa mot garden Hustad til grensa mot garden Venås i den søre luten av skiftefeltet.
3. Av den vegen som går frå Venås Bru til gardane Venås og Skarset, ligg ein stubb inne på skiftefeltet.
4. Veg frå innmarka på Male til Askevågen. Vegen går over innmarkene åt gnr. 20, bnr. 2, gnr. 21, bnr. 2 og gnr. 21, bnr. 17 i dette skiftefeltet.

Alle vegane som er nemnde ovanfor, og dei rettane som høyrer til dei, er urøyvde av dette jordskiftet.

Andre vegar som er bygde eller som skal byggjast:

5. Veg frå veg nr. 4 til Haugneset. Eigarane av bnr. 4,5,22,31 og 32 på Male, Johan Haugnes, Hans K.Male og Oskar Haugnes, har bygt og halde istand veg frå veg nr. 4 til Haugneset på grunn som dei har kjøpt av gnr. 20, bnr. 2 mellom tunet på det bruket og Askevågen. Partane har sagt ifrå om at dei har fått noko kommunal hjelp til denne vegen, og elles har eigarane av gnr. 20, bnr. 2 og gnr. 21, bnr. 2 og bnr. 17 hjelpt dei litt med vegarbeidet.

Dei 3 eigarane på Haugneset skal halde istand veg nr. 5 også i framtida, og slik at Johan Haugnes for bnr. 4 og 5, Oskar Haugnes for bnr. 31 og 32 og Hans K.Male for bnr. 22 ber 1/3 kvar av vedlikehaldet.

Frå den tid jordskiftet tek til å gjelde, skal eigarane av gnr. 20, bnr. 2 og gnr. 21, bnr. 2, bnr. 3, bnr. ~~17,~~ bnr. 28,35 og bnr. 64 har rett til å fare etter denne vegen mellom veg nr. 4 og veg nr. 10 på vestsida av Askevåg-leira, - bnr. 3 heilt til veg nr. 27 - men til vederlag for at dei då får bruke eim veg

Kartverket Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

som for det meste er laga av eigarane på Haugneset,skal dei lette dei eigarane for noko vegarbeid på veg nr. 10,sjå den vegen.

Veg nr. 5 er innteikna på kartet.

6. Veg frå veg nr. 2 til det området som vart skylddelt ifrå dei såkalla sjølveigarbruka på Malefeten og Male i 1936, og som då fekk bnr. 43 og namnet Malundmyr. Kjøparen fekk gratis veggrunn på sameigemarka åt seljarane,og han fekk gratis grus til byggjearbeidet på vegen, dersom han kunne finne grus innan "rimelig avstand" på marka deira. Det er ingen ting sagt om kor brei vegen skulle vere. Vegen er innteikna på kartet.

7. Synnvadvegen. Dei lotteigarane som vert nemnde nedanfor, skal byggje ein 3 m brei veg frå veg nr. 1 og over Tipphaugen og Synnvadhaugen til veg nr. 2 i Langlia. Mellom veg nr. 1 og grensemerke nr. 74 i grense nr. 1 skal veg nr. 7 fylgje den vegen som går til grustaket søranfor Tipphaugen, og elles er det etla ei 6 m brei strimle til grunn åt denne vegen innåt og på vestsida av grense nr. 1,frå merke nr. 74 til grense nr. 16. Søranfor grense nr. 16 skal vegen fylgje noko så nær den gamle vegen der, men den som kjem til å stikke veg nr. 7,skal ha rett til å leggje han der som han finn at det høver best på dette siste stykket.

Veggrunnen er innteikna på kartet. Han er sameige etter gammal skyld for dei gamle bruka på Malefeten og Male, og med partar etter dalarskyld eller ny skyld for dei bruka som har fått lottane sine etter det i dette skiftet.

Vegen skal byggjast slik at ein utan vanske kan køyre på han med traktor, og han skal ha turvande grøfter, stikkrenner og møteplassar. Han skal vere ferdig innan 10 år etter at jordskiftet tek til å gjelde.

Desse lotteigarane på gnr. 21, Male, skal byggje og halde

Kartverket
Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

istand vegen etter desse høvestala: Bnr. 6 = 530, bnr. 9 = 259, bnr. 10 = 210, bnr. 20 = 37, bnr. 21 = 275, bnr. 23 = 123, bnr. 24 = 72, bnr. 34 = 248, bnr. 35 = 666, bnr. 36 = 315, og bnr. 38 = 44.

Trygve Male, medeigar i bnr. 21, skal vere vegsjef her.

8. Svartholvegen. Dei lotteigarane som vert nemnde nedanfor, skal byggje og halde istand ein 3 m brei veg frå veg nr. 1, forbi den austre enden på Svartholen og til veg nr. 2 vestanfør Venås Bru. Det er etla ei 8 m brei grunnstrimle åt denne vegen innåt og på sørvestsida av grense nr. 55.

Veggrunnen er teikna inn på kartet. Alle gamle og yngre bruk på Male som har fått lottar etter skyld i dette skiftet, eig i veggrunnen etter skyldtalet sitt.

Vegen skal byggjast slik at ein utan vanske kan køyre på han med traktor, og han skal ha turvande grøfter, stikkrenner og møteplassar. Han skal vere ferdig innan 10 år etter at jordskiftet tek til å gjelde.

Desse lotteigarane på gnr. 20, Malefeten, og gnr. 21, Male, skal byggje og halde istand vegen etter desse høvestala:

Gnr. 20: Bnr. 1 = 329, bnr. 3 = 253, bnr. 4 = 485, og bnr. 5 = 355.

Gnr. 21: Bnr. 8 = 450, bnr. 48 = 136, bnr. 49 = 107, bnr. 50 = 119, bnr. 51 = 59, bnr. 52 = 56, bnr. 53 = 65, bnr. 54 = 70, og det bruket som Hustad kommune har oreigna til bate for Fredrik Myren = 62.

Hans Myren, eigaren av bnr. 48, skal vere vegsjef.

9. Sandstølvegen med Kirkestølvegen. Dei lotteigarane som vert nemnde nedanfor skal byggje og halde istand Sandstølvegen og sidearmen Kirkestølvegen.

Det er teke unna ei 6 m brei grunnstrimle åt Sandstølvegen innåt og på vestsida av grense nr. 61, frå veg nr. 1 i Vikane

Kartverket Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

og så langt som grense nr. 61 rekk. Likeeins er det teke unna ei 6 m brei grunnstrimle åt Kirkestølvegen innåt og på sørsida av grense nr. 62, frå merke nr. 478 i grense nr. 61 til grense nr. 67.

Veggrunnen er teikna inn på kartet. Alle eldre og yngre bruk som har fått lottar etter skyld i utmarka på Male, eig i grunnen i samsvar med dei høvestala som lottane er rekna ut etter.

Sandstølvegen med Kirkestølvegen skal vere 3 m brei, og han skal byggjast slik at ein utan vanske kan køyre på han med traktor. Han skal ha turvande grøfter, stikkrenner og møteplassar. Vegen skal vere ferdig innan 10 år etter at jordskiftet tek til å gjelde.

Desse lotteigarane på Male, gnr. 21, Brennholmen, gnr. 26, Skutholmen, gnr. 27 og Sundet, gnr. 28, skal byggje og halde istand vegen etter desse høvestala:

Gnr. 21: Bnr. 1 = 484, bnr. 3 = 796, bnr. 7 = 437, bnr. 44 = 50, bnr. 55 = 183, bnr. 56 = 97, bnr. 57 = 65, bnr. 58 = 58, bnr. 59 = 56, bnr. 60 = 31, og bnr. 62 = 19.

Gnr. 26: Bnr. 1 = 94, bnr. 2 = 37, bnr. 3 = 70, bnr. 4 = 49, bnr. 5 = 23, bnr. 6 = 119, bnr. 7 = 48, bnr. 8 = 51, bnr. 9 = 12, bnr. 11 = 47, bnr. 12 = 45, bnr. 13 = 41, bnr. 16 = 47, bnr. 15 = 12.

Gnr. 27: Bnr. 1 = 45, bnr. 2 = 30, bnr. 5 = 40.

Gnr. 28, bnr. 9 = 17.

Edvard Heimen, som er medeigar i gnr. 21, bnr. 1, skal vere sjef for denne vegen.

10. Ruggbogvegen. Dei bruka som vert nemnde nedanfor skal lage til og halde istand ein veg som skal gå frå veg nr. 5, langsmed vestsida av Askevåg-leira til grense nr. 38, og derifrå langsmed den grensa til teigen åt gnr. 21, bnr. 28, Åsbø.

Kartverket
Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

Det er teke unna 6 m brei grunn åt denne vegen, og grunnen er sameige mellom dei bruka som har partar i grunnen åt veg nr. 8 og veg nr. 9, og etter dei høvestala som er nemnde der.

Mellom veg nr. 5 og grense nr. 38 er den sørvestre kanten på veggrunnen merkt slik: Hovudleia går mot søraust, og frå merke nr. 366 i grense nr. 49 er det (32)m til kross i berg, og deretter er det først (41)m, så (46)m og så (25)m til krossar i berg. Så er det (52)m til merke nr. 364 i grense nr. 48, så fell ~~veggrunnen~~ kanten for veggrunnen ihop med grense nr. 48 til merke nr. 358, og så går han i same lei til grense nr. 38. Resten av veggrunnen ligg på den søraustre sida av grense nr. 38, og med den nordvestre kanten i den grensa.

Veggrunnen er teikna inn på kartet.

Vegen skal vere 3 m brei, og han skal ha turvande grøfter, stikkrenner og møteplassar. Han skal vere ferdig innan 10 år etter at jordskiftet tek til å gjelde.

Desse lotteigarane på gnr. 20, Malefeten, og gnr. 21, Male, skal byggje vegen etter desse høvestala: Gnr. 20, bnr. 2 = 232. Gnr. 21: Bnr. 2 = 124, bnr. 4 = 14, bnr. 5 = 29, bnr. 15,16 og 39 = 56, bnr. 17 = 143, bnr. 22 = 8, bnr. 26 = 61, bnr. 28 = 115, bnr. 31 og 32 = 26, bnr. 42 = 74, bnr. 45 = 49, og bnr. 64 = 24.

Dei same bruka skal halde ~~xxkxxx~~ vegen istand etter desse høvestala:

Gnr. 20, bnr. 2 = 198. Gnr. 21: Bnr. 2 = 91, bnr. 4 = 32, bnr. 5 = 67, bnr. 15,16 og 39 = 56, bnr. 17 = 110, bnr. 22 = 19, bnr. 26 = 61, bnr. 28 = 115, bnr. 31 og 32 = 59, bnr. 42 = 74, bnr. 45 = 49 og bnr. 64 = 24.

Eigaren av gnr. 20,bnr. 2, Ludvik Johs. Skutholm, skal vere vegsjef.

11. Eigaren av bnr. 41, Ingeborg Lindset, skal byggje og halde

Kartverket Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

istandein 3 m brei veg mellom veg nr. 1 og sin eigen teig på sørsida av Rugga. Vegen skal ta til i veg nr. 1 på vestsida av Ruggebrua, og han skal gå med hovudlei mot sør og, etter eit stykke, svinge meir mot aust til grenseline nr. 56, og deretter skal han halde fram langsmed vestsida av grense nr. 56 (130)m søretter. Vegen er innteikna på kartet, og i marka er han merkt slik i den vestre kanten: Det er (12)m frå veg nr. 1 til grensestein, så (39)m til kross i berg, så (31)m til kross i berg, så (69)m til grensestein, så (48)m til kross i berg, og deretter held denne kanten fram siktebein etter dei 2 siste merka til vegsvingen attmed grense nr.56.

Veggrunnen er 6 m brei. Han høyrer til dei same bruka som eig grunnen åt veg nr. 8 og veg nr. 9 og på same vis som det er sagt der.

Vegen skal ha turvande grøfter og stikkrenner. Han skal vere ferdig innan 10 år etter at jordskiftet tek til å gjelde.

Omframt bnr. 41 skal gnr. 21, bnr. 8 ha rett til å bruke vegen, og likeeins eigaren av gnr. 21, bnr. 26, dersom han vil lage seg bru over Rugga.

Eigaren av gnr. 21, bnr. 41 skal ikkje ha arbeidsplikt eller vedlikehald på andre vegar i skiftefeltet. Høvestalet er rekna til 306.

12. Framhald av veg på innmarka over Remma. Gnr. 21, bnr. 3, 14 og 63 skal fare til og ifrå stykka sine i søraust for Remma etter ein 3 m brei veg som skal ta til i bytet mot innmarka på bnr. 1, og i den vegen som ligg på innmarka der.

På det første stykket skal vegen falle ihop med vegen til gnr. 21, bnr. 71, Lindset, men frå ein grensestein som er sett i den austre kanten på Lindset-vegen, skal den søre kanten for veg nr. 12 gå (48)m mot sør søraust til grensestein, og så 55,9 m mot søraust til nedsett stein i

Kartverket
Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

grensa mot innmarka. Deretter fell den søre vegkanten ihop med grensa mot innmarka,og vegen ligg då på den marka aust-etter til Monshaugen. Deretter går han inn på bnr. 14 sitt stykke og langsmed berget i Monshaugen til grense nr. 31.

Vegen er teikna inn på kartet. Dei bruka som vegen ligg på,eig veggrunnen innanfor grensene sine.

Eigaren av bnr. 14, Remmen, og eigaren av bnr. 63, Soltun, skal lage og halde istand denne vegen med ein halvpart kvar slik at ein utan vanske kan kome fram på han med traktor, og dei skal med det ha svara for høvestala sine som er = 43 på kvar. Han skal vere ferdig innan 10 år etter at jordskiftet tek til å gjelde.

13. Veg frå veg nr. 1 til Stranden i Vikane. På denne vegen som er 4 m brei når grøfta er medrekna, er det bygt mykje før. Desse lotteigarane på gnr. 21 skal gjere istand vegen slik som dei ynskjer det sjølve, og til den tida som dei veit å vinne det, etter desse høvestala: Bnr. 49 = 2/12, bnr. 50 = 2/12, bnr. 51 = 2/12, bnr. 52 = 1/12, bnr. 53 = 2/12, bnr. 19 = 1/12, bnr. 27 = 1/12 og bnr. 29 = 1/12.

Eigaren av bnr. 50, Jørgen Myrbø, skal vere vegsjef.

Vegen er teikna inn på kartet. Veggrunnen er sameige for dei lotteigarane og etter dei høvestala som er nemnde for veg nr. 8 og veg nr. 9.

14. Eigaren av gnr. 21, bnr. 52, Jonas Stranden, skal ha rett til å lage seg ein 3 m brei veg frå veg nr. 13 og over marka år bnr. 51 til Strandahaugen, bnr. 52.

Vegen er teikna inn på kartet. Så langt som vegen går over bnr. 51,skal grunnen høyre til det bruket.

15. Veg frå veg nr. 13,over marka åt gnr. 21, bnr. 3 og bnr. 27 til bnr. 29, Stemsros. Eigarane av bnr. 27 og bnr. 29 skal ha rett til å vøle den vegen som er innteikna på kartet. Den

Kartverket Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

luten av vegen som fell mellom grense nr. 126 og grense nr. 134, er merkt slik i marka: Frå grense nr. 126 går den søraustre vegkanten (4)m mot nord til kross i berg. Deretter (21)m mot nord til kross i berg, så (14)m mot nordaust til kross i berg, så meir mot nordaust (54)m til kross i berg, så mot nordaust (13)m til kross i berg, og deretter noko meir mot nord (18)m til grense nr. 134.

Vegen er 3 m brei, men attåt det kjem turvande grøfter. Dei bruka som vegen ligg på, eig grunnen innanfor grensene sine.

Eigaren av bnr. 27, Nygård, og eigaren av bnr. 29, Stemsrod, skal bere kvar sin halvpart av vegarbeidet og vedlikehaldet, eller av kostnaden med dei arbeida.

16. Veg til Nyheim og Sjåholm frå veg nr. 1. Eigarane av gnr. 21, bnr. 33, Nyheim, og bnr. 54. Sjåholm, skal ha rett til å byggje ein 3 m brei veg med turvande grøfter over gnr. 26, bnr. 1, og over gnr. 21, bnr. 33 til tunet på Sjåholm. Vegen er innteikna på kartet, og ein lut av han er merkt slik i marka: Frå veg nr. 1 går den nordaustre vegkanten med hovudlei mot nordvest (5)m til merkestein, og så (38)m til kross i berg. Derifrå litt meir mot nord (112)m til kross i berg, og så litt meir mot vest (103)m til merkestein. Så går han mot nord til vest (28)m til kross i berg, og så mot nordvest (44)m til kross i berg. Derifrå kan dei som har rett til å byggje vegen, halde fram til tunet på Sjåholm etter eige ynskje. Dei skal bere ein halvpart kvar av kostnaden eller arbeidet med å få istand vegen, og med vedlikehaldet.

Veggrunnen er privateige for dei bruka som han ligg på.

17. Naustveg frå veg nr. 13 over gnr. 21, bnr. 49 og bnr. 54 til naustområdet på kartfigur nr. 1108. Frå veg nr. 13 til tunet på bnr. 49 skal dette vere den same vegen som no ligg

Kartverket
Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

der,og som er teikna inn på kartet. Derifrå er vegen merkt i marka og teikna inn på kartet slik: Frå ein merkestein nordanfor den vestre enden på stovehuset på bnr. 49 går den nøre vegkanten (61)m mot vest til sør til merkestein, deretter litt meir mot vest (53)m til merkestein, så omtrent i same lei (95)m til kross i berg, og deretter omtrent i same lei (104)m til kross i berg. Deretter går han litt meir mot sør (60)m til merkestein, og så litt meir mot vest (50)m til merke nr. 1052 i grensa for nausttomtene.

Dei partane som skal bruke vegen, bnr. 48, bnr. 49 og det bruket som Hustad kommune oreigna for Fredrik Myren i 1954, skal ha rett til å gjere han 3 m brei, og dei skal bere arbeidet og kostnaden både med byggjearbeidet og vedlikehaldet slik: Bnr. 48 = 2/7, bnr. 49 = 2/7 og kommunen sitt bruk = 3/7. Det er då teke omsyn til at kommunen sitt bruk får fare etter den vegen som alt er istandsett mellom veg nr. 13 og tunet, eit stykke som eigaren av bnr. 49 skal halde vedlike, og likeeins er det teke omsyn til at bnr. 48 skal få leggje ein veg frå tunet sitt til veg nr. 17, og at eigaren av det bruket må lage og halde istand den vegen sjølv. Sjå den vegen på kartet. Han går mot nordvest frå merke nr. 906 i grense nr. 121, i den nøre kanten, (45)m til merkestein, og så mot nordvest (18)m til merkestein, og vidare til veg nr. 17. Vegbreidda kan vere 3 m.

Veggrunnen er privateige for dei bruka som han ligg på.

18. Veg frå veg nr. 1 til gnr. 21, bnr. 59, Ressheim. Eigaren avbnr. 59 skal ha rett til å fare etter den vegen som bruket hans har brukt før gjennom tunet på gnr. 21. bnr. 11, og gjennom tunet på gnr. 26, bnr. 2.

Veggrunnen høyrer til dei to bruka innanfor grensene deira.

Vegen er teikna inn på kartet.

Kartverket Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

19. Veg frå veg nr. 1 til bnr. 37, Myrstad. Eigaren av bnr. 37 skal ha rett til å bruke den vegen som er innteikna på kartet der. Han skal halde istand vegen sjølv. Noko av veggrunnen høyrer til gnr. 21, bnr. 3, og noko høyrer til gnr. 21, bnr. 13, sjå kartet.

20. Sjøveg for gnr. 21, bnr. 56,57 og 60. Dei bruka skal ha rett til å bruke den sjøvegen som går over bnr. 56 - 59 til Soløyvågen. Vegen er innteikna på kartet, og nordanfor merke nr. 783 i grense nr. 103 er han merkt slik i marka: Mot nordvest (22)m til kross i berg, så mot vest til nord (38)m til kross i jordfast stein, så litt meir mot nord (54)m til kross i berg, så mot nordvest (81)m til merkestein, så mot nord til vest (41)m til kross i berg, og så mot vest til nord (58)m til merke nr. 1061 i grensa for naustområdet. Deretter går vegen langsmed den søre kanten av dette området,men utanfor det, til han når nausttomta åt bnr. 57. Vegen er ikkje merkt på innmarka. Veggrunnen høyrer til dei bruka som han ligg på.

21. Veg frå veg nr. 1, over gnr. 26, bnr. 3 og bnr. 2 til gnr. 21, bnr. 35 i Vikane. Vegen skal vere til bruk for gnr. 21, bnr. 25 og bnr. 35, og gnr. 26, bnr. 2.

Dei partane som skal bruke vegen, skal halde han istand etter desse høvestala på kvar av dei: Gnr. 21, bnr. 25 = 5, gnr. 21, bnr. 35 = 3, og gnr. 26, bnr. 2 = 2 partar av arbeidet eller kostnaden. Dei same partane skal ha rett til å gjere vegen betre enn han er no,og kvar av dei skal,om så er, vere med i det arbeidet med partar som svarar til dei same høvestala. Sidan det er terrengvanskar langsmed vegen, skal dei rå over ei grunnstrimle som er 5 m brei til vegen. Grunnen høyrer elles til dei bruka som han ligg på.

Kartverket
Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

Veggrunnen er innteikna på kartet. Han ligg inntil og på sørsida av noko av grense nr. 65, og på sørsida av ein lut av grense nr. 66 til merke nr. 568. Der går han over grensa og held fram langsmed nordsida til han når i teigen åt gnr. 21, bnr. 35.

Gnr. 28, bnr. 9 skal ha rett til å bruke vegen utan å vere med på arbeid eller vedlikehald.

23. Bnr. 24 på Male, Eigar Ole J.Malø, skal ha rett til ein 3 m brei veg over grustaket søranfor Tipphaugen, frå veg nr. 7 til teigen hans austanfor grustaket. Vegen er teikna inn på kartet. Grunnen høyrer til sameigarane i grustaket.

24. Gnr. 21, bnr. 3, eigar Steffen Male, skal ha rett til ein 3 m brei veg frå veg nr. 1 i Vikane og langsmed leira i Solyøvågen til det stykket som bnr. 3, littera H, har der.

25. Naustveg for gnr. 21, bnr. 19, Utheim, bnr. 27, Nygård, og bnr. 50, Myrbø. Vegen er innteikna på kartet, og han er merkt i marka. Den austre kanten på vegen går slik: Frå merke nr. 951 i grense nr. 128 (32)m mot nord til aust til kross i berg, så (38)m i omtrent same lei til kross i berg, så (31)m i omtrent same lei til kross i berg, så mot nord til aust (41)m til kross i berg, så (120)m mot nord til kross i berg, så mot nord til aust (19)m til merke nr. 1040 i grensa for området for nausttomtene. Derifrå går vegen først mot nord og så mot vest til han når tomta åt bnr. 50.

Bnr. 27 skal kome inn på denne vegen etter ein sideveg frå veg nr. 15. Han går siktebein mot nordvest over grense nr. 126 og til kross i berg (33)m ifrå den grensa, deretter i same sikteline (39)m til kross i berg, og vidare (18)m til veg nr. 25.

Begge desse vegane skal ha rett til 3 m brei veggrunn, og kven som vil av brukarane skal ha rett til å vøle vegane etter

Kartverket Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

eige ynskje. Grunnen høyrer til dei bruka som han ligg på.

26. Veg frå veg nr. 13 og over innmarka på bnr. 50 til Utheim, bnr. 19. Vegen skal liggje på austsida av grense nr. 127, og inn til den grensa. Eigaren av bnr. 19 skal ha rett til å gjere vegen 3 m brei.

27. Gnr. 21, bnr. 3, Steffen Male, skal ha rett til veg frå veg nr. 5 til den nausttomta som bruket har fått i dette skiftet på bnr. 22, Myrset. Han skal ta av frå veg nr. 5 i nærleiken av merke nr. 379 i grense nr. 52 og gå mot nordaust det et høver best.

28. Veg frå veg nr. 4 til gnr. 21, bnr. 15,16 og 39. Eigaren av dei 3 bruka, Anny Margot Male, og eigaren avgnr. 21, bnr. 28, Birger Åsbø, har gjort eit makeskifte i jord slik at den første har fått ei 3,5 m brei grunnstrimle for veg åt bruka sine, medan bnr. 28 istaden har fått vederlag for den grunnen i lottinga.

Veggrunnen tek til ved veg nr. 4, og nedetter derifrå ligg noko av han på vestsida/av og innåt grensa mot innmarka, og resten ligg innåt og på vestsida av grense nr. 37.

29. Eigaren av gnr. 21, bnr. 49, Martin Ansgar Myren, skal ha rett til å lage seg ei 3 m brei oppkøyrsle til teigen sin frå veg nr. 8 og langsmed sørsida og attåt grense nr. 73 på teigen åt bnr. 50. Han skal svinge inn på sin eigen teig austanfor merke nr. 611.

Om vegsjefar og anna.

Vegsjefen skal syte for å setje igang arbeidet på den vegen som han er sjef for. Han skal på førehand dryfte med dei arbeidspliktige om kva tid som høver best for arbeidet o.s.b., og han må sjølvsagt rette seg noko etter kva dei meiner om ymse ting, men han skal ta mest omsyn til å få vegarbeidet unnagjort

Kartverket
Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

på den tida som er etla på kvar veg. Vegsjefen skal føre liste eller bok over kor mykje kvar arbeidspliktig er med på arbeidet. Dersom nokon arbeidspliktig ikkje møter etter at vegsjefen har sagt han til med ein mann til vitne, kan vegsjefen leige folk på hans kostnad og drive inn betalinga hos den som utan grunn held seg ifrå vegarbeidet.

Det er føresetnaden at lotteigarane skal søkje offentleg stønad til veg nr. 7,8,9 og 10, Synnvadvegen,Svartholvegen,Sandstølvegen og Ruggbogvegen, og vegsjefane må då vere mellommenn mellom lotteigarane og den offentlege styregreina som, om så er, kjem til å gi slik stønad.

Når dei 4 vegane som er nemnde,er ferdige,skal vegsjefane rekne ihop kostnaden for alle dei og jamne han ut under eitt for alle dei arbeidspliktige etter dei høvestala som kvar av dei har på sin veg. På den måten får ein då jamne ut ulikskapen som kjem av lettare eller tyngre terreng for arbeidet,stuttare eller lengre veg for gruskøyring o.s.b.

Når vegane er ferdige,kan lotteigarane stykkedele dei i samsvar med høvestala for vedlikehaldet for sidan å halde istand kvar sine stykke, men dersom fleire vil slå ihop stykka sine for sams vedlikehald,eller dersom alle vil ha sams vedlikehald, skal det vere høve til det. Vegsjefane skal også ha tilsyn med vedlikehaldet anten det ~~dét~~ vert sams eller det vert stykkedelt, og dersom nokon ikkje vil rette på dei skavankane som vegsjefen finn grunn til å peike på, skal vegsjefen ha rett til å leige folk til å setje istand vegen på kostnaden åt den som let det vere. Av omsyn til dette skal det vere ein vegsjef for kvar av dei 4 vegane også etter at vegane er bygt ferdige.

Vegsjefen skal stå i tenesta i 5 år kvar gong. Når tenesttida er ute, eller vegsjefen fell ifrå av annan grunn,skal dei som har arbeidsplikt på vegen velje ny sjef. Den vegsjefen som

Kartverket Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

har tent ut tida si,har rett til å nekte attval for den neste femårsbolken.

Grustak.

Av omsyn til dei mange vegane i skiftefeltet har jordskifteretten lotta ut eit sams grustak for alle bruka som har arbeidsplikt og vedlikehald på veg.

Grustaket ligg i sør for Tipphaugen,og det er ringa inne av noko av grense nr. 1,noko av grense nr. 2,heile grense nr. 3, noko av grense nr. 20,og av heile grense nr. 24. Veg nr. 7 går over den søre delen av dette området,og det skal ikkje køyrast grus ifrå veggrunnen.

Hittil er det dei såkalla sjølveigarbruka som har ått grunnen på det stykket som heretter skal vere grustak,nemleg gnr. 20,bnr. 1,3,4 og 5 og gnr. 21, bnr. 9,10,21 og 34, og dei har fått vederlag for grunnen i lottinga,men dei skal ha betaling for grusen i pengar.

Alle dei gamle eigarane så nær som eigaren av gnr. 20, bnr. 1 og 5, Bendik Malefeten, skreiv den 14.april 1950 under ein kjøpekontrakt som gav Hustad kommune rett til å ta grus på 2 da på eller ved dette området, og måling i marka i november iår synte at kommunen til då hadde teke bort grusen på 1 da. Kommunen har såleis rett til framleies å ta ut grus på 1 da, og til det er det etla eit stykke som er avgrensa slik: I sør støyter det til noko av grense nr. 24, i nordvest til vegen åt kommunen si grushole, og i aust støyter det til ei bein line som går nordetter frå grense nr. 24 til den ~~MXEXXEGEN~~ same vegen. Den lina er merkt med ein grensestein som står 0,2 m nordanfor grense nr. 24, og med ein grensestein som står 52 m lengre mot nord. Hustad kommune har ingen rett til å ta ut grus utanfor grensene åt stykket.

Netto areal grustak er ..... 24 da

Går ifrå til Hustad kommune ..... 1 "

Kartverket
Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

Rest 23 da.

Verdien av grusen vart etter jordskifteretten sitt skjønn sett til kr. 300,- pr. dekar, og for grusen på heile dette området = kr. 6900,00

Ved skjønn fann jordskifteretten elles/at kvar lotteigar samrøystes skal betale ein så stor lut av denne sumen som han har fått høvestal til for vedlikehaldet av vegane.

Dei gamle eigarane skal då bere sjølv:

Gnr. 20,	bnr. 1,	Bendik Malefeten	kr.	231,00
" 20,	" 3,	Erik Mathias Malefeten	"	177,00
" 20,	" 4,	Erik Mathias Malefeten	"	340,00
" 20,	" 5,	Bendik Malefeten	"	249,00
" 21,	" 9,	Sverre Male	"	181,00
" 21,	" 10,	Peder Sigvart Male	"	147,00
" 21,	" 21,	Olette og Trygve Male	"	193,00
" 21,	" 34,	Markus J.Male	"	174,00
			Kr.	1692,00

Dei gamle eigarane skal deretter ha hos sameigarane i grustaket kr. 6900,00 ÷ kr. 1692,00 = kr. 5208,00, og av dei pengane skal desse betale:

Gnr. 20,	bnr. 2,	Ludvik Skutholm	kr.	139,00
" 21,	" 1,	Anna og Edvard Heimen	"	339,00
" 21,	" 2,	Anders A.Hagen	"	64,00
" 21,	" 3,	Steffen Male	"	559,00
" 21,	" 4,	Johan Haugnes	"	22,00
" 21,	" 5,	Johan Haugnes	"	47,00
" 21,	" 6,	Steinar Male	"	371,00
" 21,	" 7,	Anders O.Male	"	306,00
" 21,	" 8,	Paul I.Male	"	315,00
" 21,	" 14,	Anders O.Remmen	"	30,00
		Før over	kr.	2192,00

Kartverket
Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

		Overført	kr. 2192,00
Gnr. 21,	bnr. 15,16 og 39,	Anny Margot Male	" 39,00
" 21,	" 17,	Anders O.Hagen	" 77,00
" 21,	" 20,	Alma T.Male	" 26,00
" 21,	" 22,	Hans K.Male	" 13,00
" 21,	" 23,	Hans H.Male	" 86,00
" 21,	" 24,	Ole J.Male	" 50,00
" 21,	" 26,	John Skutholm	" 43,00
" 21,	" 28,	Birger Åsbø	" 81,00
" 21,	" 31 og 32,	Oskar Haugnes	" 41,00
" 21,	" 35,	Johan Haugnes	" 467,00
" 21,	" 36,	Paul E.B.Male	" 221,00
" 21,	" 38,	Ivar I.Bjørsnøs	" 31,00
" 21,	" 41,	Ingeborg Lindset	" 214,00
" 21,	" 42,	Martin Male	" 52,00
" 21,	" 44,	Laurits Hagen	" 35,00
" 21,	" 45,	Kristine E.Male	" 34,00
" 21,	" 48,	Hans Myren	" 95,00
" 21,	" 49,	Martin Ansgar Myren	" 75,00
" 21,	" 50,	Jørgen Myrbø	" 83,00
" 21,	" 51,	Sigurd Stranden	" 41,00
" 21,	" 52,	Jonas Stranden	" 39,00
" 21,	" 53,	Oskar J.Stranden	" 46,00
" 21,	" 54,	Rafael O.Sjåholm	" 49,00
" 21,	" 55,	Olav L.Hagen	" 128,00
" 21,	" 56,	Johan O.Remmen	" 68,00
" 21,	" 57,	Tomas O.Remmen	" 46,00
" 21,	" 58,	Ole P.Vikene	" 41,00
" 21,	" 59,	Trygve P.Vikene	" 39,00
" 21,	" 60,	Alfred Fr.Vikene	" 22,00
		Før over	kr. 4474,00

Kartverket
Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

	Overført	kr. 4474,00
Gnr. 21, bnr. 62, Martin Myrbø	"	13,00
" 21, " 63, Sigfred Nerland	"	30,00
" 21, " 64, Asbjørn Eliassen	"	17,00
" 21, " 71, Sigurd Lindset	"	51,00
" 21, det bruket som Hustad kommune oreig-		
na i 1954 til bate for Fredrik O.Myren	"	43,00
Gnr. 26, bnr. 1, Øyvind Brennholm	"	66,00
" 26, " 2, Konrad Vikene	"	26,00
" 26, " 3, Emil E.Vikene	"	49,00
" 26, " 4, Ludvik Hagen	"	34,00
" 26, " 5, Bjarne Heimgård	"	16,00
" 26, " 6, Olav Nygård	"	83,00
" 26, " 7, Oluffa Nerland	"	34,00
" 26, " 8, Peder J.Lervik	"	36,00
" 26, " 9, Hermann P.Grønnevik	"	8,00
" 26, " 11, Johan T.Vikene	"	33,00
" 26, " 12, Trygve P.Vikene	"	32,00
" 26, " 13, Lars S.Viken	"	29,00
" 26, " 15, Olav T.Vikene	"	8,00
" 26, " 16, Johan N.Solheim	"	33,00
Gnr. 27, bnr. 1, Anton B.Skutholm	"	32,00
" 27, " 2, Anton B.Skutholm	"	21,00
" 27, " 5, Harald Gammelsæter	"	28,00
" 28, " 9, Ole tomassen	"	12,00
	kr.	5208,00

Det som kvar av dei gamle eigarane skal ha ialt hos dei nye sameigarane i grustaket er:

Gnr. 20, bnr. 1 og 5, Bendik Malefeten	kr.	1041,00
" 20, " 3 og 4, Erik Mathias Malefeten	"	1041,00
Før over	kr.	2082,00

Kartverket Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

	Overført	kr. 2082,00
Gnr. 21, bnr. 9, Sverre Male	"	684,00
" 21, " 10, Peder Sigvart Male	"	879,00
" 21, " 21, Olette og Trygve Male	"	879,00
" 21, " 34, Markus J.Male	"	684,00
	Kr.	5208,00

Det kan ikkje takast grus til dei offentlege vegane, veg nr. 1 - 4, i det grustaket som lotteigarane skal betale for etter utrekninga ovanfor, og heller ikkje til veg nr. 6.

Idrettsplass.

Ved kontrakt av 29.desember 1948 fekk Male og Hustad idrettslag leige ein idrettsplass på 99 år av dei såkalla sjølveigarbruka, og leiga skulle vere kr. 20,00 for året. Idrettsplassen er heile det området som ~~xx~~ støyter til noko av grense nr. 1, den austre kanten på Synnvadvegen, i vest, og som elles er ringa inne av grense nr. 2.

Male og Hustad idrettslag skal heretter kvart år innan den 1. august betale slik leige til kvar av desse eigarane:

Til gnr. 20, bnr. 1, Bendik Malefeten	kr.	2,10
" " 20, " 5, Bendik Malefeten	"	1,90
" " 20, " 3, Erik Mathias Malefeten	"	1,30
" " 20, " 4, Erik Mathias Malefeten	"	2,70
" " 21, " 9, Sverre Male	"	2,60
" " 21, " 10, Peder Sigvart Male	"	3,40
" " 21, " 21, Olette og Trygve Male	"	3,40
" " 21, " 34, Markus J.Male	"	2,60
	Kr.	20,00

Om betaling for bartreplanter o.m.

Eigaren av gnr. 20, bnr. 1, Bendik Malefeten, skal betale til desse eigarane av dei andre sjølveigarbruka for utlegg

Kartverket
Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

som dei har hatt til barskogplanter på det stykket som er lotta åt han i Malunden:

Til Erik Mathias Malefeten	kr.	6,51
" Sverre Male	"	4,27
" Peder Sigvart Male	"	5,50
" Olette og Trygve Male	"	5,49
" Markus J.Male	"	4,27
	Kr.	26,04

Alle dei gamle eigarane skal ha rett til å hogge ilag lauvskogen i Malunden og i Skjøljarhaugen for å dele han seg imellom etterpå. Dette skal gjelde i 2 år etter at jordskiftet tek til å gjelde. Den skogen som ikkje er hoggen og teken derifrå når den tida er ute, skal høyre til dei nye grunneigarane på dei to stadene.

Om betaling for eldre beiterettar og brenntorv i Vikane.

I det jordskiftet som prokurator Blakstad styrde på Male i 1825, fekk desse mennene frå Vikane rett til beite for ei eller fleire kyr kvar, og rett til å spa brenntorv til eige husbruk imot ei viss betaling for kvart år:

1. Bendik Bendiksen Wigene skulle betale 3 ort for 3 kubeite og torv.
2. Christopher Hansen -"- -"- 4 " " 4 -"- og torv.
3. Tore Torsen ..... -"- -"- 2 " " 2 -"- og torv.
4. Knud Olsen ..... -"- -"- 2 " " 2 -"- og torv.
5. Steffen Sæmundsen ..... -"- -"- 3 " " 3 -"- og torv
6. Tron Olsen ..... -"- -"- 1 " 12 sk. for 1

Kartverket Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

kubeite og torv.

7, Ole Olsen skulle betale 2 ort for 2 kubeite og torv.
8. Jakob Jakobsen -"- -"- 2 " " 2 -"- " -"-
9. Peder Paulsen -"- -"- 4 " " 4 -"- " -"-
10. Ole Olsen -"- -"- 4 " " 4 -"- " -"-
11. Knud Eriksen -"- -"- 3 " " 3 -"- " -"-
12. John Steffensen -"- -"- 2 " " 2 -"- " -"-
13. Lars Larsen Wigene -"- 1 " 12 sk. for 1 kubeite og torv.
14. Sæmund Jørgensen -"- -"- 2 " for 2 kubeite og torv.

I dette skiftet har ein lotta ut serskilde stykke til grunneigedom istaden for dei gamle beiterettane,og elles har bruksretteigarane fått rett til å spa ut brenntorven på kvar sine stykke. Det er då teke omsyn til at nokre av dei gamle beiterettane har vorte delte i 2 eller 3 rettar etter 1825, og til at 2 av dei gamle rettane er slegne ihop til ein.

Dei bruka garden på Male som har ytt bruksrettane,skal no ha betaling ein gong for alltid for dei,og ved skjønn fann jordskifteretten samrøystes at dei som no har fått avløysing, skal betale dei sumane som vert nemnde nedanfor. Betalinga vert der nemnt i den same rekkefylgjen som kubeita er nemnde ovanfor:

1. Gnr. 26, bnr. 3, Emil E.Vikene ..... kr. 80,00
2. Rettane er delt mellom desse 3:
Gnr. 26, bnr. 2, Konrad Vikene ..... " 42,00
" 26, " 13, Lars S.Viken ..... " 45,00
" 28, " 9, Ole Tomassen ..... " 20,00
3. " 26, " 4, Ludvik L.Hagen ..... " 53,50
4 og 5, gnr. 26,bnr. 6, Olav Nygård ..... " 133,00
6. Rettane er delt mellom desse 2:
Gnr. 26, bnr. 9, Hermann P.Grønnevik ..... " 20,00
" 26, " 15, Ole Tomassen Vikan ..... " 20,00

Før over kr.413,50

Kartverket
Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

Overført kr. 413,50

7. Gnr. 26, bnr. 11, Johan E.T.Vikan ..... " 53,50

8. " 26, " 12, Trygve P.Vikene ..... " 53,50

9. Rettane er delt mellom desse 2:

Gnr. 26, bnr. 8, Peder J.Lervik ..... " 53,50

" 26, bnr.16, Johan N.Solheim ..... " 53,50

10. " 26, " 1, Øyvind Brennholm ..... " 107,00

11. Rettane er delt mellom desse 2:

Gnr. 27, bnr. 2, Anton B.Skutholm ..... " 34,00

" 27, " 5, Harald Gammelsæter ..... " 36,00

12. " 27, " 1, Anton B.Skutholm ..... " 53,50

13. " 26, " 5, Bjarne Heimgård ..... " 40,00

14, " 26, " 7, Oluffa Nerland ..... " 53,50

Kr. 971,50

Desse bruka på Male skal ha slike partar av den eingongsbetalinga som er innskriva ovanfor:

Bnr. 1, Anna og Edvard Heimen .....kr. 121,44

" 3, Steffen Male ..... " 92,90

" 6, Steinar Male ..... " 121,44

" 7, Anders O.Male ..... " 121,44

" 8, Paul I.Male ..... " 60,72

" 9, Sverre Male ..... " 79,69

" 10, Peder Sigvart Male ..... " 102,46

" 21, Olette og Trygve Male ..... " 102,46

" 34, Markus J.Male ..... " 79,69

" 35, Johan Haugnes ..... " 60,72

" 36, Paul E.B.Male ..... " 28,54

Kr. 971,50

Eingongsbetaling for andre beiterettar,og betaling for eit grunnstykke.

1. Gnr. 21, bnr. 20, Myrvang, eigar Alma T.Male,har etter hei-

Kartverket Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

melspapira sine hatt rett til å beite buskapen sin for kr.0,40 pr. ku og år i utmarka åt bnr. 10. Istaden for denne beiteretten har bnr. 20 fått ein teig til full eigedom i dette skiftet, og Alma T.Male skal derfor betale ein gong for alltid kr. 30,- til eigaren av bnr. 10, Peder Sigvart Male.

2. Gnr. 21, bnr. 26, Einset, eigar John Skutholm, har etter heimelspapira sine hatt rett til å beite kyrne sine i utmarka åt bnr. 1 for kr. 0,40 pr. ku og år. Istaden for denne beiteretten har bnr. 26 fått ein teig til full eigedom i dette skiftefeltet, og John Skutholm skal derfor betale ein gong for alltid kr. 30,- til eigarane av bnr. 1, Anna og Edvard Heimen.
3. Gnr. 21, bnr. 13, eigar Johannes Aure, hadde ikkje krav på noko av skiftefeltet utanfor grensene sine, men sidan det bruket hadde støypt ein vasskum på utmarka åt bnr. 3, eigar Steffen Male,gjekk han med på å gi bnr. 13 så mykje grunn av kartfigur nr. 1514[a] at det heretter kan ha kummen på si eigen eigedom. Føresetnaden var då at Johannes Aure skulle betale for tillegget etter takst av jordskifteretten.

Etter dette fekk då bnr. 13 eit tillegg imellom den gamle grensa si og ein lut av grense nr. 100 i sørvest for tunet. Tillegget er så lite at ein fann ikkje grunn til å halde skyldeling.

Jordskifteretten fann at Johannes Aure skal betale kr. 40,- til Steffen Male for dette grunnstykket.

Om betaling for tilleggsjord.

Dei bruka som vart oreigna frå gnr. 21 i 1942, bnr. 48 - 59, og det bruket som Hustad kommune oreigna frå gnr. 21 i 1954, til bate for Fredrik O.Myren, har fått tilleggsjord i lottinga i samsvar med oreigningspapire sine. Jordskifteretten har gjennom skjønn samrøystes funne at eigarane av dei oreigna bruka

Kartverket
Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

skal betale tilleggsjorda med kr. 30,00 pr. da boniteringsverdi. Det er då rekna med grad 2 for den grunnen som eigaren får brenntorv på,og med grad 10 for den grunnen som annan eigar har fått rett til å spa brenntorv på.

Etter dette skal eigarane av dei bruka som er oreigna betale for tilleggsjorda si:

Bnr.	48,Myren søndre,	eigar	Hans H.Myren	kr. 480,00
"	50,Myrbø,	-"-	Jørgen Myrbø	" 475,00
"	49,Myren nordre,	-"-	Martin Ansgar Myren	" 710,00
"	51,Strandagjerdet,	-"-	Sigurd H.Stranden	" 500,00
"	52,Strandahaugen,	-"-	Jonas H.Stranden	" 550,00
"	53,Stranden,	-"-	Oskar J.Stranden	" 490,00
"	54,Sjåholm,	-"-	Rafael O.Sjåholm	" 670,00
"	55,Nergård,	-"-	Olav L.Hagen	" 1000,00
"	56,Remmen østre,	-"-	Johan O,Remmen	" 555,00
"	57,Remmen vestre,	-"-	Tomas O.Remmen	" 425,00
"	58,Solbu,	-"-	Ole P.Vikene	" 320,00
"	59,Ressheim,	-"-	Trygve P.Vikene	" 320,00
Fredrik O.Myren sitt bruk,Hustad kommune				" 750,00
			For tilleggsjord ialt	kr.7245,00

Eigarane av desse bruka på Male skal ha slike partar av betalinga for tilleggsjorda:

Bnr.	1, Anna og Edvard Heimen	kr.	1270,10
"	3, Steffen Male	"	1724,10
"	6, Steinar Male	"	513,15
"	8, Paul I Male	"	1685,04
"	35, Johan Haugnes	"	2052,61
		Kr.	7245,00

Om betaling for brenntorv.

Dei bruka som har fått tilleggsjord,har også fått brenntorv i samsvar med oreigningspapira sine. Likeeins har gnr. 21,

Kartverket Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

bnr. 60 fått brenntorv som det skal betale for, og eigaren av gnr. 21, bnr. 3 skal betale for den brenntorven som han har fått rådvelde over på nr. 6 av dei teigane som han har fått i lottinga.

Jordskifteretten har ved skjønn samrøystes funne at dei som vert nemnde nedanfor skal betale slike summar for den brenntorven som dei har fått:

Gnr. 21,	bnr. 48,	Hans H.Myren	kr.	300,00
" 21,	" 49,	Martin Ansgar Myren	"	390,00
" 21,	" 50,	Jørgen Myrbø	"	200,00
" 21,	" 51,	Sigurd H.Stranden	"	300,00
" 21,	" 52,	Jonas H.Stranden	"	440,00
" 21,	" 53,	Oskar J.Stranden	"	350,00
" 21,	" 54,	Rafael O.Sjåholm	"	750,00
" 21,	" 55,	Olav L.Hagen	"	220,00
" 21,	" 56,	Johan O.Remmen	"	210,00
" 21,	" 57,	Tomas O.Remmen	"	260,00
" 21,	" 58,	Ole P.Vikene	"	300,00
" 21,	" 59,	Trygve P.Vikene	"	180,00
" 21,	" 60,	Alfred Fr.Vikene	"	270,00
" 21,	" 3,	Steffen Male	"	450,00
Hustad kommune for bruket hans Fredrik O.Myren				750,00
			Kr.	5370,00

Rekneskapen for brenntorven syner at eigarane av dei bruka som vert nemnde nedanfor skal ha kvar sine partar av denne betalinga. Dei same bruka har fått noko grunneigedom istaden for brenntorv, og etter at kvart av dei har betalt grunnen med like stor torvmasse pr. ar boniteringsverdi, skal kvar eigar ha slike partar av sumen ovanfor:

Gnr. 21,	bnr. 6,	Steinar Male	kr.	1976,00
" 21,	" 7,	Anders O.Male	"	1734,00
		Før over	kr.	3530,00

Kartverket
Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

	Overført	kr. 3530,00
Gnr. 21, bnr. 9, Sverre Male	"	873,00
" 21, " 34, Markus J.Male	"	787,00
		Kr. 5370,00

Om betalinga for plassebruket hans Fredrik O.Myrem.

I høve av at Hustad kommune hadde fått løyve til å oreigne plassebruket hans Fredrik O.Myren,og etter krav frå kommunen, heldt jordskifteretten turvande skjønn den 14.juni 1955. Jordskifteretten fann då at ifall kommunen ville løyse inn bruket, skulle betalinga vere kr. 1500,00 for innmarka med beite etter skyld, og nausttomt.

Desse bruka på gnr. 21, Male, skal ha slike partar av dei pengane:

Bnr. 1, Anna og Edvard Heimen	kr.	187,50
" 3, Steffen Male	"	143,49
" 6, Steinar Male	"	187,50
" 7, Anders O.Male	"	187,50
" 8, Paul I.Male	"	93,75
" 9, Sverre Male	"	123,05
" 10, Peder Sigvart Male	"	158,20
" 21, Olette og Trygve Male	"	158,20
" 34, Markus J.Male	"	123,05
" 35, Johan Haugnes	"	93,75
" 36, Paul E.B.Male	"	44,01
		Kr. 1500,00

Om gamle moldrettar.

Sidan alle bruk i dette skiftefeltet no har fått sine partar av heile grunnverdien etter skyld,skjønn eller slik som dei hadde grunneigedom før,fann jordskifteretten samrøystes at dei

Kartverket Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

rettane som einskilde bruk har hatt til å spa mold til gjødselblanding eller anna føremål på andre bruk, skal falle bort frå den tid jordskiftet tek til å gjelde. Retten meiner at alle bruk no har så mykje som dei treng av slik mold innanfor sine eigne grenser.

Om rett til å turke fisk.

Då gnr. 21, bnr. 22, Myrset, vart skylddelt ifrå bnr. 3, tok eigaren av det bruket som vart delt, unna at gnr. 21, bnr. 3 skulle ha rett til å turke opp til 2000 stykke fisk på berga på bnr. 22.

Den retten er urøyvd av dette skiftet.

Om tangrettar.

Etter P.A.Brennholm si avskrift av rettsboka for det jordskiftet som prokurator Blakstad styrde, vart det gitt slike tangrettar den 9.juni 1825:

"Retten derefter tillagde Leilænding Ingebrigt Ingebrigtsen Gammelsæthers brugende Jordskyld Tanglandet frå Heimgårdspladsen i Wigene og nordefter til Skudsanden, og Leilænding Ole Stephensen Wenås'es Brug den/n såkaldte Skjåholme og tvende mellem denne og Landet liggende omflødte Holme og endelig på vestre Side af disse Holme tvende Skjær. Selveierne på Mahle og Mahlefedten eier derefter Tanglandet fra bemeldte Skudesand og nordefter til lille Våg kaldet Store Jenstøe Bugten hvor der blev opsat en Steenrøs og på Berget ved samme indhugget et +. Tanglandet derfra nordefter blev tillagt Abraham Iversens Jordskyld i Mahle indtil et Sted hvor der blev opreist en Steenrøs og i Berget tet ved samme udhugget et +. Tanglandet derfra nordefter blev tillagt Torsten Olsens Brug og ved sammes nordre Side opreist en Stenrøes og ved samme

Kartverket
Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

i Berget udhugget et +. Derfra nordefter blev Tanglandet tillagt Halvor Olsens Brug og på nordre Side opreist en Steenrøes og indhugget et +. Derfra nordefter blev Tanglandet tillagt Hans Hansens Brug til Næsset hvor der er opreist en Steenrøes og indhugget et + i Berget, derfra nordefter til Bøegården blev Tanglandet tillagt Forpagter Ingebrigt Hansens Brug, tilligemed tvende udenfor sidstbeskrevne Strækning beliggende småe Holme og et lidet Skjær. Det anmærkes end videre at et i Askevågen og nordenfor det Halvor Olsens Brug tillagte Tangland beliggende Skjær blev tillagt bemeldte Halvor Olsens Brug."

Dei tangrettane som er innskrivne ovanfor, er urøyvde av dette jordskiftet.

Om leirene på Skutsanden, i Askevågen og i Haugneset.

1. Alle dei lotteigarane som skal byggje og halde istand vegane nr. 13,14,15,16 og 26 skal ha rett til å ta fyll og sand åt dei vegane frå leira på Skutsanden dersom dei ynskjer det.

   Elles skal eigaren av bnr. 3 på Male ha rett til å ta sand til eige bruk på Skutsanden.

2. Dei som har arbeidsplikt på veg nr. 5, og likeeins eigaren av bnr. 15,16 og 39 for veg nr. 28, skal ha rett til å ta fyll og sand åt dei vegane på leira i Askevågen.

   Elles skal eigaren av gnr. 21, bnr. 3 ha rett til å ta sand til eige husbruk der.

3. Gnr. 21, bnr. 4,5,22,31 og 32 skal ha rett til å ta fyll og sand åt veg nr. 5 på den leira som ligg på bnr. 4,5 og 22 i Haugneset.

   Alle rettane ovanfor skal gjelde utan omsyn til eigedomsgrensene på dei stella som det er tale om her.

Kartverket Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

Om rett til å ta ut berg.

Eigarane av gnr. 21, bnr. 1, Anna og Edvard Heimen, skal ha rett til å ta ut berg på det stykket som er merkt med nr. 636 på jordskiftekartet. Det stykket ligg no på lotten åt gnr. 21, bnr. 26, Einset, og innanfor desse grensene: I nord veg nr. 1, i aust og i sør ei grense som tek til i veg nr 1 og som går mot sør til vest og siktebein først 4 m til kross i berg,og så 67 m til kross i berg. Derifrå går grensa siktebein mot sørvest først 17 m til kross i berg, og så 22 m til Rugga. I vest støyter stykket til Rugga.

Eigarane av bnr. 1 har ikkje løyve til å ta ut berg djupare ned enn jamnt med elvekanten ved Rugga på noko stelle på stykket. Etter at dei har opna drift i bergtaket,skal dei til kvar tid halde slikt gjerde omkring det at korkje folk eller krøter kan dette ned i det.

Dersom eigarane av bnr. 1 ikkje har ~~t~~teke til med jamn drift i bergtaket innan 20 år rekna frå den tid dette jordskiftet tek til å gjelde, skal bruksretten falle bort.

Om vatn.

Dei bruka som har brunn på eigedomen åt andre bruk i ~~s~~skiftefeltet, skal ha rett til å ha brunnen sin der i framtida,og dei skal ha rett til å setje brunnen i slik stand som dei finn turvande. Likeeins skal dei ha rett til å ha liggjande gamle vassleiingar,og rett til å vøle dei. Kvar og ein skal ha forsvarleg lok på brunnen sin, eller setje forsvarleg gjerde omkring han.

Med omsyn til skadevatn viser ein til vassdragslova og til den fagkunnige hjelpa som er å få til planleggjing av grøfter og kanaler.

Kartverket
Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

157

Landslott.

Landslotten skal høyre til dei bruka som støyter til sjøen i skiftefeltet,og dei skal ha landslotten på kvar sine grunnstykke.

År 1955,den 6.desember vart Romsdal jordskifterett sett på Male, gnr. 21 i Hustad herad.

Formann i retten: Jordskiftedomar Asbjørn Sæbø.

Jordskiftemenn: 1.Feltstyrar Randulf Gjelsvik,Hustad.

2.Gardbrukar Lars Hol,Aureosen.

Alle i retten var framleies habile til å gjere tenest i den saka som ein då heldt fram med: Sak nr. 31a/1921, jordskifte i utmarka på Malefeten,Male og fleire gardar i Hustad. Saka vart utsett på uviss tid den 21.oktober 1955.

Jordskifteassistent Hans Vikhagen var tilstades.

Formannen las igjennom for jordskiftemennene alt som vart ført inn i rettsboka om denne saka etter møtet den 21.oktober, og retten fann samrøystes at alt var slik som rettsmedlemene var samde om at det skulle vere på ~~xxxxx~~ det møtet, og slik som det for mange av sakemna alt då vart sett opp på kladd.

Jordskifteretten heldt deretter slike skyldsetjingar og Skyldelingar: ----------

---

Deretter vart jordskiftet utsett til den 7.desember 1955, kl. 9.

Den 7.desember 1955,kl. 9, heldt sak nr. 31a/1921 fram med dei same mennene i jordskifteretten,og då med møte mellom retten og partane i bedehuset på Male. Møtetida og staden var gjort kjent i god tid gjennom oppslag på butikken og på posthuset i Vikane, på butikken i Askevågen, på butikken åt Heimen & Co. på

Kartverket Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

Hustad,og på bedehusveggen på Male.

Desse lotteigarane var tilstades:

Frå gnr. 20,Malefeten: Bendik I.Malefeten for bnr. 1 og 5, Erik Mathias Malefeten for bnr. 3 og 4, og Ludvik Johs. Skultholm for bnr. 2.

Frå gnr. 21, Male: Edvard Heimen for bnr. 1, Anders A. Hagen for bnr. 2, Steffen Male for bnr. 3, Johan Haugnes for bnr. 4,5 og 35, Steinar Male for bnr. 6, Anders O.Male for bnr. 7, Paul I.Male for bnr. 8, Sverre Male for bnr. 9, Peder Sigvart Male for bnr. 10, Anders O.Remmen for bnr. 14, Steffen Male for Anny Margot Male som eig bnr. 15,16 og 39, Øyvind Brennholm for bnr. 18, Jørgen Myrvang for Alma T.Torsteinsdotter som eig bnr. 20, Trygve Male for bnr. 21, Hans K.Male for bnr. 22, John Skutholm for bnr. 26, Bernhard Åsbø for sonen Birger Åsbø som eig bnr. 28, Olav A.Nygård for Jørgen A.Nygård som eig bnr. 29, Oskar A.Haugnes for bnr. 31 og 32, Ingebrigt Nyheim for Ellen Nyheim som eig bnr. 33, Markus J.Male for bnr. 34, Paul E.B.Male for bnr. 36, August Myrstad (Grønnevik) for Oskar Lars Johan Myrstad som eig bnr. 37, Sigurd Lindset for Ingeborg Lindset som eig bnr. 41, Laurits Hagen for bnr. 44, Hans H.Myren for bnr. 48, Martin Ansgar Myren for bnr. 49, Jørgen Myrbø for bnr. 50, Jonas Stranden for bnr. 52, Ole P.Vikene for bnr. 58, Trygve P.Vikene for bnr. 59, Sigurd Lindset for bnr. 70, og Leander Johansen som møtte med fullmakt frå Hustad kommune for det bruket som vart oreigna i 1954. Dei andre som møtte for bruk som dei ikkje eig sjølv,hadde ikkje med fullmakt.

For bnr. 11-13,17,19,23-25, 27,38,42,45,51,53-57,60, 62-64 og 69 møtte ingen.

Frå gnr. 26,Brennholmen møtte: Øyvind Brennholm for bnr. 1, Emil Eriksen for bnr. 3, Bjarne Heimgård for bnr. 5, Olav

Kartverket
Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

Nygård for bnr. 6, Hermann P.Grønnevik for bnr. 9, Johan T.J. Vikene for bnr. 11, Trygve P.Vikene for bnr. 12, Johan N.Solheim for bnr. 16.

For bnr. 2,4,7,8,13 og 15 møtte ingen.

Frå gnr. 27,Skutholmen, møtte: Anton B.Skutholm for bnr. 1 og 2, For bnr. 5 møtte ingen.

Frå gnr. 28,bnr. 9, Sundet,møtte Ole Tomassen

Frå grannegardane Hustad,Venås og frå Sundet,utanom bnr. 9, møtte ingen.

Formannen sa ifrå om at alle som ikkje hadde fått kjennskap til dei nye grenselinene eller lottane sine, då hadde høve til å få rettleiing om det. Nokre få nytta det høvet.

Etter at alle som ynskte det,såleis hadde fått kjennskap til grenselinene og lottane sine,og ein elles hadde tala om gjerdehald i Vikane med partane derifrå, las formannen opp alt sånær som bolkane om grensene og lottinga av det som er skrive inn i rettsboka attpå møtet den 21.oktober.

Deretter spurde formannen om nokon hadde nokon merknad å gjere til rettsboka.

Bernhard Åsbø sa då ifrå om at det makeskiftet som det er tale om i samband med veg nr. 28 er ugyldigt,for det var han som møtte for eigaren av bnr. 28 i det høvet,og han møtte utan fullmakt. Han heldt fram at Birger Åsbø vil ikkje stå ved makeskiftet,og at veg nr. 28 skal bort ifrå det stellet som han er lagt på.

Johan Haugnes sa ifrå om at det er han som har betalt heile den grunnen som er kjøpt av gnr. 20,bnr. 2 til veg nr. 5.Betalinga var ei sjøhustomt på Haugneset. Johan Haugnes meinte at han derfor på ein eller annan måte må ha vederlag for at han held heile grunnen åt veg nr. 5,mellom tunet på gnr. 20,bnr. 2 og Askevågen.

Ludvik Johs.Skutholm fann det urett at bruket hans,som er

Kartverket Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

kome ifrå dei såkalla sjølveigarbruka, no skal vere med å betale for veggrus til dei bruka.

Deretter vart det gjort kjent for dei som var tilstades, at det skal vere nytt møte mellom jordskifteretten og partane på same stad den 9.desember,kl. 10.

Jordskiftet vart deretter utsett til den 8,desember,kl. 9, då retten skal arbeide vidare med saka.

Asbjørn Sæbø. Randulf Gjelsvik. Lars Hol.

Jordskifteretten heldt fram med handsaminga av sak nr. 31ª/1921 den 8.desember 1955,og hadde då føre:

Bernhard Åsbø sa på møtet den 7.desember,at eigaren av gnr. 21, bnr. 28 nektar å stå ved det makeskiftet som det er skrive om i samband med veg nr. 28. I det høvet nemner retten:

Både den grunnen som er teken unna til veg nr. 28,og den grunnen som er rekna til vederlag for den vegen,ligg på skiftefeltet. Eigaren av bnr. 15,16 og 39 treng veg til bruket sitt frå veg nr. 4. Etter § 35 i jordskiftelova ligg det til jordskifteretten å leggje ut dei vegane som trengst i skiftefeltet, og retten kan elles halde skjønn etter kapitla XII og XIII i veglova,og ta ut vegar/på eigedomar som ligg utanfor skiftefeltet,men det siste vert ikkje aktuelt i dette høvet.

Det grunnvederlaget som er rekna for veg nr. 28 ligg i ein trekant mellom grense nr. 39 og den søre grensa for bnr. 28 slik som ho var før det vart tale om makeskifte. Retten fann samrøystes ved skjønn at den trekanten gir fullt vederlag for den grunnen som går til veg nr. 28.

Samrøystes vedtak.

Eigaren til bnr. 15,16 og 39, Anny Margot Male, skal eige grunnen for veg nr. 28 slik som det er sagt ovanfor om den

Kartverket
Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

vegen, og eigaren til bnr. 28,Birger Åsbø, skal ha det grunnvederlaget som er lagt åt det bruket attmed gremse nr. 39.

Meir om veg nr. 5 og veg nr. 10.

Johan Haugnes sa på møtet den 7.desember,at for veg nr. 5 har han personleg betalt med ei sjøhustomt den grunnen som ligg mellom tunet på gnr. 20,bnr. 2, og Askevågen, og han rekna med at han hadde rett til vederlag for det.

Dersom ein held ihop det som er skrive ovanfor om veg nr. 5 og veg nr. 10,ser ein at gnr. 20,bnr. 2, gnr. 21, bnr. 2 og bnr. 17 skal lette eigarane på Haugneset for noko vegarbeid på veg nr. 10 av den grunn at dei kanskje har arbeidd i minste laget på veg nr. 5 ihoplikna med eigarane på Haugneset. Det er elles umogleg å finne ut kor mykje kvar mann har arbeidd på veg nr. 5.

For vegarbeidet på veg nr. 10 er bruka hans Johan Haugnes letta etter høvestalet 56, bruket hans Hans K.Male er letta med høvestalet 11, og Oskar Haugnes er letta etter høvestalet 33 for dei to bruka sine. Det vert ialt ein lette som svarar til høvestalet 100, eller omlag 100 m nybyggjingsarbeid på den vegen.

Jordskifteretten meiner at dette er stort nok vederlag både for den veggrunnen som Johan Haugnes meiner at han har rett til personleg,og for at dei 3 nemnde bruka har fått rett til å fare etter ein veg som dei kanskje ikkje har arbeidd nok på.

Dersom eigaren av bnr. 4,5,22,31 og 32 på Haugneset ikkje har gjort opp seg imellom for kjøpet av veggrunnen på gnr. 20, bnr. 2,må det bli deira sak å gjere opp det etter semje,eller etter rekning frå Johan Haugnes.

Kartverket Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

Om den betalinga som er likna på gnr.20, bnr. 2 for veggrus. Sjå Ludvik Johs.Skutholm sin merknad om den på møtet den 7.desember.

Jordskifteretten har idag pånytt lese igjennom skyldsetjingspapiret for gnr. 20,bnr. 2 frå 25.juli 1868. I det papiret står det at bruket skal ha eigedomsrett til hamnegang og torvskjer, og det har bruket fått.

Om båtstø for gnr. 21,bnr.17 og veg til naustet.

Då gnr. 20,bnr. 2, Askevåg, vart skyldsett i 1868, fekk kjøparen av det bruket, Tosten Bjørnsen, pålegg om å ta bort den sjøbua som då kom kom til å stå på det bruket som no er bnr. 17 på gnr. 21. Han skulle ta bort sjøbua når Ingebrigt Markusen sjølv ynskte å byggje naust eller sjøbud på tomta.

Dersom eigaren av gnr. 21, bnr. 17 kjem til å byggje naust eller sjøbud på den tomta,skal han ha rett til båtstø austanfor tomta og uhindra av grense nr. 54,som støa då kjem til å gå over mellom merka nr. 399 og 400.

Etter den same skyldsetjinga, og etter skyldsetjinga for bnr. 17 frå 1899, har det brukat naustveg på bruket Askevåg, gnr. 20, bnr. 2. I det siste papiret står det: "Endvidere skal Parsellens Eier have fri og uhindret Adgang til Båtstøen ved Torstein Bjørnsens Bådnøst,samt fri Vei derfra på det beqvemmeste Sted på hans Eiendom."

Den vegretten er urøyvd av dette skiftet.

Om gjerdehald i skiftefeltet.

Desse lotteigarane i Vikane skal setje opp og halde i istand kvar sine bolkar av eit samanhangande gjerde frå osen

Kartverket
Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

åt elva Rugga til grensa mot garden Sundet, og nedetter den grensa til Soløyvågen slik:

F², gnr. 21, bnr. 29, Jørgen Nygård, skal gjerde i grense nr. 134 frå merke nr. 986 til Rugga, og vidare langsmed den vestre kanten på Rugga så langt nordetter at krøtera vert stengde ute frå innmarka.

A³, gnr. 21, bnr. 52, Jonas Stranden, og B³, gnr. 21, bnr. 53, Oskar J.Stranden, skal halde gjerde frå merke nr. 986 i grense nr. 134 til endepunktet, merke nr. 941, i grense nr. 126. Bnr. 52 skal gjerde i den nøre halvparten, og bnr. 53 skal gjerde i den søre halvparten.

Desse gjerdebolkane kjem til å gå over marka åt gnr. 21, bnr. 3, men Steffen Male har gitt løyve til at ein kan setje gjerdet der.

D², gnr. 21, bnr. 27, Johannes Nygård, skal halde gjerde i grense nr. 129 frå merke nr. 959 til endepunktet, merke nr. 941.

Æ², gnr. 21, bnr. 50, Jørgen Myrbø, skal gjerde i heile grense nr. 130.

C³, gnr. 21, bnr. 54, Rafael O.Sjåholm, skal halde gjerde tvers over sin eigen teig langsmed vestkanten av veg nr. 13.

Z², gnr. 21, bnr. 49, Martin Ansgar Myren, skal halde gjerde over sin eigen teig langsmed vestkanten av veg nr. 13, frå gjerdet åt bnr. 54 til merke nr. 912 i grense nr. 121.

P³, gnr.21, bruket hans Fredrik O.Myren, eigar no Hustad kommune, skal halde gjerde i heile grense nr. 123, og frå den grensa langsmed nordkanten av veg nr. 1 til flatgrinda.

Y², gnr. 21, bnr. 48, Hans H.Myren, skal halde gjerde langsmed sørkanten avveg nr. 1 frå flatgrinda til Svartholvegen, og langsmed den vegen 160 m mot søraust.

Q³ og W, gnr. 26, bnr. 1 og gnr. 21, bnr. 18, Øyvind Brennholm, skal halde gjerde langsmed vestkanten på Svartholvegen frå ut-

Kartverket Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

gangspunktet for grense nr. 74 til den søre enden på gjerdet åt bnr. 48.

U^{2}, gnr. 21, bnr. 44, Laurits Hagen, skal halde gjerde i grense nr. 74, frå utgangspunktet for henne til merke nr. 617.

Ø^{2}, gnr. 21, bnr. 51, Sigurd Stranden, skal halde gjerde i grense nr. 74, frå merke nr. 617 til merke nr. 618.

U^{3}, gnr. 26, bnr. 5, Bjarne Heimgård, skal halde gjerde i grense nr. 74, frå merke nr. 618 til merke nr. 619.

Z^{3}, gnr. 26, bnr. 11, Johan T.J.Vikene, skal halde gjerde på eit 80 m langt stykke nordetter frå merke nr. 619 i grense nr. 74.

Ø^{3}, gnr. 26, bnr. 13, Lars Viken, skal halde gjerde i grense nr. 74, frå nordenden av gjerdet åt gnr. 26, bnr. 11 til merke nr. 620.

S^{3}, gnr. 26, bnr. 3, Emil Eriksen, skal halde gjerde i heile grense nr. 75, og i grense nr. 65, frå merke nr. 554 til merke nr. 555.

R^{3}, gnr. 26, bnr. 2, Konrad Vikene, skal halde gjerde i grense nr. 66 frå merke nr. 574 og over Skarhaugen til endepunktet på grensa.

F^{4}, gnr. 28, bnr. 9, Ole Tomassen, skal gjerde tvers over teigen åt gnr. 21, bnr. 35, frå merke nr. 574 i grense nr. 66 til merke nr. 646 i grense nr. 76.

Eigaren av bnr. 35, Johan Haugnes, har i jordskifteretten gitt løyve til at ein kan setje gjerdet over teigan hans.

D^{3}, gnr. 21, bnr. 55, Olav L.Hagen, skal halde gjerde i grense nr. 79, frå merke nr. 660 til endepunktet på grensa.

T^{3}, gnr. 26, bnr. 4, Ludvik L.Hagen, skal halde gjerde frå merke nr. 659 til merke nr. 660 i grense nr. 79.

B^{4}, gnr. 26, bnr. 16, Johan N.Solheim, skal halde gjerde frå utgangspunktet for grense nr. 79 til merke nr. 655 i

Kartverket
Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

den grensa.

Æ^3, gnr. 26, bnr. 12, Trygve P.Vikene, skal halde gjerde i grense nr. 79, frå merke nr. 655 til eit punkt som ligg 75 m austanfor merke nr. 656.

A^4, gnr. 26, bnr. 15, Olav Tomassen Vikan, skal halde gjerde i grense nr. 79, frå den austre enden på gjerdet åt gnr. 26, bnr. 12 til merke nr. 657.

V^3, gnr. 26, bnr. 6, Olav Nygård, skal halde gjerde i grense nr. 79,frå merke nr. 657 til merke nr. 659.

R, gnr. 21, bnr. 13, Johannes Aure, skal halde gjerde i grense nr. 100, frå utgangspunktet for den grensa til merke nr. 757. Elles skal det bruket halde gjerde langsmed vestkanten på Sandstølvegen 15 m nordetter frå utgangspunktet for grense nr. 100.

W^3, gnr. 26, bnr. 7, Oluffa Nerland, skal halde gjerde i grense nr. 100, frå vinkelstein, merke nr. 757, til merke nr. 758.

X^3, gnr. 26, bnr. 8, Peder J.Lervik, skal halde gjerde i grense nr. 100, frå merke nr. 758 til merke nr. 759.

Y^3, gnr. 26, bnr. 9, Hermann P.Grønnevik, skal halde gjerde i grense nr. 100, frå endepunktet for grense nr. 101 til merke nr. 759 i grense nr. 100.

N^2, gnr. 21, bnr. 37, Lars Myrstad, skal halde gjerde i heile grense nr. 101.

I^3, gnr. 21, bnr. 60, Alfred Fr.Vikene, skal halde gjerde i grense nr. 100, frå merke nr. 65 i grensa mot garden Sundet til merke nr. 762 i grense nr. 100.

C^4, gnr. 27, bnr. 1 og 2, Anton B.Skutholm, skal halde gjerde i grensa mot garden Sundet, frå merke nr. 65 til merke nr. 66.

E^4, gnr. 27, bnr. 5, Harald Gammelsæter, skal halde gjerde i grensa mot garden Sundet, frå merke nr. 66 til eit punkt som ligg 40 m austanfor merke nr. 67.

H^3, gnr. 21, bnr. 59, Trygve P.Vikene, skal halde gjerde i

Kartverket Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

grensa mot garden Sundet,frå eit punkt som ligg 40 m austanfor merke nr. 67 til den nøre kanten på veg nr. 1.

F3, gnr. 21, bnr. 57, Tomas O.Remmen, skal halde gjerde i grensa mot garden Sundet, frå den nøre kanten av veg nr. 1 til merke nr. 70.

E3, gnr. 21, bnr. 56, Johan O.Remmen, skal halde gjerde i grensa mot garden Sundet, frå merke nr. 70 til merke nr. 71.

G3, gnr. 21, bnr. 58, Ole P.Vikene, skal halde gjerde i grensa mot garden Sundet, frå merke nr. 71 til Soløyvågen.

Dei gjerdebolkane som er nemnde ovanfor, skal vere sette i lovfør stand innan 2 år etter at ein av dei gjerdepliktige vitnefast har varskudd dei andre gjerdepliktige om at han vil ha gjerdet oppsett.

Dersom nokon nektar å setje opp og halde istand gjerdet sitt, kan dei andre setje det opp på kostnaden åt dei som nektar. Det same gjeld vedlikehaldet.

Under normale tilhøve skulle eigarane på garden Sundet ha bore halvparten av det gjerdehaldet som ovanfor er lagt på i ein lut av grensa mellom skiftefeltet og den garden, og dersom det nokon gong vert gitt pålegg om gjerdehald i heile den grensa, må det takast omsyn til dette.

Det gjerdehaldet som er stykkedelt ovanfor, gjeld eit gjerde som kjem til å skilje innmarka i Vikane ifrå skiftefeltet elles.

Dersom nokon vil ha gjerde i grensene bruka imellom på innmarka i Vikane, vert dei synte til reglane i gjerdelova.

I resten av skiftefeltet skal kvar einskild lotteigar ha rett til å gjerde inn så mykje som han sjølv ynskjer av marka si. Dersom annan eigar får nytte av slikt gjerde,

Kartverket
Attestert kopi av dok.nr. 1956/385/60
Uthentet 2025-01-23 11:55

skal han halvere med grannen både kostnaden med å setje opp gjerdet, og kostnaden med å halde det istand, så langt som den andre har nytte av det.

Grindar.

Dersom eigarane av gnr. 21, bnr. 14 og bnr. 63 gjerder inn stykka sine, skal dei halde grind inn på kvar sitt stykke i gjerdet mot veg nr. 12.

Dersom dei stykka som er nemnde ovanfor vert innegjerde, og eigaren av gnr. 21, bnr. 3 vil bruke veg nr. 12, skal han halde grind over den vegen i grense nr. 31.

